



# Høgskolen i Bergen

## Mastergradsoppgave

MSAM613

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	11-05-2016 12:00	<b>Termin:</b>	2016 VÅR
<b>Auslutningsdato:</b>	18-05-2016 12:00	<b>Karakterform:</b>	Norsk 6-trinnsskala (A-F)
<b>SIS-kode:</b>	MSAM613 1 MØM	<b>Studiepoeng:</b>	60
<b>Eksamensform:</b>	Masteroppgave og muntlig eksamen		
<b>Intern sensor:</b>	Erlend Eidsvik		

### Student

Kandidatnr.: 302

### Informasjon fra deltaker

Jeg godkjenner avtalen om Valgt  
tilgjengeliggjøring av  
masteroppgaven min i  
BORA:



# «Come to Nepal and make a difference!»

*Volontørturisme i Nepal*

*Volunteer tourism in Nepal*

**Brita Jordanger Kirkeeide**

Master i samfunnsfagdidaktikk

Seksjon for samfunnsfag

Avdeling for lærarutdanninga

18. mai 2016



HØGSKOLEN  
I BERGEN

BERGEN UNIVERSITY COLLEGE



## **Samandrag:**

Denne masteroppgåva set sjøkjelys på det stadig meir utbreidde globale sosiale fenomenet volontørturisme («volunteer tourism»). Dette er ein kvalitativ studie, basert på to månadar med feltarbeid i Nepal hausten 2015. Gjennom intervju, deltakande observasjon og feltsamtalar, fekk eg kome nær inn på feltet eg har undersøkt. Datamaterialet frå feltarbeid i Nepal er drøfta i lys av tidlegare forsking.

Den overordna problemstillinga i denne oppgåva lyder som følgjer: *Kvifor reiser folk frå Vesten til Nepal for å vere volontørar?* Feltarbeidet avslørte at vestlege volontørar var motivert av ulike faktorar, og at volontørane si forståing av eiga rolle, samt volontørane si forståing av nepalarar, kan vere med på å forklare det sosiale fenomenet. Følgjande underproblemstillingar er difor relevante: *Kva motivasjonsfaktorar ligg til grunn for å arbeide som frivillig i Nepal? I kva grad kan volontørane si forståinga av eiga rolle bidra til å forklare at dei reiser til Nepal? I kva grad kan volontørane si forståinga av nepalarar bidra til å forklare at dei reiser til Nepal?*

Studien viser at årsakene til at folk frå Vesten reiser til Nepal for å arbeide som frivillig er komplekse og samansette. Både strukturelle forklaringar og individuelle motivasjonsfaktorar kan forklare volontørturismen i Nepal. Altruistiske, egoistiske og religiøse motivasjonsfaktorar stod fram som sentrale i mine data. Fleire av informantane i mitt utval viste til religiøse motivasjonsfaktorar som viktige, eit funn som kom noko overraskande. Utbreiinga av religiøse motivasjonar blant volontørane, viser at frivillig arbeid og religiøse motiv går hand i hand i Nepal. Denne studien viser at det religiøse aspektet er relevant for å forstå volontørturismen i Nepal, og at denne dimensjonen kan vere relevant også for framtidige analysar av fenomenet volontørturisme. Av strukturelle forklaringar på volontørturisme i Nepal, trekk denne oppgåva fram synet på «oss» og «dei andre» som sentrale. Volontørturismen i Nepal kan forståast på bakgrunn av volontørane si forståing av eiga rolle, samt volontørane si forståinga av nepalarar. Synet på eiga rolle som nokon som skal «hjelpe» nokon som er «hjelpetrengande», er grunnleggjande forståingar som ligg til grunn for volontørturisme i Nepal. Volontørane sine ynsker om å hjelpe Nepal, kan sjåast i samanheng med fattigdommen i landet og det øydeleggande jordskjelvet som ramma landet i april 2015. Nepal har blitt ein populær arena for volontørturisme, ein alternativ turisme som kan kategoriserast i krysninga mellom bistand og turisme.

## **Abstract:**

This master's thesis sheds light on the constantly more prevalent global social phenomenon known as volunteer tourism. This is a qualitative study, based on two months of field work in Nepal in the autumn of 2015. Through interviews, participating observation and field conversations, I was able to research my chosen field closely. The material resulting from the fieldwork in Nepal, is discussed in perspective of previous research.

The main research question in this thesis is as follows: *Why do people from the West travel to Nepal as volunteer tourists?* The field work revealed that Western volunteer tourists were motivated by different factors, and that the volunteer's understanding of their own role, as well as their understanding of the Nepali people, may be part of explaining the social phenomenon. The following subordinated research questions are therefore relevant: *What motivational factors drives people to work as volunteers in Nepal? To what extent is the volunteers' understanding of their own role contributing to explain their choice to travel to Nepal? To what extent is the volunteers' understanding of the Nepali people contributing to explain their choice to travel to Nepal?*

This study shows that the reasons why Western people travel to Nepal to work as volunteers are complex and compound. Both structural explanations and individual motivational factors can explain the volunteer tourism in Nepal. Altruistic, egoistical and religious motivational factors stood out as essential in my data. Several of the informants in my selection pointed at religious motivational factors as important, a finding that was rather surprising. The expansion of religious motivational factors among the volunteers shows that volunteer work and religious motives go hand in hand in Nepal. This study shows that the religious aspect is relevant to understanding volunteer tourism in Nepal, and that this dimension may be relevant for future analysis of the volunteer tourism phenomenon as well. Among structural explanations of volunteer tourism in Nepal, this thesis emphasizes the view of "us" and "the others" as central. The volunteer tourism in Nepal may be understood based on the volunteers' understanding of their own role, as well as the volunteers' understanding of the Nepali people. The view of one's role as someone who will "help" someone "in need of help" is an essential understanding behind volunteer tourism in Nepal. The volunteers' wish to help Nepal, can be viewed in coherence with the country's poverty and the destructive earthquake that afflicted the country in April, 2015. Nepal has become a popular arena for volunteer tourism, an alternative tourism that can be categorized in the intersection between aid and tourism.

**Føreord:**

Det er mykje spanande som skjer ute i den globale verda. Det er vel nettopp difor eg valte å fordjupe meg i «Globale studier» innan samfunnsfaglærarutdanninga. Utan denne fordjupinga, og utan moglegheitene den gjev til å reise ut i verda på felter arbeid, ville eg nok tenkt meg om både ein og to gongar før eg byrja på ei masteroppgåve. Etter to år på masterstudiet i samfunnsfagdidaktikk, inkludert to uforgløymelege månadar i Nepal, markerer innleveringa av denne masteroppgåva slutten på mi tid som student ved Høgskulen i Bergen.

Denne masteren har gitt meg skallebank, sveittetokter og tidvis noko redusert livskvalitet. Den har også gitt meg svært mykje glede, latter og etter kvart også meistringskjensle. Eg har møtt mange flotte menneske på vegen, og fått minner for livet. Vonleg er det dei positive tinga eg vil tenke tilbake på og hugse best frå denne tida. Vegen mot det endelege resultatet har vore ei berg- og dalbane, og utan støtte og oppmuntring underveis, hadde gjennomføringa av dette prosjektet vore vanskeleg.

Først og fremst vil eg takke rettleiaren min, Vibeke Vågenes, for oppmuntring, gode innspel og råd. Andre tilsette på samfunnsfagseksjonen ved HiB, samt medstudentar, har også kome med gode innspel gjennom seminar og samtalar. Dei innhaldsrike lunsjpausane i kantina med mine flotte medstudentar har gjort lange dagar på lesesalen levelege. Ei stor takk går til barndomsvenninne og medstudent Trude H. Nilsen, som heldt ut med meg i Nepal i to månadar. Hennar støtte, innspel og spørsmål underveis og i ettermiddag av felter arbeidet har gitt meg ei djupare forståing for fenomenet eg har undersøkt. Eg ynsker også å takke «onkel Lars» (Lars Arne Jordanger) for korrekturlesing av oppgåva. Til slutt vil eg takke alle dei positive, imøtekommende og hyggelege informantane mine. Utan dei ville dette prosjektet vore umogeleg å gjennomføre.

*Brita Jordanger Kirkeeide*

*Bergen, mai, 2016*

## Innhold

<b>1 Innleiing.....</b>	<b>5</b>
1.1 Bakgrunn for oppgåva .....	5
1.2 Avgrensing av problemstilling .....	7
1.3 Disposisjon .....	8
<b>2 Nepal som kontekst .....</b>	<b>11</b>
2.1 Mekka for frivillig arbeid .....	12
2.2 Fokus på utdanning .....	13
2.3 Turismeindustrien.....	14
2.4 Presentasjon av organisasjonane, prosjekta og volontørane.....	17
2.4.1 «Red Panther» – Ein kommersiell aktør (12 informantar) .....	17
2.4.2 Post jordskjelv -organisasjonar (4 informantar) .....	19
2.4.3 Utviklings- og bistandsorienterte organisasjonar: «Across the world» og «ABC Kveldsskule» (5 informantar) .....	21
2.4.4 Kristne organisasjonar (5 informantar) .....	21
2.4.5 Eventyr- og ekspedisjonsbyrå (2 informantar) .....	22
<b>3 Forsking og teori.....</b>	<b>23</b>
3.1 Turisme og volontørturisme .....	23
3.1.1 Volontørturisme.....	25
3.2 Strukturelle rammer.....	28
3.2.1 Forståinga av «oss» og «dei andre».....	29
3.3 Aktørorienterte forklaringar av motiv til grunn for volontørturistar .....	32
3.3.1 Altruisme eller egoisme? .....	32
3.3.2 Grabowski: Viktige motivasjonsfaktorar innan volontørturismen .....	33
3.3.3 Religiøse motiv.....	36
3.4 Kritiske perspektiv på volontørturisme .....	36
3.5 Oppsummering .....	39
<b>4 Metode .....</b>	<b>41</b>
4.1 Metode og design .....	41
4.1.1 Kvalitativ metode .....	42
4.2 Konstruksjon av data .....	43
4.2.1 Det kvalitative forskingsintervjuet .....	44
4.2.2 Feltarbeid og observasjon.....	45
4.3 Metodiske utfordringar .....	48
4.3.1 Forskarrolla .....	48
4.3.2 Gyldigheit og pålitelegheit .....	50
4.3.3 Analyse av kategoriar, metaforar og omgrep .....	51
4.3.4 «Vegen vert til medan ein går» .....	52
4.4 Etiske refleksjonar .....	53
4.5 Avsluttande kommentarar .....	54
<b>5 Presentasjon og analyse av data.....</b>	<b>55</b>
5.1 Motivasjonsfaktorar.....	55
5.1.1 Grabowski: «Primary motives for volunteer tourists» .....	56
5.1.2 Altruisme, egoisme eller religiøse motiv.....	61
5.2 Turisme vs. frivillig arbeid .....	70

5.2.1 Volontørane si forståing av eiga rolle i Nepal .....	71
5.2.2 Om å betale for å arbeide frivillig .....	73
5.3 Volontørane sitt syn på nepalarar .....	77
5.4 Skulen som arena for volontørturisme .....	79
5.4.1 Utdanning – vegen ut av fattigdom .....	79
5.4.2 Erfaringar frå klasserommet .....	80
5.4.3 Aktørar som legg til rette for volontørarbeid i skulen .....	82
5.5 Oppsummering .....	84
<b>6 Kvifor reise til Nepal for å arbeide som frivillig? .....</b>	<b>87</b>
6.1 «It feels like you are doing something good for the world» – Altruistiske motivasjonsfaktorar .....	87
6.2 «I wanted to see the world» – Egoistiske motivasjonsfaktorar .....	89
6.3 Religiøse motivasjonsfaktorar .....	92
6.3.1 «Det står jo skrive».....	92
6.3.2 «As I am in my spiritual path» .....	94
6.4 Oppsummering .....	94
<b>7 «Oss» og «dei andre».....</b>	<b>97</b>
7.1 Volontørrolla – Volontørane sitt syn på eiga rolle i Nepal .....	97
7.2 Volontørane sitt syn på nepalarar .....	100
7.3 Skulen – ein arena der synet på «oss» og «dei andre» kjem til syne .....	101
7.3.1 Utdanninga i Nepal – därleg og hjelpetrengande? .....	102
7.3.2 Vestlege volontørar – viktige og hjelsame? .....	103
7.4 Oppsummering .....	105
<b>8 Bistand + business = volontørturisme? .....</b>	<b>107</b>
8.1 Konklusjonar .....	113
<b>Kjeldeliste.....</b>	<b>116</b>

## **Figurar og foto**

Figur 1 Nepal sitt flagg	11
Figur 2 Kart over Nepal	11
Figur 3 Grabowski sin modell	34

Framsidefoto: «Landsbygda», privat foto.

Foto 2.1 Poon Hill	14
Foto 2.2 Jordskjelv	15
Foto 2.3 Taxikørar	16
Foto 2.4 Konstruksjonsarbeid	18
Foto 2.5 Hostell i Thamel	20
Foto 2.6 Himalaya	22
Foto 4.1 Raftingtur	45
Foto 4.2 Landsbygda	49
Foto 4.3 Festival	52
Foto 5.1 Fattigdom	66
Foto 5.2 Unge munkar	70
Foto 5.3 Monkey Temple	71
Foto 5.4 Tradisjonsdans	75
Foto 5.5 Klasserom	81

## 1 Innleiing

«Verda vert mindre» er eit ofte brukt utsegn i om den aukande globaliseringa vi er vitne til. Dei mange moglegheitene vi i dag har til å reise på kryss og tvers av jorda, skapar nye former for utveksling, samarbeid, bistand og turisme. *Volontørturisme* er i stor vekst over heile verda, og er blitt ei svært populær og utbreidd reiseform. Kort sagt kan vi forstå volontørturisme som ein kombinasjon av det å arbeide som frivillig (volontørarbeidar) og det å vere turist. I denne masteroppgåva skal eg sjå nærare på volontørturisme i Nepal.

### 1.1 Bakgrunn for oppgåva

Volontørturisme er eit relativt nytt forskingsfelt, og har først dei seinare åra fått merksemd innan forskingsmiljø og akademia. Forståinga av det sosiale fenomenet er splitta, og den aukande volontørturismen har både sanka heiderleg omtale og kritikk. Også innan media kan ein lese om volontørturismen, eller «volunteer tourism», der spesielt kritikarane har uttrykt skepsis kring dette fenomenet. Patrick Barkham går hardt ut når han i ein artikkel i *The Guardian* spør om unge friårsstudentar som reiser ut for å arbeide som volontør er dei nye kolonistane? Med kvass brodd framstiller han dei unge volontørane som idealistar som ynsker å «redde verda», skaffe seg ein CV som ser bra ut og samstundes nyte livet på tur i den vide og eksotiske verda.

*Buoyed by three A-levels and a place at university, Jonty and Bunty and a quarter of a million of their mates set out to save the world. First they went climbing in Kathmandu. Then they stumbled into a local school and taught English to baffled Nepalese. Fifty spliffs and a thousand emails later, they returned home with a Hindu charm and tie-dye trousers. They had lots of great stories but the world remained thoroughly unsaved. (Barkham, 2006)*

Det var nettopp kritikken som vekte interessa mi kring volontørturisme og volontørturisten sin agenda. Det var kritikken som gjorde meg interessert i å finne ut meir om dette sosiale fenomenet. Samtidig såg eg fleire gode grunnar til å setje søkjelys på akkurat dette samfunnsfenomenet. Etter å ha gjennomført nokre nettsøk kring «volunteer tourism», fann eg ut at dette var eit felt som var forska lite på i Noreg, til trass for eit generelt inntrykk eg har om at frivillig arbeid, kombinert med ferie, er populært også blant nordmenn. Stadig fleire ynsker å kombinere reising med noko meiningsfylt og nyttig, noko volontørturismeindustrien kan legge til rette for. Det nye og spanande forskingsfeltet kring volontørturismen, samt den krasse kritikken som var å finne i media, skapte eit engasjement i meg. Det var dette

engasjementet som dreiv meg til å studere nettopp dette feltet, og skrive denne masteroppgåva.

Volontørturisme («volunteer tourism») og volontørturist («volunteer tourist») som omgrep er problematiske termar å nytte, ettersom dette er teoretiske omgrep. I denne oppgåva vil eg nytte omgrepa *volontørturisme* og *volontørturist* i tråd med forskingslitteraturen, og dei definisjonane eg presenterer i teorikapittelet (kap. 3). Ved bruk av omgrepa kan ein stå i fare for å etablere sanningar om volontøren, ettersom omgrepa er lada, og vert gitt ulik verdi alt etter kven som snakkar om dei. Det er difor viktig å få med oss at «those we refer to as volunteer tourists do not identify as such. Furthermore, most volunteer tourists are unfamiliar with the term all together» (Mostafanezhad, 2016, s. 381).

I sentrum for mitt forskingsprosjekt står volontørane, og kva motivasjonar, tankar og erfaringar dei har kring det å reise ut som volontørar. Ettersom volontørturismen hovudsakleg skjer i «det globale sør», vart det vanskeleg for meg å få tilstrekkeleg informasjon og forståing for det sosiale fenomenet, utan å kome nærmare inn på feltet. Eg bestemde meg for å oppsøkje volontørane der dei var, og vart tidleg i prosessen tipsa frå rettleiar om at Nepal var eit populært reisemål for dei som ville drive med frivillig arbeid. Eit raskt nettsøk med søkjeorda «Nepal + volunteer» var det som skulle til for å overtyde meg om at Nepal var ideelt for innsamling av data. Tidleg i prosessen vart det avgjort at eg skulle gjennomføre felterbeid hausten 2015 i Nepal, med base i Kathmandu.

Flybillettar vart bestilt, overnatningsplass booka, og planar for felterbeidet vart lagt hausten 2014 og våren 2015. Eit vendepunkt i planleggingsfasen skjedde laurdag 25. april 2015, då Nepal vart ramma av eit dramatisk jordskjelv som målte heile 7,8 i styrkje. Skjelvet førte til store skadar i Nepal, og i nokre dagar var det usikkert om eg, og medstudenten som eg reiste saman med, i det heile kunne gjennomføre felterbeid i Nepal slik vi hadde tenkt. Etter at situasjonen i Nepal var meir avklara, bestemde vi oss, i samråd med rettleiar, at vi ville reise slik planen var. Dette var eit val eg i ettertid ikkje har angra på eit sekund!

Jordskjelvet og dei enorme skadane som følgde, gjorde at premissane for felterbeidet vart endra. Jordskjelvet kom inn som ein ny faktor som både endra fokusområde i det frivillige arbeidet i Nepal, og som også kunne vere med på å forklare kvifor volontørar valte å reise til Nepal. På kva måtar jordskjelvet påverka feltet vil eg kome tilbake til seinare i oppgåva.

Av tidlegare forsking som er gjort kring det sosiale fenomenet volontørturisme eller “volunteer tourism”, er det ifølgje Mary Conran eit fokus på volontørturistane sine motivasjonar (Conran, 2011, s. 1454). Også denne oppgåva skriv seg inn i denne trenden, med eit hovudfokus på å forklare kvifor folk reiser til Nepal for å arbeide frivillig. Nepal er ein populær destinasjon for folk som ynsker å drive med frivillig arbeid, og forskingsfeltet innan volontørturisme har før meg vist interesse for Nepal som forskingsfelt. Eugenia Wickens gjorde feltarbeid i Kathmandu Valley på seinsommaren 2008, der ho undersøkte nettopp motivasjonar blant volontørar som arbeidde med samfunnsarbeid og utdanningsprosjekt. Wickens funn vert kort presentert i teorikapittelet (3.3.1). Wickens fokusområde og forskingsspørsmål skil seg ikkje markant frå mine, då vi begge ser på motivasjonar blant volontørar som arbeider med samfunns- og utdanningsprosjekt. Likevel er det faktorar som gjer at mitt prosjekt er unikt og annleis. I mitt arbeid er eg også interessert i å studere volontørane sine forståingar av seg sjølv og eiga rolle som volontørar i Nepal. For å seie noko om korleis volontørane forstår seg sjølv, er det også interessant å undersøkje korleis volontørane forstår nepalarar. Sentralt i mitt arbeid, i tillegg til å kartlegge volontørane sine motivasjonar, er å undersøkje korleis forståinga «oss» og «dei andre» kan vere med på å forklare kvifor folk ynsker å reise til Nepal for å verte volontørar.

Jordskjelvet i Nepal er også ein dimensjon som gjer feltet unikt. Volontørturisme i område ramma av naturkatastrofe er ikkje mykje drøfta i litteraturen innan volontørturismefeltet. Dette forskingsarbeidet kan såleis sjåast som eit nytt bidrag inn i eit relativt nytt forskingsfelt, eit forskingsfelt som stadig er i endring og utvikling. For meg var det spanande å undersøkje på kva måte jordskjelvet kan vere med på å forklare ynske om å reise til Nepal for å arbeide som volontør.

## **1.2 Avgrensing av problemstilling**

Volontørturisme er eit globalt fenomen, og ulike volontørprosjekt kan ein finne i ulike former og over heile verda. Dersom ein ynsker å arbeide på løvefarm i Afrika, føre og stelle skjelpadder i Sør-Amerika, eller arbeide på barneheim i Asia, kan volontørturismen legge til rette for dette. Samfunnsarbeid, miljøarbeid og arbeid innan utdanning, er dei viktigaste typane arbeid innan volontørturismesektoren (TRAM, 2008, s. 16).

I mitt forskingsarbeid er fokuset mitt avgrensa til volontørarbeid innan utdanning, der utvalet mitt er avgrensa til å omfatte volontørar som på ulike måtar arbeider for å styrke utdanninga i

Nepal. I dette utvalet er det volontørar som både arbeider med undervisning i ulike former, og volontørar som arbeider med oppbygging av skular etter jordskjelvet. Volontørane er i aldersgruppa 18-65 år, og arbeider i tidsrom frå under éi veke til seks månadar. Dei representerer ulike volontørorganisasjonar og ulike prosjekt/program. Skule/utdanning vart ein sentral arena for å studere volontørane sine motivasjonar for å arbeide som frivillige, samt deira forståingar av eiga rolle og deira syn på nepalarar.

Datamaterialet mitt frå to månadar med felterbeid i Nepal, samt relevant forskingsteori, legg grunnlaget for å drøfte volontørturisme som fenomen og korleis vi kan forstå ynsket om å reise til Nepal for å arbeide som volontør. I denne masteroppgåva har eg følgjande hovudproblemstilling:

*Kvifor reiser folk frå Vesten til Nepal for å vere volontørar?*

For å svare på denne problemstillinga, har eg følgjande underproblemstillingar:

- *Kva motivasjonsfaktorar ligg til grunn for å arbeide som frivillig i Nepal?*
- *I kva grad kan volontørane si forståinga av eiga rolle bidra til å forklare at dei reiser til Nepal?*
- *I kva grad kan volontørane si forståinga av nepalarar bidra til å forklare at dei reiser til Nepal?*

### 1.3 Disposisjon

Innleiingsvis vil eg presentere rammene for felterbeidet mitt, og sjå på Nepal som kontekst (kap.2). På mange måtar kan Nepal kallast eit «mekka for frivillig arbeid», ettersom Nepal og Kathmandu er eit attraktivt reisemål for menneske som ynsker å drive med frivillig arbeid. Med eit gjennomgåande fokus på utdanning i Nepal, er også dette blitt ein sentral arena for volontørturismen i landet. Turismen i Nepal har lange tradisjonar, og vert presentert kort. Avslutningsvis i dette kapittelet vil eg presentere organisasjonane, prosjekta og volontørane som utgjer informantgruppa mi.

Teorikapittelet (kap. 3) søker å definere og skildre volontørturisme som fenomen, og presenterer sentrale tilnærmingar i forskingsfeltet. Forsking som prøver å finne svar på kva motivasjonar som er viktige i volontørturismen er via ein del plass. Terje Tvedt og Edward Said sine tankar om synet på «oss» og «dei andre» vert også kort presentert.

Metodiske val og framgangsmåtar vert presentert i det neste kapittelet (kap. 4). Her argumenterer eg for kvifor ei kvalitativ tilnærming til mitt datamateriale passa best med utgangspunkt i mine problemstillingar. Metodiske utfordringar og etiske refleksjonar knytt til mitt forskingsarbeid vert også drøfta.


I det følgjande kapittelet (kap. 5) kjem den første delen av analysen, der eg presenterer datamaterialet mitt. Teorien vert her nytta som verktøy i arbeidet med å strukturere og presentere materialet på ein oversiktleg måte. I denne delen ynsker eg å la informantane få kome til orde, utan vidare drøfting og teoretisk diskusjon kring det som kjem fram.

Gjennom drøftingskapitla vert datamaterialet mitt sett i lys av relevant teori og drøfta. I det første kapittelet (kap. 6) ynsker eg å drøfte dei individuelle motivasjonsfaktorane som ligg til grunn for å reise ut som volontør. Aktørforklaringane vil eg sjå i lys av dei strukturelle rammene. Det neste drøftingskapittelet (kap. 7) søker å finne svar på korleis volontørane forstår si eiga rolle som volontør i Nepal, og korleis dei ser på nepalarar. I det avsluttande kapittelet (kap. 8) ynsker eg å summere opp mine viktigaste funn og svare på hovudproblemstillinga mi: «Kvífor reiser folk frå Vesten til Nepal for å vere volontørar?». Avsluttande drøfting og konklusjon er tufta på teori og eigne funn.



## 2 Nepal som kontekst

Inneklemd mellom Kina i nord og India i vest, sør og aust finn ein det vesle innlandslandet Nepal. Sjølv om Nepal er blant dei fattigaste landa i Asia, er landet rikt på kulturelt mangfald og rikt naturlandskap som trekker store mengder tilreisande til Nepal kvart einaste år. Med verdas høgste fjelltoppar som kulissar, gjennomførte eg feltarbeid for denne masteroppgåva. I dette kapittelet ynsker eg å presentere og skildre konteksten for det fenomenet eg ser nærmare på – frivillig arbeid i Nepal. Dette er naudsynt for at seinare analysar skal gi mening.



**Figur 1:** Nepal sitt flagg.  
Kjelde: CIA, *The World Factbook*.

Kathmandu er hovudstaden i Nepal, og byen der eg hadde base under feltarbeidet. Den vesle republikken er litt under halvparten så stort som Noreg, med sine 147 181 km<sup>2</sup>. Estimerte tal frå 2014 viser at det bur i overkant av 30 millionar menneske i Nepal, med ei årleg folkeauke på 1,8 %. Forventa levealder er 68 år, og om lag 25 % av folkemengda lev under fattigdomsgrensa på éin US dollar kvar dag. Det er 123 ulike språk i Nepal, men det offisielle språket er nepali, nært slekta med hindi (Det norske utanriksdepartementet, 2016).

Den tronge økonomien i Nepal kan forklaraast med eit vedvarande stort underskot på handelsbalansen, grunna låg produksjon og import frå India. Nepalarar som arbeider i Gulfstatane sender heim pengar, noko som utgjer størstedelen av kapitaloverføringer frå



**Figur 2:** Kart over Nepal. Kjelde: CIA, *The World Factbook*.

utlandet. Overføringane har stor betyding for økonomien i landet. «Hovedutfordringene i Nepals økonomi er lav produksjon og verdiskapning. Det skyldes blant annet dårlig utbygd infrastruktur som vei og strøm» (NORAD, 2015). Den økonomiske utviklinga i landet vert også hemma av den ustabile

politiske situasjonen.<sup>1</sup> Nepal er prega av omfattande korruption, på alle nivå, både i offentleg og privat sektor (NORAD, 2015).

<sup>1</sup> Meir om den politiske situasjonen og korleis den ramma turismeindustrien i Nepal i kap. 2.3.

Noreg har lange tradisjonar for utviklingsarbeid i Nepal, og dei to landa har hatt diplomatiske band sidan 1973. Nepal er eitt av dei tolv fokuslanda som den norske regjeringa har valt ut som mottakarar av norsk bistand (Det norske utenriksdepartementet, 2011). I 2014 gav Noreg 237,5 millionar NOK til Nepal i bistand (NORAD, 2015). «De viktigste satsningsområdene for norsk utviklingssamarbeid med Nepal er støtte til ren energi, utdanning og godt styresett. Dette er prioritert i den femårige utviklingsavtalen mellom Norge og nepalske myndigheter (2013-2017)» (NORAD, 2015). Som ei følgje av dei dramatiske jordskjelva<sup>2</sup> som ramma Nepal våren 2015, var den norske bistanden til Nepal i 2015 omlag 500 millionar NOK. Dette var tal som Tore Hattrem, statssekretær i Utanriksdepartementet, presenterte på seminar på Litteraturhuset i Oslo 25.04.2016, i høve eittårsmarkering av jordskjelvet. Noreg var den andre største bilaterale donoren av naudhjelp og anna bistand i ettertid av jordskjelvet (Hattrem, 2016).

Nepal som kontekst for mitt feltarbeid var prega av store kontrastar samanlikna med kjende og trygge omgjevnadar i Noreg. Vidare vil eg trekkje fram kvifor nettopp Nepal eigna seg som arena for mine undersøkingar.

## **2.1 Mekka for frivillig arbeid**

På feltarbeid i Kathmandu var det eitt spørsmål eg opp til fleire gongar fekk frå både nepalarar og andre utlendingar: «Are you volunteering?». Det var ikkje rart at så mange lurte på dette, for Nepal skulle vise seg å vere eit mekka for frivillig arbeid.

Vestlege volontørar var synlege i Kathmandu sine gater. I turistparadiset og den tidlegare hot spot-en for hippar, Thamel i Kathmandu, kunne ein treffen volontørar og turistar frå heile den vestlege verda. Langs dei tronge gatene myldra tilreisande med fjellsko og turklede med ein eim av sveitte frå vandring i Himalayafjella. Andre hadde nykjøpte fargerike harembukser i kjend hippiestil. Nokre hadde kanskje også fått seg ein stor og signalraud tikka i panna, som dei med stort sannsyn hadde måtte betale nokre nepalske rupi for i etterkant. I mylderet av utlendingar og nepalske seljarar var sjansen stor for å treffen på ein av dei mange volontørane som var komne til Nepal for å hjelpe til på eit av dei mange volontørprosjekta som er å finne i landet.

---

<sup>2</sup> Meir om jordskjelvkatastrofa i kap. 2.3.

I Nepal finst det svært mange prosjekt som ein kan delta i som volontør. Organisasjonar og reisebyrå gjev frivillige moglegheiter til å vie både tid, arbeidskraft og pengar til diverse volontørprosjekt. Som frivillig kan ein til dømes undervise i nepalsk skule, undervise buddhistiske munkar, arbeide på barneheim, stelle gatehundar og elefantar, plukke søppel eller hjelpe til med å byggje opp skular etter jordskjelvet. Ein kan kome til Nepal og arbeide som frivillig for ein dag, i fleire månadar eller år. Her er det rom for både korttids- og langtidsvolontørar. Blant dei mange organisasjonane som legg til rette for volontørarbeid, er det både veldeldige organisasjonar og organisasjonar som sokjer forteneste. Blant volontørane finn ein både dei som betalar og dei som ikkje betalar for å arbeide frivillig.

Hindman hevdar at den synlege fattigdomen i Nepal er ei viktig årsak til at så mange utlendingar vel å arbeide frivillig i landet.

*Garbage strewn streets, beggars and failing infrastructure are sites that confront the tourists from the moment of arrival, and these visible and ever-present illustrations of poverty motivate many visitors to Nepal to find some way to give back to the country, while other visitors initiate their visit to Nepal with the intent of focusing their time on volunteer activities.*

(Hindman, 2014, s. 47)

Ein rapport frå *Next Generation Nepal* (NGN) frå 2014 anslår at over 30 000 utlendingar kjem til Nepal kvart år for å arbeide som volontørar. Rapporten hevdar at titusenvis av turistar arbeider kvart år med turistvisum, uvitande om at dette strir imot det nepalske lovverket. «Despite the overwhelming popularity of voluntourism in Nepal, [...] the official position of the Government of Nepal is that international volunteering is illegal for most tourists» (Punaks & Feit, 2014, s. 39).

## 2.2 Fokus på utdanning

Det er brei semje i Nepal om at utdanning er viktig. Tankegangen speglar det internasjonale fokuset på utdanninga si rolle for utvikling og fattigdomsbekjemping. «No matter what you do, where you go, education is important. Especially in a country like Nepal» (Mr. Kiran, ABC Kveldsskule)<sup>3</sup>. Entusiasmen over utdanninga si viktige rolle i Nepal kan vi finne att i dei ulike programma for frivillig arbeid. Volontørarbeid innan utdanning – undervisning i skular, i kloster og på barneheimar – er populære program som mange ynsker å ta del i. «The most

---

<sup>3</sup> Mr. Kiran, ein av mine informantar, er sjef for eit læringsenter. Sjå meir om dette i kap. 2.4.3.

important thing is to support the community. If you can give something to it, then you can expect something from them tomorrow. That is the most important part. And education is the most important program» (Mr. Kamal, Red Panther).<sup>4</sup> Både dei som la til rette for volontørarbeid og volontørane sjølve, hadde stor tru på at utdanning og engelskundervisning var viktig for Nepal. «English is widely perceived as a “passport to development” by volunteer tourism participants» (Mostafanezhad, 2014, s. 61).

Volontørane i mitt utval har til felles at dei er involvert i prosjekt eller program som ynsker å gjere ein innsats for å styrke utdanningstilbodet i Nepal. Etter jordskjelva har frivillig arbeid blitt fokusert inn mot oppbyggingsprosjekt og konstruksjonsarbeid. Dette kom tydeleg fram i samtalar med aktørar som legg til rette for frivillig arbeid. «Now we are more focusing on reconstruction, especially the community, the schools especially» (Mr. Kamal, Red Panther). Jordskjelva ramma utdanningssektoren hardt. Totalt vart heile 8242 skular råka, der 25 134 klasserom vart totalskadd og 22097 vart delvis øydelagd (NORAD, 2015). Leiaren for læringssenteret «ABC kveldsskule» måtte leggje ned skulen for ein periode som ein følgje av jordskjelvet. «We spent a lot of time out in the valley, taking care of relief work and rehabilitation work. [...] The focus changed from teaching to building» (Mr. Kiran, ABC Kveldsskule).

Frivillig arbeid og utdanning går hand i hand i Nepal. Fokuset på utdanning kjem til syne innan volontørsektoren, der volontørar i stor grad vert styrt inn i utdanning. Utdanningsprogram innan volontørturisme er blitt svært populære, og klasseromma har blitt opna opp for frivillige frå Vesten som ynsker å undervise.

### 2.3 Turismeindustrien

Nepal har sidan 1951 vore offisielt open for internasjonal turisme. Sidan då, har Nepal vore eit attraktivt reisemål for turistar som søker opplevingar knytt til landet sin storlåtte natur og kultur (Ministry of Culture, 2014, s. 1). Fjellvandrarar frå heile verda kjem til Nepal for å gå i dei mektige fjella i



**Foto 2.1: Poon Hill.** Dei mektige Himalaya-fjella er den største turistattraksjonen i Nepal, og lokkar mange turistar til landet. (Foto: privat)

<sup>4</sup> Mr. Kamal, ein av mine informantar, er sjef for ein lokal volontørorganisasjon. Sjå meir om dette i kap. 2.4.1.

Himalaya, der åtte av dei ti høgaste fjelltoppane i verda ligg. Landet byr på kulturell og klimatisk variasjon, frå jungel og frodig fauna i låglandet i sør, til Himalaya sine høge og forblåste tindar på langt over 8000 meter over havet. Alt dette er å finne innan ein avstand på 150 km. Regjeringa i Nepal ynsker å utvikle turistnæringa, som vert sett som eit viktig segment i den nasjonale økonomien. Turismen i landet kan i betydeleg grad bidra til økonomisk vekst, sysselsetting og fattigdomsbekjemping (Ministry of Culture, 2014).

Nepal og Kathmandu vart eit populært reisemål alt på 60- og 70-talet, som ein del av ryggsekketurismen som blomstra rundt hippietida langs Silkevegen, handelsruta som knytte saman Vesten med Austen. Kathmandu vart eit naturleg stopp på den såkalla «hippie trail», der reisande, primært frå USA og Vest-Europa, kom på jakt etter hasj og andre narkotiske stoff, eller som flukt frå Vesten og vestleg levestil. Andre igjen såg opphaldet i Nepal som inngangsporten til ei personleg «spirituell reise» (Liechty, 2005). Gata «Freak Street» i Thamel i Kathmandu, som ein framleis kan besøke, er eit tydeleg spor etter ryggsekketurismen på denne tida. Blant dei frivillige eg har snakka med er det mange som ser Nepal som eit utypisk reisemål for feriereise. «If I wanted to go on a vacation, I would not have thought about Nepal» (Chloe, 24). Fleire av volontørane eg snakka med ynsker å ta avstand frå den «vanlege turismen», og kom til Nepal for å oppsøkje noko anna. Ei kvinne som kom til Nepal for to veker med ekspedisjon kombinert med fire dagar frivillig arbeid var klar på dette. «Eg reiser konsekvent ikkje på vanlege turistturar» (Elizabeth, 53). Nepal kan på mange måtar sjåast som eit land for antituristar, som søker etter noko annleis enn den «vanlege» feriereisa.

Turismeindustrien i Nepal har møtt mykje motgang det siste året. Jordskjelvkatastrofa som i april 2015 tok livet av 8900 menneske, skapte stor nedgang i turismen. Skjelva øydede hundretusenvis av hus i Nepal, og la store og kjende turistattraksjonar i grus. Organisasjonane som legg til rette for volontørarbeid merka stor nedgang i straumen av frivillige etter jordskjelvet. «We had lots of cancellations after the earthquake» (Kamal, Red Panther). Jordskjelvet skapte



Foto 2.2: Jordskjelv. Spora etter dei øydeleggande jordskjelva våren 2015 er framleis synlege. (Foto: privat)

store utfordringar for turistindustrien i Nepal. Naturkatastrofa var den verste, men ikkje den einaste, utfordringa landet og turismenæringa stod ovanfor i 2015.

Den 20. september 2015, like før turisthøgsessongen, lanserte Nepal den nye grunnlova si. «Den nye grunnloven blir ansett som en viktig milepål i landets demokratiske utvikling og fredssprosessen» (NORAD, 2015).

Misnøye med delar av innhaldet, spesielt blant grupper i låglandet på grensa mot India, førte til stor politisk uro i landet. Etniske grupper i Terai, i sør-Nepal, protesterte mot det dei meinte var ei urettferdig grunnlov. Også India var misnøgde med den nye grunnlova, og meinte at Nepal burde kome innbyggjarane i låglandet i møte (NORAD, 2015).

India starta ei omfattande uoffisiell handelsblokade, og dei misnøgde minoritetane sør i Nepal var sterkt medverkande. På feltarbeid i Nepal vart eg vitne til dei massive følgjene handelsblokaden hadde for nepalarane, der mangel på drivstoff, gass og livsviktige matvarer skapte store utfordringar. Uroen i landet ramma på mange frontar, både innan handel, transport, utdanning og turistnæringa. Både jordskjelvet og handelsblokaden i samband med den politiske uroa har fått store konsekvensar for økonomien i Nepal (NORAD, 2015). I ein nyhendeartikkel fortel Hari Man Lama, representant frå *Kathmandu-based Incentive Tours*, om korleis turismenæringa i Nepal vart ramma av den politiske uroa. «We have already had at least 40 percent cancellations from tourists who had planned to visit Nepal in autumn season, and that number is expected to be much, much more». (Gurubacharya, 2015). Det vert også lagt til at «it would take at least a year for the industry to recover» (Gurubacharya, 2015).

Hjelpeorganisasjonar og bistandsarbeidarar strøymde til Nepal etter jordskjelvkatastrofa. Nepal har lange tradisjonar med å ta imot utanlandske aktørar, både innan bistand og turisme.

*«Thus, from the very beginning, Western tourism and Western aid have been deeply linked in the history of the nation-state and, with the exception of the rising role of remittance funds, Nepal's economic success has largely hinged upon the country's successful navigation of its relations with these two foreign industries».* (Hindman, 2014, s. 47)



**Foto 2.3: Taxikørar.** Taxikørane vart stadig lengre etter kvart som streiken og handelsblokaden holdt fram. Rykte sa at taxisjåførar måtte stå heile åtte dagar i bensinkø på eit tidspunkt, og då berre for å få fylle nokre få liter. (Foto: privat)

## 2.4 Presentasjon av organisasjonane, prosjekta og volontørane

Det finst mange organisasjoner som legg til rette for frivillig arbeid i Nepal. Eg har sjølv sagt måtte gjere eit utval. I det følgjande ynsker eg å presentere dei ulike prosjekta og organisasjonane som informantane mine reiste med eller arbeidde gjennom. Alle informantar og organisasjoner har fått pseudonym. Vedlegg 1 (side 122), syner ei oversikt over alle informantane mine, med opplysningar om alder, prosjekt, organisasjon, tal intervju, om eg har observert dei, kor lenge dei var volontørar og kva del av verda dei kom frå.

Eg har for ordens skuld kategorisert informantgruppa mi i fem grupper, med utgangspunkt i type organisasjon volontørarbeidet var organisert gjennom:

- 1) «Red Panther» - ein kommersiell aktør
- 2) Post-jordskjelv-organisasjonar
- 3) Utviklings- og bistandsorienterte organisasjonar
- 4) Kristne organisasjonar
- 5) Eventyr- og ekspedisjonsbyrå

### 2.4.1 «Red Panther» – Ein kommersiell aktør (12 informantar)

Størstedelen av informantane mine deltok i prosjekt organisert av ein kommersiell organisasjon med base i Kathmandu, «Red Panther». Red Panther har i gjennomsnitt rundt 200 volontørar kvart einaste år, og dei fleste volontørane arbeider i tre til fire veker. Organisasjonen tilbyr ei mengde volontørprosjekt, som konstruksjonsarbeid (byggje skular), undervise i skular, undervise munkar i kloster, arbeide/ undervise på barneheim, arbeid på senter med funksjonshemma barn, stelle gatehundar i Kathmandu, eller stell og mating av elefantar i Chitwan. Volontørane kan bytte prosjekt undervegs om dei ynsker, då dei ulike programma kostar det same. Red Panther samarbeider med ei rekke vestlege organisasjonar og reisebyrå, til dømes Go Explore, Kilroy Travel, Go Eco, Indigo Travels og Travel Active<sup>5</sup>. Volontørane betaler ulike summar for prosjekta, alt etter kva reisebyrå dei nytta.

Red Panther har eit eige volontørhus i Kathmandu, der volontørane bur under ei innleiande introduksjonsveke. Volontørar som arbeider i Kathmandu nyttar volontørhuset som base under heile opphaldet. Her bur også leiaren «Mr. Kamal», familien hans og eit par arbeidarar som tek hand om vakthald, matlaging og husstell. Nesten alle volontørane deltek i ei

---

<sup>5</sup> Reelle namn er nytta på desse organisasjonane.

introduksjonsveke, der opplæring i yoga, nepalsk språk, kultur, religion, matlaging, samt innføring i nepalsk skikk og bruk står på programmet. Mr. Kamal er lærar for desse kursa, saman med nokre lokale hjelparar. Formålet med introduksjonsveka er å førebu volontørane på det som vil møte dei i dei ulike landsbyane der størstedelen av prosjekta er. I det følgjande vil eg kort presentere dei fire ulike programma eg følgde, og som informantane mine har delteke i.

### **Konstruksjonsarbeid (Alice, Mia, Emily, John, Chloe, Tom, Leah)**

Jordskjelvet våren 2015 skapte ei enorm interesse blant volontørar til å involvere seg i



**Foto 2.4: Konstruksjonsarbeid.** Volontørar som deltek i oppbygging av ein skule som vart øydelagd under jordskjelvet.  
(Foto: privat)

oppbygginga etter øydelegg-ingane. Eit halvt år etter tragedien, ville framleis dei fleste av Red Panther-volontørane arbeide med konstruksjons-arbeid. Red Panther legg til rette for oppbygging av øydelagde skular på landsbygda. Arbeidsoppgåvene til informantane gjekk ut på å flytte stein, sand, planere bakken, male veggar og lage til uteområde. Under opphaldet budde volontørane heime hos vertsfamiliar

som laga mat og involverte dei i daglege syslar. Livet på landsbygda var prega av store kontrastar samanlikna med volontørane sine liv i Vesten. Dei sov trøngt, saman med meiskolbar, geiter og andre husdyr. Opphaldsrommet og soveromma var fulle av røyk. Kosten bestod av den tradisjonelle retten dal bhat, primært laga med ris, linser og grønsaker. Der eg besøkte volontørane, tok det heile to dagar å reise til/frå landsbyen med buss og gåing. Arbeidsveka besto difor av tre dagar (tysdag, onsdag, torsdag), ettersom volontørane stort sett ynska å vere i Kathmandu og i Thamel i helgane.

### **Undervise i skule (Fredrik, Gabrielle)**

Gjennom dette programmet kunne volontørar undervise i grunnskule i Kathmandu. Volontørane tok den lokale bussen saman med elevane til skulen, og fekk undervise i dei faga dei sjølv ynskte. Arbeidsmengda vart tilpassa kvar enkelt volontør. Volontørane som arbeidde med undervisning i skule i Kathmandu budde på volontørhuset gjennom heile veka.

### **Undervise buddhistiske munkar i kloster (Ruth, Nora)**

Dette programmet la til rette for at volontørane kunne få bu i eit buddhistisk kloster, og undervise buddhistiske munkar i skulen der. Volontørane underviste på engelsk, og fekk undervise i alle fag. I dette klosteret, som låg idyllisk plassert med utsyn over Himalayafjella, budde det rundt 300 munkar i ulike aldersgrupper. Tenzing, koordinator for volontørane i dette klosteret, er blant mine informantar.

### **Arbeide på barneheim + undervisning i skule (Sophie)**

Gjennom dette programmet kunne ein som volontør bu på ein barneheim i ein liten landsby utanfor Kathmandu. Her fekk volontørane ansvar for å hjelpe barna med det daglege stellet og leksehjelp. Volontørane fekk leike og nytte tida ilag med dei ti barna på barneheimen, og åt alle måltider saman med dei. Volontørane hadde også ansvar for to undervisningsøkter på barneheimen, ei morgenøkt som skulle innebere song/dans og anna moro, samt ei ettermiddagsøkt som primært hadde som mål å styrke barna sine engelskkunnskapar. På dagtid kunne volontørane arbeide som lærarar på den lokale skulen der borna gjekk. Barneheimen var fem år gamal, og hadde på desse åra hatt over 200 volontørar innom frå Red Panther. Sophie var den einaste informanten som deltok i dette programmet blant mine informantar. To andre volontørar var på barneheimen samstundes som Sophie, men ettersom desse begge var 17 år, var dei for unge til å kunne delta i studien. Det fantes ikkje nokon minimumsgrense for alder for å arbeide på denne barneheimen.

### **2.4.2 Post jordskjelv -organisasjonar (4 informantar)**

Jordskjelva våren 2015 skapte eit enormt engasjement blant utlendingar i Nepal som opplevde jordskjelva. Som ein konsekvens av naturkatastrofa vart det oppretta mange små organisasjonar av eldsjeler som ynskte å vie tid og pengar for å hjelpe landet på ein eller annan måte. Fleire av organisasjonane fungerer som volontørorganisasjonar og har til felles at dei ikkje opererer med noko fast leiing/administrasjon eller tener pengar på aktivitetane. Gjennom desse organisasjonane kan volontørar kome og vie tid og kompetanse på små prosjekt, utan å måtte betale for å vere volontør. Fleire av desse små organisasjonane har base i Thamel, og er drivne av reisande for kortare eller lengre periodar. Fire av informantane mine representerte to slike organisasjonar, som begge hadde sine basar i tilknyting til hostel, særskild attraktive innan backpackingmiljøet i Thamel. Fleire av volontørane kom først i kontakt med organisasjonane etter at dei kom til Thamel eller hostellelet der organisasjonane har base.

Maria og Isabelle arbeidde for organisasjonen «Love Nepal». Dei arbeidde begge med å halde drifta i gang på ein provisorisk skule i ein flyktningleir. Målet var å gi kvinner og barn grunnleggjande opplæring i engelsk. Menneska som budde i denne leiren kom frå landsbygder utanfor Kathmandu, og hadde mista husa sine under jordskjelvet. Gjennom Love Nepal og midlar frå tidlegare volontørar, fekk Maria og Isabelle kjøpt inn skulemateriell, samt kjøpt briller til kvinner som var svaksynte. Love Nepal arbeidde hardt for å gjere prosjekta sine levedyktige sjølv utan faste utanlandske volontørar til stades. Organisasjonen hadde tilsett ei nepalsk kvinne, som budde i leiren, til å arbeide på skulen. Ein viktig del av arbeidsoppgåvene til volontørane var å lære opp den nepalske kvinne, og volontørane hadde ved fleire høve arrangert kurs («teach how to teach») for denne læraren og andre lærarar i provisoriske skular i flyktningleirar.

Ann og Kim arbeidde gjennom organisasjonen «Together for Nepal», og prosjektet dei arbeidde med omhandla undervisning av kvinner på landsbygda, om tematikken menstruasjon og hygiene. Ved å undervise om dette temaet hadde dei som mål å styrke kvinner si stilling i samfunnet, og redusere fordommar og vranglære kring kvinner og menstruasjon. For Ann og Kim var «empowerment» viktig. Dei uttrykte eit ynske om å hjelpe og styrke kvinner til å kunne hjelpe seg sjølve. Dette var eit prosjekt dei sjølv hadde sett var viktig, og som dei starta opp på eiga hand. Også denne organisasjonen såg viktigheita av å involvere nepalarar i prosjekta, og menneske som kunne formidle bodskapen til lokalbefolkninga på deira eiga morsmål. Kim var den einaste nepalske volontøren blant mine informantar, og prosjektet kunne dra stor nytte av språkkompetansen hans. Likevel var det viktig for Ann og Kim å dra inn nepalske kvinner i prosjektet, for å skape grunnlag for tillit og gode samtalar med kvinnene om den intime tematikken.



**Foto 2.5: Hostell i Thamel.** Hostellet der volontørorganisasjonen «Together for Nepal» hadde sin base. Design og utsmykking var tydeleg inspirert av hippietida. (Foto: privat)

#### **2.4.3 Utviklings- og bistandsorienterte organisasjonar: «Across the world» og «ABC Kveldsskule» (5 informantar)**

Fire av informantane mine (Camilla, Julia, Jimmy og Colleen) representerte ein bistandsorientert organisasjon, her kalla «Across the world». Organisasjonen har lange tradisjonar med utviklingsarbeid, og ser frivillig arbeid i utviklingsland som eit viktig tiltak for å skape ein skilnad for ei betre verd. Denne organisasjonen har som visjon å bekjempe global fattigdom og ulikskapar. Across the world er ikkje berre oppteken av den skilnaden ein kan gjere for menneska ein møter i sitt arbeid, men hevdar det viktigaste er dei kunnskapane og forståingane ein får, og som ein tek med seg heim att. Erfaringane frå opplevingane vil gjere volontørane «klokare på verda», og hjelpe dei til å gjere ein skilnad i framtida.

Volontørane frå «Across the world» hadde ei veke med introduksjonsprogram i Skandinavia før dei reiste til Nepal. Dei fire informantane budde alle hos vertsfamiliar i ein liten landsby i Nepal, og underviste i den lokale skulen under sitt opphold på mellom 12 og 16 veker. Grunna store geografiske avstandar og drivstoffmangel i landet, fekk eg aldri besøkte desse informantane. Intervjua vart difor gjennomført via e-post.

Natalie arbeidde i tre månadar på «ABC Kveldsskule», ein lokal organisasjon i Kathmandu som tilbyr eit utdanningstilbod for dei mest sårbare gruppene i samfunnet. «Mr. Kiran» er sjef for denne kveldsskulen, og sette meg i kontakt med Natalie. Eg fekk også gjennomført eit intervju med Mr. Kiran. ABC Kveldsskule er ein liten organisasjon, og har ikkje økonomisk profitt på verksemda. Kveldsskulen får inn éin til to volontørar kvart år, som arbeider over ein lengre periode. Mr. Kiran ynskte berre å ta i mot kvalifiserte lærarar med god engelskkompetanse. Natalie var reist frå Nepal då eg oppsøkte kveldsskulen, men informanten sa seg villig til å delta i eit e-postintervju.

#### **2.4.4 Kristne organisasjonar (5 informantar)**

Fem av volontørane reiste eller arbeidde som volontørar gjennom, eller i tilknyting til, ein eller fleire kristne organisasjonar.

Olivia reiste på eiga hand til Nepal, der ho hadde kontakt med ein lokal pastor som ho hadde arbeidd for før i samband med tidlegare misjonstur. Volontørarbeidet var organisert gjennom ein større misjonsorganisasjon, «Helping hands», som arbeider over heile Asia. Pastoren hadde fleire volontørar heime hos seg, og dei arbeidde med undervisning av gatebarn og

heimlause kvinner som hadde mista bustadane sine under jordskjelva. Volontørarbeidet innebar ulike arbeidsoppgåver for Olivia. Ho fortalte at ho éin dag, i tillegg til å undervise, hadde brukt fleire timer saman med ei sjuk kvinne på dødsleie for å be for henne.

Victoria og Sarah reiste til Nepal med ei ungdomsgruppe frå ein nordisk misjonsorganisasjon, for å arbeide fem dagar som frivillig på «The Sunshine Center», eit dagsenter for barn med spesielle behov. Dette dagsenteret tok hand om barn og unge vaksne med ulike funksjonshemmingar, og vart drifta og støtta økonomisk av kristne misjonsorganisasjonar frå Skandinavia. Ungdomane i gruppa var frå 16 – 21 år, og var i Nepal i åtte dagar totalt.

Eva og Charlotte var i Nepal i seks månadar totalt, gjennom studium ved «Den globale utvekslingsskulen» i Skandinavia. Volontørarbeidet deira var i regi av skulen som er driven og støtta av fleire kristne organisasjonar. Sentralt i dette studiet var kommunikasjon og forståing på tvers av ulike kulturar og religionar. Eva og Charlotte hadde ikkje kome i gang med prosjekta sine under intervjuet, men skulle arbeide med undervisning av allereie kristne ungdomar, i form av Bibelskule, samt undervise i nepalsk skule. Underveis i opphaldet skulle dei reise rundt i Nepal og arbeide med ulike prosjekt, men hovudsakleg prosjekt i tilknyting til undervisning.

#### **2.4.5 Eventyr- og ekspedisjonsbyrå (2 informantar)**

Mine to siste informantar skilde seg frå dei andre volontørane. Desse informantane såg seg sjølv i større grad som turistar i Nepal. Edward og Elisabeth reiste i ei større gruppe gjennom «Globetrottar reisebyrå», eit nordisk reisebyrå som organiserer pakketurar som involverer fotturar rundt om i verda. Reisebyrået ynsker å skape gode og autentiske opplevelingar for eventyrlystne reisande, og i fokus står spektakulære naturopplevelingar og ansvarleg turisme. Turen som Edward og Elisabeth hadde meldt seg på, innebar fottur i Himalaya-fjella, samt fire dagar med frivillig arbeid. Saman med resten av reisefølget arbeidde dei nokre dagar med konstruksjonsarbeid i ein fjellandsby, der dei bidrog i oppbygging av den lokale skulen, som rasa saman etter jordskjelvet våren 2015.



**Foto 2.6: Himalaya.** "Globetrottar reisebyrå" er eit av mange reisebyrå som legg til rette for fjellvandring i Himalaya. Reisebyrået tenker no nytt, og arrangerer turar med frivillig arbeid som ein del av reisa. (Foto: privat)

### 3 Forsking og teori

Det teoretiske bakteppet som vert presentert i dette kapittelet vil, saman med eigne data frå feltarbeid i Nepal, vere grunnlaget for drøfting av volontørturisme som fenomen samt kvifor folk frå Vesten reiser til Nepal for å vere volontørar.

I dette kapittelet vil eg først definere og presentere turismeomgrepet, samt reiseformer som i større eller mindre grad var gjeldande for informantgruppa mi: «backpacking» og «slumturisme». Vidare vil eg gje ei grundigare innføring i volontørturisme som fenomen og sjå på ulike tilnærmingar og forståingar av fenomenet. Sentrale diskusjonar innan fagmiljøet vert presentert. Problemstillingar i teorikapittelet er: Kva er volontørturisme? Kva underliggende strukturelle rammer i samfunnet, samt personlege motivasjonsfaktorar hos volontørar, ligg til grunn for å arbeide som frivillig? Til slutt vil eg presentere nokre kritiske røyster innan volontørturismedebatten, som stiller seg kritisk til intensjonar og motiv blant volontørane, samt utfall og konsekvensar av verksemda.

#### 3.1 Turisme og volontørturisme

Turismeomgrepet er vidt og komplekst, og dekkjer ulike reiseformer. FN sin særorganisasjon for turisme, *The World Tourism Organization* (UNWTO), promoterer utviklinga av «en forsvarlig, bærekraftig, og universelt tilgjengelig turisme, med særlig fokus på utviklingslandenes behov» (FN-sambandet, 2016). UNWTO definerer turisme slik:

*Tourism is a social, cultural and economic phenomenon which entails the movement of people to countries or places outside their usual environment for personal or business/professional purposes. These people are called visitors (which may be either tourists or excursionists; residents or non-residents) and tourism has to do with their activities, some of which imply tourism expenditure.* (UNWTO, 2008)

Turismeindustrien er ein viktig faktor for økonomisk vekst. Turisme vil truleg vere ein av dei raskast veksande økonomiske sektorane i dette hundreåret (Matias m.fl, 2007, s. 1). Frå masseturismen som slo gjennom på 60- og 70-talet og turismen slik vi kjenner den i dag, har det skjedd store endringar. Dei reisande har andre forventningar, krav og ynsker for sine reiser, og behovet for å fylle reisa med noko «meiningsfylt» står fram som viktig. «These new consumers are able and determined to express their individuality; enabled by modern

technology, they are no longer prepared to accept standardized product formats [...] and are prepared to participate in creating the product value they seek» (Midleton m.fl., 2009, s. 15).

«Backpacking» som reiseform har blitt stadig meir populært. Backpacking er kjend som lågbudsjettreising med ryggsekk, gjennom fleire land og over lengre tid. Reiseforma er karakterisert som ei reiseform som vektlegg fridom og mobilitet, og som gjev den reisande moglegheit til å kome utanfor den «vestlege turistbobla» (Laythorpe, 2010, s. 140).

*A backpacker is someone who seeks out experiences associated with budget travel, puts an emphasis on social interaction with local people and fellow travellers, is independently organised and flexible within constraints of time, money, and destination, travels as long as possible within the constraints of their own life, and puts an emphasis on informal and participatory holiday activities.* (Paris, 2011, s. 239)

Slumturisme, eller fattigdomsturisme er ein ny trend innan internasjonal turisme (Steinbrink m.fl., 2012, s.1). Reisande ynsker i aukande grad å oppleve fattigdom i utviklingsland på nært hold. Steinbrink m.fl. hevdar slumturismen reiser nokre etiske problemstillingar, og at slumturismen med rette har hausta kritikk i akademia og media.

*Slum tourism is heavily criticized in public discourses and morally judged in the media. Slum tourists from the North are criticized as immoral gawkers, and the tourist gaze on poverty is compared to a visit to a zoo and judged as distasteful.* (Steinbrink m. fl., 2012, s. 9)

Kennedy Odede vaks opp i Kibera i Nairobi, kanskje Afrikas største slum. I eit lesarinnlegg i *New York Times* i 2010 fortalte han om eigne erfaringar som bebuar og «tiger i bur» for vestlege turistar som ville oppleve fattigdommen på nært hold. «Nor do the visitors really interact with us. Aside from the occasional comment, there is no dialogue established, no conversation begun. Slum tourism is a one-way street: They get photos; we lose a piece of our dignity» (Odede, 2010).

På mange måtar kan vi snakke om ei individorientering innan turismen, der reiser vert tilpassa og planlagt ut i frå den enkelt sine ynsker og behov. Formene for turisme som her er trekt fram, har til felles at dei begge er prega av ei individualisering innan turismen. Både innan backpacking og slumturisme står også ynsket om å oppleve autensitet sterkt. Turistar ynsker å oppleve «det ekte». Desse tendensane finn vi også att innan volontørturismen. Å kombinere reising med volontørarbeid har blitt ei populær trend i samtidia. Volontørturismen inneheld

element av desse nye formene for turisme, men er i seg sjølv ei eiga og sjølvstendig trend innan turismefeltet. I det følgjande vil eg presentere fenomenet volontørturisme, forankra i forskingslitteratur.

### **3.1.1 Volontørturisme**

Volontørturisme er eit samtidsfenomen som for alvor har slått gjennom som ei attraktiv reiseform. «Volunteer tourism» vert i forskingslitteraturen omtala som «one of the fastest growing niche tourism markets in the world» (Mostafanezhad, 2013, s. 150).

Det finst ulike tilnærmingar til omgrepet «volunteer tourism». I fagdiskusjonen innan turismeforskinga vert «volunteer tourism», «voluntourism» og «volunteer vacations» nytta om kvarandre for å skildre det same fenomenet (Wearing & McGehee, 2013). Eg har valt å nytte omgrepet volontørturisme som ei omsetjing.

Den mest brukte definisjonen på volontørturisme er formulert av Stephen Wearing, som i 2001 publiserte ei av dei mest omfattande studiane om volontørturisme; *Volunteer Tourism - experiences that makes a real difference:*

*'Volunteer tourism' applies to those tourists who, for various reasons, volunteer in an organized way to undertake holidays that might involve aiding or alleviating the material poverty of some groups in society, the restoration of certain environments or research into aspects of society or environment. (Wearing, 2001, s. 1)*

Harrng Luh Sin sin definisjon er meir kortfatta og presis enn Wearing sin. Ho definerer volontørturisme som «a form of tourism where the tourists volunteer in local communities as part of his or her travel» (Sin, 2009, s. 480). Ho ser framveksten av volontørturisme som ein reaksjon på massiv kritikk retta mot turismeindustrien, med eit forsøk på å utvikle ei reiseform meir godarta eller gunstig for lokalsamfunn og det økologiske miljøet (Sin, 2009). Ideen som ligg til grunn for volontørturisme er altså at dei reisande kan og bør ha positive konsekvensar for lokalsamfunna dei besøker (Sin, 2009).

Wearing og McGehee plasserer volontørturisme i kategorien alternativ turisme, med eit mål om å ta avstand frå masseturismen, og eit forsøk på etablere kontakt med lokalbefolkinga på ein berekraftig måte. Alternativ turisme kan definerast som ei form for turisme som prøver å vere i samsvar med naturlege, sosiale og samfunnsmessige verdiar, der både vertar og gjestar

kan nyte samhandling og få opplevelingar som opplevast som positive og verdige (Wearing & McGehee, 2013). Wearing ser volontørturisme som ein utviklingsstrategi «leading to sustainable development and centering the convergence of natural resource qualities, locals and the visitors that all benefit from tourism activity» (Wearing, 2001, s. 12).

I internasjonal litteratur om volontørarbeid, er det ifølgje Wearing og Nail eit fokus på personleg utvikling. Litteraturen fokuserer på volontørarbeidaren i møte og interaksjon med kulturen og miljøet der den arbeider som frivillig, og trekkjer fram ei rekke positive konsekvensar for den personlege utviklinga til volontørarbeidaren (Wearing & Nail, 2001). Weinman og Carlson sitt forskingsarbeid viser at eksponering for ein ny kultur har fremja personleg utvikling, knytt til auka toleranse, auka medkjensle for andre menneske og deira individuelle ulikskapar, utvida globalt perspektiv og innsikt i nye verdiar, tru og levemåtar (Wearing & Nail, 2001).

Volontørturismen si målsetting om samspel med lokalbefolkninga, har blitt sett som eit effektivt middel for å auke tverrkulturell forståing og redusere stereotypering av «dei andre» i vertssamfunnet (Wearing & McGehee, 2013). I volontørturismedebatten ligg det ei forståing av at ein som volontørturist kjem tettare på lokalbefolkninga og dermed vil ha betre føresetnad for å kunne forstå kultur og levemåte, enn det turistar på kortare feriar gjer. Den nære interaksjonen med lokalbefolkninga og deira kultur, gjer til at volontørturistane meir naturleg kan absorbere, integrere og adoptere element frå miljøet (Wearing & McGehee, 2013).

Volontørturismen har ifølgje Wearing potensial til å skape verdiendring og nytt medvit hos volontøren (Wearing, 2001, s. 12). Anna Zahra sine studiar støttar Wearing sine påstandar om at volontørturisme kan føre til verdiendring og endra medvit hos individet, som seinare fører til endring i livsstil. Blant volontørturistane fann ho ein motstand mot eit materialistisk forbrukarsamfunn, eit vedvarande medvit kring eiga rolle i familien og i samfunnet, auka støtte til sosialt utviklingsarbeid og ei avvising av masseturismen (Zahra, 2011).

McGehee og Santos hevdar at volontørturismen har potensial til å skape endring i individ sine oppfatningar om samfunnet. Gjennom erfaringar som volontørturist kan ein få ei djupare forståing for kvifor sosiale problem oppstår, held fram og korleis dei kan løysast. I studien konkluderer dei med at erfaringar frå volontørturisme har potensial til å endre deltakarane sine oppfatningar om samfunnet, både på eit globalt samt lokalt nivå (McGehee & Santos, 2005, s.

765). Dei hevdar også at volontørturistar utviklar ei sterkare kjensle av globalt statsborgarskap, samt at dei vert meir involverte i å endre verda (McGehee & Santos, 2005). I seinare studiar gjev McGehee konkrete døme på korleis forbrukarmedvitet til volontørturistar kan endrast. Med auka medvit kring undertrykking og ulikskap kan ein byrje å støtte rettferdig handel ved å kjøpe Fairtrade-produkt, nytte fleire lokalt eigde og drivne bedrifter, kjøpe kortreist mat og søkje etter lokalt eigde overnattingssstadar og restaurantar når ein reiser (McGehee, 2011).

Vi har no sett nærmere på nye former for turisme og gått djupare inn i volontørturisme som sosialt fenomen. Vidare skal vi sjå på omfanget og utbreiinga av volontørturisme.

### **3.1.1.1 Omfang og utbreiing**

Tourism Research and Marketing (TRAM) publiserte i 2008 rapporten *Volunteer Tourism: A global analysis*, den første globale oversikta over den raskt veksande volontørturisme-marknaden. Den omfattande rapporten gjev kanskje den mest dekkande oversikta over det sosiale fenomenet sitt omfang og utbreiing.

Latin-Amerika, Asia og Afrika peikar seg ut som tre populære destinasjonar for volontørar. I regionane finn ein rundt 90 % av alle volontørprosjekta som vert tilbydd av volontørorganisasjonar. Blant landa som tek imot flest volontørar, finn ein India, etterfylgt av Ecuador og Nepal (TRAM, 2008, s. 47). Som rapporten også understrekar, viser desse tala den sterke koplinga mellom utviklingsnivå i dei aktuelle landa og grad av volontørverksem. Det er ein heilt gjennomgåande tendens at volontørar frå relativt rike land oppsøkjer relativt fattige land (TRAM, 2008, s. 45). Volontørturistane kjem hovudsakleg frå Vesten. Ifølgje fleire marknadsundersøkingar er dei fleste volontørane frå USA, Storbritannia, Europa og Canada/New Zealand (TRAM, 2008, s. 44). Dei fleste volontørane er i alderen 20-25 år (TRAM, 2008, s. 56).

Den desidert viktigaste informasjonskjelda volontørane har for å finne informasjon om volontørprogram er Internett. Av andre viktige informasjonskjelder er vener og familie, reiseguidebøker, turistinformasjonskontor og reisebyrå (TRAM, 2008, s. 52). Tala på organisasjonar som tilbyr volontørprogram har auka sterkt dei seinare åra. Ein gjennomgang gjort i 2007 av volontørorganisasjonar og volontørbyrå, viser at det er stor vekst i volontørturismesektoren (TRAM, 2008, s. 27). Lite tyder på at denne utviklinga har snudd i åra etter 2007.

Omfanget av volontørturismemarknaden globalt sett er vanskeleg å slå fast. Dette fordi mykje av volontørverksemda skjer i meir uorganiserte former, og utan offentleg publisering av data kring eigne aktivitetar (TRAM, 2008, s. 40-42). Estimerte tal frå 2007 viser at det reiste rundt 1,6 millionar volontørturistar i året, eit tal som utgjer 0,2 % av all internasjonal turistaktivitet (TRAM, 2008, s. 48)

Volontørturismen har også vist seg å blomtre opp i områder ramma av kriser, der behovet for å hjelpe offer og lokalsamfunn er stort. Døme på dette fann ein i Asia etter tsunamikatastrofa i 2004 og i New Orleans etter orkanen «Katrina» i 2005 (TRAM, 2008, s. 57-58). For mitt forskingsopplegg er dette av relevans ettersom Nepal eit halvt år før mitt feltarbeid vart utsatt for dramatiske jordskjelv som skapte ei humanitær krise i landet.

For å forstå utbreiinga av volontørturisme, og kvifor folk reiser til Nepal for å arbeide som frivillig, må vi sjå på underliggende strukturar i samfunnet samstundes som vi ser på dei individuelle motivasjonane til aktørane som deltek i volontørturismen. I det følgjande skal vi kort sjå på strukturelle rammer i samfunnet og tankesett som kan ligge til grunn for utbreiinga av volontørturismen.

### **3.2 Strukturelle rammer**

Tendensar, trendar og tankesett i samtida vår kan vere med å forklare framveksten av volontørturisme som fenomen. For mitt forskingsopplegg er det relevant å sjå på strukturelle rammer som kan prege folk si forståing av seg sjølv og andre i det globale verdssamfunnet. Det er desse strukturelle rammene eg no hovudsakeleg vil trekke fram.

I takt med den aukande globaliseringa, vert menneske, folkegrupper, nasjonar og verdsdelar på kryss og tvers av jorda stadig veva tettare saman. Thomas Hylland Eriksen framhevar tre dimensjonar ved globaliseringa i dag, som har vore særleg gjeldande sidan 1980-talet. Drivkraftene i både økonomi, politikk og kultur er transnasjonale, kanskje meir enn i nokon anna periode (Eriksen, 2008, s.17). Framstega innan transport- og teknologiutvikling legg til rette for at folk enklare enn nokon gong kan reise over store avstandar, relativt hurtig og billig. Reising jorda rundt er blitt ei samtidstrend, spesielt for den rike delen av befolkninga, primært busett i Vesten.

«Globalisering som begrep viser både til komprimeringen av verden og intensivering av bevisstheten om verden som helhet» (Robertson, 1992, s.8, ref i. Eriksen, 2008, s.17). Auka

samanveving på tvers av landegrenser har lagt grunnlaget for ei auka kjensle av internasjonalt medborgarskap. I dette omgrepet ligg det ei forståing av individet som ein deltar i ei global verd, utanfor nasjonalstaten sine grenser. Globalt medborgarskap vert rekna som eit ‘produkt’ av globalisering, og er nært knytta til omgrepet kosmopolisme (Carter, 2001, s. 2).

Kosmopolisme er ein tanke om at alle menneske hører til eit felles samfunn. Det sentrale målet er harmoniske relasjonar mellom jordas befolkning. «It has long described a moral position that celebrates cultural diversity and human rights and an active concern for the needs of others» (Carter, 2004, ref. i Lyons m. fl., 2011, s. 363). Mary Mostafanezhad definerer kosmopolitisk empati som ein «emotional response to the plight of the poor in the Global South» (Mostafanezhad, 2014, s. 70). Internasjonalt medborgarskap og kosmopolisme reiser spørsmål om vi som globale medborgarar har eit kollektivt ansvar for kvarandre og for vår felles moder jord.

Det kan argumenterast for at vi lever i nyliberalismens tidsalder. «Nyliberalisme er ei nokså utflytande samling av idear om korleis staten skal organisere tilhøvet sitt til omgjevnadane sine, og ikkje ein fullstendig politisk filosofi eller ideologi» (Mydske m.fl., 2007, s. 46). Sentralt innan nyliberalisme står tanken om at frihandel og frie marknadar er den beste måten å organisere utveksling av godar og tenester på. «Nyliberal ideologi kan òg skildrast som ei ekstrem form for individualisme, der det einaste enkeltmennesket treng å tenkje på, er si eiga sjølvrealisering» (Eriksen, 2006, ref. i Mydske m. fl., 2007, s. 46).

Mary Conran meiner at utbreiinga av nyliberal globalisering og eit gryande forbrukarmedvit i Vesten, delvis har lagt det kulturelle grunnlaget for den aukande volontørturismen vi er vitne til i dag (Conran, 2011, s. 1456). Fleire har prøvd å identifisere volontørturistane. Ifølgje Conran representerer volontørturistane ofte middel- og overklassen i samfunnet. Dei er høgt utdanna og globalt medvitne individ som sympatiserer med rørsler som arbeider for ei meir rettferdig verd innan anti-globalisering, anti-nyliberalisme, og anti-imperialisme (Conran, 2011).

### **3.2.1 Forståinga av «oss» og «dei andre»**

Tankesett kring «oss» og «dei andre» kan vere med på å forklare volontørturismen som fenomen. For å forstå kvifor så mange frå det rike nord vel å reise ut som volontør til det fattige sør, kan ein rette søkjelyset mot vestlege verdiar og haldningar. Vestleg sjølvforståing

og vestlege sine forståinga av «dei andre» kan vere viktig. Volontørturisme har blitt ei utbreidd samtidstrend, og Noreg er ikkje noko unnatak.

Utan å sette likskapsteikn mellom volontørturisme og bistand, kan argumenta til bistandskritikar og professor Terje Tvedt belyse kva den norske sjølvforståinga har å seie for eit gjennomgåande ynske om å hjelpe «dei andre» (Tvedt, 2005). Tvedt skriv om Noreg, nordmenn og norske sjølvbilete, men eg ser det som sannsynleg at liknande tankegods også kan ligge til grunn for individ frå til dømes USA eller andre vest-europeiske land som er viktige bistandsdonorar.

Tvedt hevdar at Noreg gjennom globaliseringsprosessar har knytt sin internasjonale profil til utviklings- og fredspolitikk på den globale arena (Tvedt, 2005). Tvedt ser Noreg sin lange tradisjon som givar- og fredsmeklingsnasjon som del av norsk sjølvforståing, identitet og kultur. Han nyttar frasen «det norske godhetsregimet» for å forklare dette. Med Noreg si rolle som statleg endringsagent i den ikkje-europeiske verda, hevdar han det er rimeleg å «fortolke norsk politikk, diskusjon og handling overfor Asia, Afrika og Latin-Amerika i tiårene rundt årtusenskifte som et sentralt nasjonalt dannelsesprosjekt» (Tvedt, 2009, s. 24). Nyttårstalen 1. januar 2000, frå dåverande statsminister Kjell Magne Bondevik illustrerer dette på ein god måte:

*Norge må være en nestekjærlighetens og solidaritetens nasjon. La oss følge i Fridtjof Nansens spor ved trofast innsats for flyktninger og nødlidende i andre land. [...] Norge er blant verdens fremste i bistand. Vår visjon er at en dag skal ingen barn rekke ut sine hender etter brød – uten å få det. Huskes vi som et solidarisk Norge, har Nordmenn grunn til stolthet.* (Tvedt, 2009, s. 17)

Nasjonale danningsprosessar har forma vårt sjølvbilete gjennom fleire tiår. Fred og utvikling er blitt nasjonen si merkevare, og Noreg har stått fram som ein nasjon med ambisjonar om å vere ei humanitær stormakt (Tvedt, 2002). Tvedt hevdar at norsk bistand og utviklingsarbeid er prega av eit konstant därleg samvit over eigen rikdom og andre sin fattigdom. «Det norske godhetsregimet» kan såleis vere med på å forklare korleis vi næraast har blitt lært opp til å sjå vår eiga rolle som «givar» – den som skal hjelpe «dei fattige» og dei som lid naud.

Medan Tvedt ser på korleis våre handlingar er styrt av sjølvforståing, peikar Edward Said på korleis vi gjennom tidene har prøvd å forstå andre (Said, 1978, 1995). Dei er begge opptekne

av korleis forståinga av «oss» heng saman med forståinga av «dei andre». Said (1935 - 2003) er ein sentral teoretikar innan postkoloniale studiar som gjennom sitt arbeid peika på kritikkverdige forhold i konstrueringa og forståinga av «dei andre», representert ved Orienten. I boka *Orientalism* frå 1978, ser han på vestlege oppfatningar av Orienten (Midtausten), og hevdar at Vesten i lange tider har skapt eit feilaktig og mangelfult bilet av Orienten. I boka går han metodisk til verks, og analyserer ulik produksjon av kunnskap om Orienten. Han viser korleis Vesten har skapt eit skilje mellom «oss» (oksidenten) og «dei andre» (orienten), og korleis Vesten sin overlegne maktposisjon legitimerte imperialisme og innblanding i Orienten (Said, 1978).

Said sitt arbeid er nytta for å sette kritisk søkjelys på korleis det i Vesten vert konstruert bilet av «dei andre», basert på stereotypiar og forenklingar av menneska utanfor Vest-Europa og USA. Eit dominerande bilet av «dei andre» har ifølgje Said vore prega av eksotisering og ei framandgjering av det som ser annleis ut, med vestleg kultur som målestokk. «Ett aspekt ved den elektroniske, postmoderne verden, er at det har vært en forsterkning av stereotypene som former vår oppfatning av Orienten» (Said, 1994, s. 37). Said forklarar stereotypiane mellom anna med at informasjon har blitt tvungen inn i stadig meir standardiserte former gjennom medium som fjernsyn og film, som påverkar våre bilet av Orienten.

Tvedt og Said skildrar synet på og forståinga av «oss» og «dei andre», ei rollefordeling prega av asymmetri. I den asymmetriske relasjonen er det eit skilje mellom den som «ser», eller har *agens*, medan andre «vert sett» og står fram som mottakar av andre sine handlingar. Den asymmetriske relasjonen plasserer Vesten og det «vestlege» i ein meir privilegert posisjon, som den handlande aktøren.

Perspektiva til Tvedt og Said kan vere nyttige for å forstå korleis volontørane ser på si eiga rolle som volontørar i eit framand land, og korleis dei ser og opplev nepalarar. Ytre faktorar som globaliseringsprosessar og volontørane si forståing av seg sjølve og «dei andre» kan vere med på å forklare ynsket om å arbeide som frivillig på eit meir umedvite nivå for volontørane sjølve. Dei meir opplagte forklaringane, finn vi i dei personlege motivasjonsfaktorane hos kvar einskild volontør.

### **3.3 Aktørorienterte forklaringar av motiv til grunn for volontørturistar**

Våre handlingar kan forklara ut i frå individuelle motiv og motivasjonar. Volontørturistane i mitt utval har alle individuelle motiv som ligg til grunn for ynsket om å arbeide som frivillig i Nepal. I motsetnad til dei strukturelle rammene som kan vere med på å forklare kvifor folk arbeider som volontørar, peikar aktørforklaringar på dei individuelle motivasjonsfaktorane hos kvar enkelt aktør. I det følgjande vil eg presentere ulike forskarar sine funn innan volontørturismefeltet, som søker å forstå motivasjonsfaktorane som ligg til grunn for volontørturismen.

#### **3.3.1 Altruisme eller egoisme?**

Innan forskingslitteraturen kring volontørturistar har det vore vanleg å stille spørsmål om det er egoistiske eller altruistiske haldningar som ligg til grunn (Grabowski, 2013). Egoistiske motiv dreier seg om ein tenke- og handlingsmåte der eigeninteressa rår, og der eiga vinning er sentral. I motsett ende av skalaen finn vi altruisme, der ein handlar ut ifrå andre sitt beste, eller samfunnet som heilskap sitt beste. Ifølgje Simone Grabowski hevdar forskarar at det har skjedd ei endring, frå frivillig arbeid hovudsakleg motivert av altruisme mot blant anna sjølvutvikling og personlig vekst som motivasjonskjelde (Grabowski, 2013).

Wearing og McGehee er blant dei som hevdar at dei altruistiske motiva er sentrale for volontørturistane. «...we can say with some confidence that altruism is one of the most common motives associated with volunteer tourism» (Wearing & McGehee, 2013, s. 132). Callanan og Thomas viser til volontørturismen sitt opphav, og hevdar at volontørarbeid har sine røter i altruistiske misjonsrørsler på 1900-talet, der drivkrafta var å redusere klassekilje i samfunnet (Callanan & Thomas, 2005). I sin definisjon av volontørturisme viser dei til Bussel & Forbes (2002) som hevdar at «to be considered a volunteer, altruism must be the central motive where the reward is intrinsic to the act of volunteering» (Callanan & Thomas, 2005, s. 184). Wearing og McGehee forklrar altruismen med våre moralske prinsipp. Dei moralske prinsippa kjem til syne gjennom forventningar i samfunnet som til dømes å hjelpe andre menneske i naud (Wearing & McGehee, 2013, s. 133). Butcher og Smith (2010) argumenterer også for å sjå volontøren som altruistisk med intensjonar om å gjere gode handlingar: «Volunteer tourists [...] see themselves as simply wanting to make the world a better place» (Butcher & Smith, ref. i McDonald & Wilson, 2013, s. 113).

Sin (2009) derimot, er blant dei som hevdar at volontørturistar primært er motivert ut ifrå egoistiske motiv. Ho fann at det å reise var ein viktigare motivasjonsfaktor for volontørturistar enn det å hjelpe andre eller arbeide som frivillig (Sin, 2009). Woosman og Lee forstår dette som mangel på altruisme blant volontørturistane, ettersom mange er meir interessert i å oppnå personlege mål enn å hjelpe lokalsamfunn i naud (Woosman & Lee, 2011). Simpson undersøkte motiva hos studentar som tok eit friår, og kom i likskap med Sin fram til at det hovudsakeleg var egoistiske motiv som styrte dei inn i volontørturismen (Simpson, 2004, referert i Grabowski, 2013).

Grabowski viser at motivasjonsfaktorane for volontørturistar er komplekse, ettersom det er mange faktorar som spelar saman. Til trass for at det finst forsking som tilseier at hovudmotiva for volontørturistar enten kan plasserast i retning av rein altruisme eller egoisme, vil nok dei fleste seie seg einig med Hustinx som hevdar at volontørar ikkje er fødde altruistar, men at motivasjonane kan finnast kor som helst på skalaen mellom ytterpunktet rein altruisme og rein egoisme (Hustinx, 2001, 65, referert i Grabowski, 2013). Volontørturistar kan altså vere motivert ut ifrå ynske om å hjelpe andre, eigeninteresser eller litt av begge deler.

Eugenia Wickens har gjort ein studie kring motivasjon og erfaringar hos volontørturistar innan samfunns- og utdanningsprosjekt i Kathmandu Valley i Nepal. Ho fann at volontørturistane hadde reist til Nepal av fleire grunnar, men først og fremst i søken etter ei sannferdig og ekte oppleving av å leve i eit utviklingsland, i ei verd langt unna eigen kultur (Wickens, 2011). Den dominerande motivasjonsfaktoren viste seg å vere ynsket om å oppleve nepalsk kultur, medan ynske om å lære om utviklingsarbeid i Nepal og personleg utvikling også var viktige faktorar (Wickens, 2011).

### **3.3.2 Grabowski: Viktige motivasjonsfaktorar innan volontørturismen**

Simone Grabowski har doktorgrad innan «Tourism management», og arbeider ved University of technology i Sidney, i tett samarbeid med Stephan Wearing. Grabowski har gjort ei samanfatning av forskingsfeltet og litteraturen kring motiva som ligg til grunn i volontørturismen. I sitt arbeid har ho laga ein modell der ho trekk fram åtte ulike motivasjonsfaktorar. Grabowski meiner det ikkje er nokon spesiell motivasjon som er meir vanleg enn andre, og at kva motivasjonsfaktor som er viktigast vil vere avhengig av personen sine verdiar, personlegdom og livsstadium (Grabowski, 2013).

### «Altruism» (1)

Grabowski viser til fleire studiar (td. Stoddart & Rogerson, 2004; Brown & Lehto, 2005) som konkluderer med at ynsket om å reise og arbeide frivillig, grunna i eit underliggjande ynske om å hjelpe eit lokalsamfunn i naud og å «hjelpe dei fattige» (Grabowski, 2013).



**Figur 3: Primary motives for volunteer tourists.** Henta frå «volunteer Tourists: Why Do They Do It?» av S. Grabowski, 2013, International Volunteer Tourism, s. 82.

### «Travel» (2)

Reising er eit sentralt element ved volontørturismen, der volontøren ofte oppsøkjer eit utviklingsland for å bidra eller arbeide med eit prosjekt. Ynsket om å reise kan vere drivkrafta bak at volontørar vel å arbeide i eit anna land framfor i eige land eller lokalsamfunn. Grabowski hevdar at motivasjonen «å reise» i mange tilfelle veg tyngre enn motivasjonen «å hjelpe» (Grabowski, 2013).

### «Adventure/discovery» (3)

Ein viktig motivasjonsfaktor som vert trekt fram innan volontørturismen er ynske om spanande opplevingar, nye «eventyr» og oppdaging og utforsking av nye plassar og nye ting. Ynsket om gjere noko annleis, kome seg vekk frå heimlandet og oppleve noko nytt kan for nokre vere viktigare enn altruistiske motiv (Grabowski, 2013).

### «Social interaction» (4)

Gjennom volontørturisme er det vanleg at folk vert kjend med likesinna menneske med felles interesser, verdiar og haldningar. I forskingslitteraturen er ikkje dette trekt fram som ein viktig motivasjonsfaktor, men det vil vere viktige for nokre. Brown & Lehto (2005) fann at det sosiale aspektet var spesielt viktig blant eldre volontørar (Grabowski, 2013).

### «Self development» (5)

Volontørturismeferaringar kan legge eit grunnlag for utvikling av sjølvet. Fleire studiar har vist at dette ikkje berre er ein konsekvens av verksemda, men også er ein viktig motivasjon blant unge volontørar for at dei vil reise utanlands og arbeide som frivillige (Grabowski,

2013). Rehberg (2005) fann at volontørane forventa å bli meir modne og sjølvskire, samstundes som dei ville bli meir tilfredse med livet, etter å ha gjennomført volontørarbeidet. Volontørane såg på aktiviteten som noko som ville gje dei ei personleg utvikling, samt gje dei kunnskapar om miljøet der dei arbeidde (Grabowski, 2013).

#### **«Professional development» (6)**

Forsking gjort av Broad og Jenkins (2008) fann at etter motivasjonsfaktorane altruisme og reising, var ynsket om å styrke CV-en ein av dei viktigaste motivasjonsfaktorane. Volontørane i studien var studentar som hadde tatt eit år fri og tenkte at frivillig arbeid ville gjere dei meir attraktive på arbeidsmarknaden når dei kom heim att (Grabowski, 2013).

#### **«Cultural immersion» (7)**

Volontørturismen kan potensielt leggje til rette for nær kontakt med kulturelle normer og tradisjonar i landa dei besøker, og kan hjelpe volontøren til å lære meir om «dei andre» sin kultur. Å møte og å bli involvert i den lokale kulturen, kan vere ein viktig motivasjonsfaktor blant volontørane. Gjennom volontørarbeid kan tverrkulturell utveksling finne stad. Sin (2009) fann at volontørturistane trakta etter den autentiske kulturen og autentiske opplevingar, noko som kunne realiserast gjennom meiningsfulle relasjonar med lokalsamfunna (Grabowski, 2013).

#### **«Right time, right place» (8)**

Grabowski hevdar det valet om å arbeide som volontør på eit gitt program og på ein gitt stad, kan vere meir tilfeldig. På spørsmålet om kvifor nokre vel å arbeide som volontør i staden for å leggje ut på ei lengre reise til destinasjonen, trekk ho fram ulike faktorar. Først og fremst er mange av volontørane i ein overgangsfase i livet, og tek i samband med dette eit friår til dømes mellom utdanning og arbeid, undervegs i utdanninga eller i overgangen til pensjonisttilvære. Volontørane må både ha tid og pengar til å kunne reise. Grabowski trekk også fram at trygge og godt tilrettelagde rammer rundt volontørprogramma er viktige for mange volontørar. Gjennom volontørarbeid kan ein kome i nærbane med lokalsamfunn, og få bu hos ein vertsfamilie, noko ein ikkje så lett kan gjere om ein reiser som «vanleg turist». «The volunteer tourist is considered less of a ‘drifter’ and more of an organized tourist» (Grabowski, 2013, s. 82).

Volontørturismeprogramma har potensial til å skape læringsopplevelser hos volontøren, ein faktor som kan vere ein viktig motivasjon ifølgje Grabowski. Erfaringane ein gjer seg som volontørturist

kan vere lærerike på tre ulike områder: «first to enrich one's emotional-self; secondly to build on skills and experience necessary for future careers; and thirdly to understand a new culture» (Grabowski, 2013, s. 89). Desse tre læringsområda trekk ho fram som motivasjonsfaktorar i modellen, under kategoriane «self development», «professional development» og «cultural immersion». Grabowski viser med dette at visse faktorar både kan fungere som læringsutbytte av erfaringane, samt vere sentrale motivasjonsfaktorar.

Modellen til Grabowski fangar opp dei ulike faktorane som dominerer i litteraturen om motivasjonar i volontørturismen. Ein kritikk mot denne modellen, og som gjer at han ikkje vil vere like anvendeleg i møte med mine data, er at han manglar det religiøse aspektet. Dei religiøse motiva må på plass for å famne om heile spekteret av forklaringar.

### **3.3.3 Religiøse motiv**

Religiøse motivasjonsfaktorar er ikkje sentralt i Grabowski sitt arbeid, men ho viser til at forsking i nyare tid har byrja å utforske samanhengane mellom religion og motivasjonar i volontørturismen, og i kva grad religion verkar inn på altruistisk motivasjon (Grabowski, 2013). Shabu (2009) har gjennomført ein studie kring volontørturisme i Kenya. Shabu fann at den dominerande motivasjonsfaktoren for volontørturisme blant unge kristne botna i religiøs overtyding: «[...] for young Christians, their values and beliefs assisted in formulating an altruistic need or desire to help others» (Grabowski, 2013, s. 77).

McGehee og Andereck (2008) drøftar også samanhengane mellom religion og motivasjon: «[...] researchers found a strong connection between religion and the motivation for volunteer activities on the part of the tourists, but there was some resistance by residents to faith-based organizations as being the major suppliers of volunteer tourists» (McGehee & Andereck, 2008, s. 49). Religiøse motivasjonsfaktorar hos volontørturistar er ifølgje McGehee og Andereck eit fasinerande fagområde som fortener større merksemd i det akademiske forskingsmiljøet (McGehee & Andereck, 2008, s. 49).

## **3.4 Kritiske perspektiv på volontørturisme**

Innan forskingsfeltet har forskarar stilt seg kritiske til volontørturismen på fleire plan. Det dreier seg både om kritikk av motiva blant volontørturistane, og ei problematisering av uheldige effektar og utfall av det sosiale fenomenet. Skal ein tru Daniel Guttentag rett, har tidlegare forsking primært fokusert på fordelane ved volontørturisme (Guttentag, 2009). Han

meiner forskinga kring volontørturisme har mislukkast i å sjå negative konsekvensar. Guttentag er ein av fleire som nettopp har sett søkjelys på potensielle negative konsekvensar ved volontørturisme, og peika på ei rekke kritikkverdige forhold: «...a neglect of locals' desires, a hindering of work progress and completion of unsatisfactory work, a disruption of local economies, a reinforcement of conceptualizations of the 'other' and rationalizations of poverty, and an instigation of cultural changes» (Guttentag, 2009, s. 537).

Eg vil no løfte fram nokre bidrag i forskingslitteraturen som stiller seg kritisk til i kva grad ein kan oppnå tverrkulturell forståing, samt auka sosialt og økonomisk medvit, frå volontørturismen. Eg lyfter også fram Guttentag sin kritikk om korttidsopphald og utilfredsstillande arbeid i volontørturismen, og korleis dette kan få negative konsekvensar for lokalbefolkinga. Ettersom volontørturismen har blitt ein omfattande industri, har det blitt peika på nokre uheldige utfall. Kva skjer når volontørturisme vert business? Avslutningsvis vil eg trekke fram etiske implikasjonar, med «barneheim-volontørismen» som døme.

Møtet og relasjonen mellom volontør og lokalsamfunn har vore gjenstand for kritikk. Nyare forsking har identifisert potensial for å fremje tverrkulturell misforståing i dette møtet. Raymond og Hall hevdar at volontørturisme ikkje alltid resulterer i auka tverrkulturell forståing for dei involverte, og kan i nokre tilfelle forsterke i staden for å redusere kulturelle stereotypiar (Raymond & Hall, 2008). Dei meiner organisasjonane bak volontørprogramma har ei viktig rolle i å sikre at stereotypiar vert brotne ned heller enn forsterka. McGehee ser også organisasjonane og aktørane bak volontørturismen som ansvarlege for at tverrkulturell forståing skal kunne utviklast. Ho hevdar at organisasjonane både har potensial til å vere katalysator for positiv sosiokulturell utveksling og tilretteleggar av neokolonialisme og avhengigkeit (McGehee, 2011).

Joanne Ingram hevdar at volontørturismeindustrien gjer fattigdom til ei salsvare, og kan skape ubalanse i maktrelasjonane mellom vert og volontør. Volontørane kan sjå seg sjølv som overlegen i relasjonen og tenkje at ved å formidle eigen kunnskap, som "dei veit best", skal kunne tilby dei fattige hjelp (Ingram, 2011). I kritikarmiljøa rår det ei uro for uheldig påverknad på den lokale kulturen. Guttentag stiller seg kritisk til kulturmøter mellom volontørar frå rike land og fattige lokalsamfunn, der volontørane tek med seg vestlege verdiar. Han viser til Simpson, som hevdar at: «Western volunteer-tourists can be seen as 'modelling' a way of living, a lifestyle of cultural and material values» (Simpson, referert i Guttentag,

2009, s. 547). Mostafanezhad stiller seg kritisk til korleis vestlege aktørar har gått fram i utviklingslanda. Ho viser til aktivitetar som å byggje hus, drive engelskundervisning eller gå inn i omsorgsroller for barn. «Together, these contemporary cultural practices play an important role in promoting Western ideology and hegemonic power» (Mostafanezhad, 2014, s. 34). Desse perspektiva peikar på den asymmetriske relasjonen som kan oppstå mellom vestlege volontørar og folk i vertslanda.

Mostafanezhad viser korleis volontørturistar forstår den globale økonomiske skeivheita, og fattigdommen i lokalsamfunna dei besøker som autentisk og kulturelt betinga. «Volunteer tourists aestheticize poverty by articulating it as authentic and cultural» (Mostafanezhad, 2013, s. 164). Den asymmetriske relasjonen mellom volontørturist og vert, samt misforståing av årsakene til utvikling og fattigdom i vertsnasjonen, kan vere til hinder for utvikling av auka sosialt og økonomisk medvit.

Fleire forskrarar stiller seg kritisk til ukvalifiserte volontørturistar, som ikkje er kjende med den lokale kulturen, og som berre skal vere i lokalsamfunnet i kortare tidsrom. Verknadane av arbeid utført av ukvalifiserte volontørar er forska lite på, men skepsisen er stor i dei kritiske miljøa (Guttentag, 2009). Eit hovudargument som vert presentert er at dei unge volontørane er utrena med hovudsakeleg egoistiske motiv (Wearing & Grabowski, 2011). Guttentag viser til Engen som kritiserer korttidsopphald og hevda at «Short-term mission groups almost always do work that could be done (and usually done better) by people of the country they visit» (Engen, referert i Guttentag, 2009, s. 544). Nokre arbeidsoppgåver krev faglege kvalifikasjonar og erfaringar, og Callanan og Thomas trekk fram arbeid innan medisin og undervisning som døme. Volontørarbeid innan desse sektorane er dei mest populære for volontørarbeid i periodar på mindre enn seks månadar (Callanan & Thomas, 2005). I volontørprosjekt der nær kontakt med barn og unge er viktig, stiller kritikarane seg særleg kritisk til korttidsopphald. Det tek gjerne lang tid før bidraga byrja å gjere ein reell skilnad i lokalsamfunna, samstundes som ein kan hevde at det er uheldig for barn å ha lærarar i kortare tidsrom, ettersom stabilitet er naudsynt for læring og utvikling (Callanan & Thomas, 2005). Ynsket om å gjere ein skilnad og hjelpe dei fattige, kan sjåast som grunnlaget for all volontørturisme. Synet på, og forholdet mellom «hjelparar» og «dei hjelpetrengande» i volontørturismen har også sanka kritikk. «The implicit assumption in volunteer tourism that some lives are for saving while others are for being saviors has been critiqued in popular media as well as academic sources» (Conran, 2011, s. 1464).

Eit kjenneteikn med volontørturismen er at ein lyt betale for å arbeide som frivillig. Tomazos og Butler stiller seg kritisk til det dei meiner har vorte ein massiv industri, og hevdar at innhaldet i fenomenet volontørturisme har endra seg, og at volontørturismen no ligg i hendene til kommersielle aktørar:

*The pattern has changed very greatly from the 1920s when volunteer tourism was essentially personally motivated and organized and more a case of doing-good in one's leisure time, to the 2000s when opportunities exist to have a holiday in a pleasant location and feel one is contributing to good causes. The balance has clearly shifted away from empathy towards hedonism and from altruism to profit.* (Tomazos & Butler, 2009, s. 347)

Frivillig arbeid i fattige land i sør har blitt kommersialisert. Tomazos og Butler (2009) er ikkje dei einaste som stiller seg kritisk til at nokon kan tene pengar på volontørarbeid. Moglegheitene for å tene pengar på volontørturisme har mellom anna i Nepal skapt rom for oppretting av såkalla «falske barneheimar». *Next Generation Nepal* (NGN) publiserte i 2014 ein oppsiktsvekkande rapport om skuggesidene ved volontørturismen i tilknyting til barneheimar i Nepal. Denne kritiske rapporten set søkjelys på dei negative konsekvensane av business i kombinasjon med volontørarbeid.

*There are many volunteer and tourist agencies based in both Nepal and foreign countries that offer orphanage voluntourism services (it is likely that most foreign-based agencies are unaware of the illicit business they are involved in). A simple Internet search for 'Nepal orphanage volunteer' will bring up hundreds of opportunities for volunteering in orphanages.* (Punaks & Feit, 2014, s. 21)

Rapporten er klar, og skuldar denne industrien for brot på menneskerettane, gjennom menneskehandel, institusjonalisering av barn som ikkje er foreldrelause og seksuelle overgrep. «The evidence is clear: orphanage voluntourism is partly responsible for fueling orphanage trafficking and the unnecessary institutionalization of children in Nepal» (Punaks & Feit, 2014, s. 21).

### 3.5 Oppsummering

I dette kapittelet har eg presentert sentral teori innan volontørturismefeltet, der både positive verknader av verksemda og kritiske perspektiv er drøfta. Strukturelle rammer og tankegods om “oss” og “dei andre” kan vere med på forklare kvifor folk ynsker å reise ut som

volontørar. Aktørforklaringar knytt til individuelle motivasjonsfaktorar vart også løfta fram, med særleg vekt på Simone Grabowski sitt arbeid kring motivasjonsfaktorar i volontørturismen. Teorien som er presentert i dette kapittelet vil både nyttast som strukturingsverktøy i analysen, og som inngang til ei meir teoretisk drøfting av det empiriske materialet mitt. Ved å sjå eigne funn i lys av relevant teori håpar eg å kunne etablere meir kunnskap om kvifor folk reiser til Nepal for å arbeide som frivillig, samt få ei breiare forståing av fenomenet volontørturisme i Nepal. Eg håpar også å kunne seie noko om korleis volontørane ser på si eiga rolle som volontørar, og korleis dei opplever nepalarane.

## 4 Metode

I dette kapittelet vil eg drøfte dei metodiske vala eg har tatt undervegs i forskingsprosessen i lys av relevant metodeteori. Først vil eg sjå på metodar og undersøkingsdesign som eg har nytta for å belyse og svare på problemstillingane mine. Datamaterialet er samla inn gjennom feltarbeid, der det kvalitative forskingsintervjuet og deltakande observasjon har vore sentralt. Vidare vil eg drøfte nokre metodiske utfordringar, og til slutt ta opp nokre etiske problemstillingar relevante for forskingsopplegget mitt.

I ein vitskapsteoretisk samanheng vil eg plassere denne oppgåva innan den samfunns-vitskaplege forskingstradisjonen. Samfunnsvitskapen studerer korleis menneske tenker og handlar. Val av metodisk tilnærming skal vere eit pragmatisk val ut i frå kva som eignar seg i ei gitt problemstilling (Jacobsen, 2005, s. 42). Den pragmatiske tilnærminga representerer den gylne middelveg mellom positivistisk og fortolkingsbasert tilnærming. Positivismen hevdar at det finst ei objektiv røynd som ein kan studere på ein nøytral måte, medan den reit fortolkingsbaserte tilnærminga ikkje tek utgangspunkt i ei objektiv røyndom, men ulike subjektive forståingar av røyndomen (Jacobsen, 2005, s. 25). I mitt forskingsprosjekt har eg i tråd med den fortolkingsbaserte tilnærminga søkt å kartleggje ulike forståingar av røyndommen ved å sette meg inn i «hvordan mennesker fortolker og legger mening i spesielle sosiale fenomener» (Jacobsen, 2005, s. 25). Eg plasserer meg såleis i noko grad i den fortolkingsbaserte tilnærminga, men har likevel ei pragmatisk tilnærming ettersom eg sokjer å avdekke regelmessigheiter og intersubjektivitet kring det sosiale fenomenet (Jacobsen, 2005, s. 33).

### 4.1 Metode og design

Innan all forsking og undersøking er det viktig at innsamling av data, handsaming av informasjon og presentasjon er systematisk. Resultatet er avhengig av at forskaren har eit medvite forhold til eigen framgangsmåte og metodiske utfordringar. Jacobsen poengterer at det ikkje finst noko perfekt forskingsprosess, ettersom alle slike prosessar har feil, svakheiter og manglande presisjon. «Poenget med å kunne forskningsmetode er ikke å unngå feil – det er ikke mulig – men å kunne gjøre rede for hvilke mulige svakheter som er knyttet til resultatene av en konkret undersøkelse» (Jacobsen, 2005, s. 17).

Eg har samla inn datamaterialet mitt gjennom feltarbeid, kvalitative intervju og deltakande observasjon, og har streva etter ei induktiv tilnærming til materialet mitt. Med induktiv

tilnærming er idealet at forskaren går «ut i virkeligheten med noe tilnærmet et helt åpent sinn, samler inn all relevant informasjon og til slutt går i tenkeboksen og systematiserer de data de har fått inn» (Jacobsen, 2005, s. 29). Ved induktiv datainnsamling går ein kort fortalt frå empiri til teori. I mitt tilfelle har eg ikkje møtt feltet med «eit heilt ope sinn», ettersom eg på førehand hadde lest meg opp på forskingslitteratur og teori knytt til frivillig arbeid og volontørturisme. Dette opplever eg ikkje som ein svakheit. At eg som forskar var godt førebudd, ser eg som ein føresetnad for at eg skulle stille dei rette spørsmåla som kunne hjelpe meg med å kaste lys over og svare på problemstillinga mi. Monica Dalen summerer opp dette godt. «If you go in with an empty mind, you will come out with an empty notebook» (Dalen, 2011, s. 25).

Målsetjinga med undersøkinga mi var å gå i djupna på fenomenet volontørturisme, og sjå på motivasjonsfaktorane til volontørane som arbeidde innan utdanning i Nepal. Eg hadde eit relativt intensivt undersøkingsopplegg, med få einingar eller individ. Intensive design er «velegnet til å belyse problemstillinger der vi er interessert i dybde, nyanser, forholdet mellom individ og kontekst» (Jacobsen, 2005, s. 133). For meg var det interessant å undersøkje tendensar og variasjonar blant informantane mine, noko som prega utvalet og undersøkingsopplegget mitt. Informantane i mitt utval representerer difor ulike aldersgrupper, bakgrunnar og volontørprosjekt. Eg var interessert i å kunne oppdage og sjå nærare på ulike haldningar, verdiar, motivasjonar og erfaringar blant volontørane.

Det var aldri eit mål om å kunne føreta ei statistisk generalisering på grunnlag av datamaterialet mitt. Eg hevdar likevel at det er grunnlag for å kunne føreta ei teoretisk generalisering. Eit kriterium for å føreta ei teoretisk generalisering vil vere at ein når eit teoretisk metningspunkt, der utveljinga av nye informantar kan avsluttast når nye einingar ikkje tilfører vesentleg og ny informasjon i høve problemstillinga (Grønmo, 2004, s. 89).

#### **4.1.1 Kvalitativ metode**

Eg har nytta kvalitativ metode som strategi for innsamling av primærdata. Dette betyr at eg hovudsakleg har arbeidd med ord og meininger (kvalitativt), framfor tal og statistikkar (kvantitativt). Hovudskilnaden på dei to metodiske tilnærmingane er graden av openheit, der kvalitativ metode vert strukturert først etter at informasjonen er samla inn. Forskaren er i mindre grad inne og styrer informanten sitt svar (Jacobsen, 2005, s. 127).

Eg vurderer den kvalitative metoden som best eigna for å få svar på mine problemstillingar, ettersom eg hovudsakleg ikkje er oppteken av fenomenet si utbreiing, mengd og omfang, men heller søker ei djupare forståing ved det sosiale fenomenet volontørarbeid og volontørturisme. Gjennom kvalitativ metode har eg fått betre innsikt i meiningsdimensjonen ved det sosiale fenomenet og korleis volontørar opplever og forstår det.

## 4.2 Konstruksjon av data

Hausten 2015 samla eg inn eigne primærdata gjennom feltarbeid i Kathmandu. Innsamlinga, eller konstruksjonen av data, kan delast inn i to fokusområde, der eg nytta ulike metodiske tilnærmingar. For å få innblikk i volontørane sine tankar og motivasjonar, vart intervju og feltsamtalen den viktigaste metoden. For å få ei breiare forståing for kva volontørane var med på, var det også viktig å kunne ta del i, og observere dei i kvardagen. Dei to fokusområda som har vore sentrale for innsamlinga av data har altså vore volontørane og praksisen, med intervju og observasjon som dei sentrale metodiske tilnærmingane.

Utvælet av informantar er basert både på tilfeldig og strategisk utval. I Nepal tok eg kontakt med rundt ti organisasjonar som eg grunna nettsøk visste tilbydde volontørprogram i Kathmandu som innebar undervisning. Nokre av organisasjonane var velvillige til å la meg få treffe volontørane eller snakke med leiarane, medan andre avviste meg blankt og argumenterte med at dei hadde forpliktingar når det gjaldt volontørane sin anonymitet. Dei fleste av møta med informantane var planlagt, men tilfeldigheiter gjorde at eg kom i kontakt med fleire av informantane mine. Eit døme er kontakten eg fekk med ein informant etter å ha overhøyrt ho fortelje om prosjektet sitt til andre volontørar på ein kafé like ved der eg budde. Denne informanten ville gjerne stille til intervju neste dag, ein positiv respons som eg opplevde frå samlege volontørar som vart spurt om å ta del i studien.

For å gjere ei avgrensing av informantgruppa valte eg å intervju voluntørar som arbeidde med undervisning i ei eller anna form, eller gjorde arbeid som la til rette for betre utdanning i Nepal. Etter to månadar med feltarbeid hadde eg gjennomført 34 intervju med 28 volontørar. Ni av informantane fekk eg intervju både før og etter at dei hadde byrja å arbeide som volontørar. Fem av informantane fekk eg aldri høve til å treffe personleg, og valte difor å gjennomføre e-postintervju med desse. Nitten av volontørane var involvert i prosjekt som innebar undervisning, medan dei resterande ni arbeidde med konstruksjonsarbeid på landsbygda, der dei bygde skule. Informantane reiste og arbeidde gjennom ulike

organisasjonar og deltok i ulike program og prosjekt. Lengda på volontørarbeidet varierte frå tre dagar til seks månadar, og blant informantane mine er det eit aldersspenn frå 18 til 65 år. Berre seks av volontørane eg intervjuva var guitar/menn, noko som speglar ei klar overvekt av jenter blant volontørane som arbeider innan utdanning i Nepal.

Intervju med volontørane utgjer størstedelen av mitt datamateriale. I tillegg til desse informantane, gjennomførte eg nokre få ustrukturerte intervju med leiarar eller representantar for ulike organisasjonar. Desse intervjuva gav meg verdifull tilleggsinformasjon og forståing for dei ulike organisasjonane sine verdigrunnlag og ambisjonar.

#### **4.2.1 Det kvalitative forskingsintervjuet**

Monica Dalen viser til Kvale og Brinkmann (2009) si forståing av det kvalitative forskingsintervjuet: «Det kvalitative forskingsinterview forsøger at forstå verden fra interviewpersonernes synspunkt, utfolde meningen i folks opplevelser, afdække deres livsverden, førend der gives videnskabelige forklaringer» (Dalen, 2011, s. 15). I tråd med denne tilnærminga er det altså informantane si oppleving av røynda som er av interesse i mitt forskingsprosjekt.

I mitt feltarbeid samla eg inn data gjennom både observasjonar, feltsamtalar og gjennom semistrukturerte eller delvis strukturerte intervju. Eg strukturerte intervjuva ved hjelp av ein intervjuguide, som «omfatter sentrale temaer og spørsmål som til sammen skal dekke de viktigste områdene studien skal belyse» (Dalen, 2011, s. 26). I det semistrukturerte intervjuet er intervjuguiden utgangspunkt for intervjuet, men spørsmål, tema og rekkefølgja, kan variere. Fleksibiliteten gjev også rom for å stille oppfølgingsspørsmål (Krumsvik, 2014, s. 125). Graden av fleksibilitet som det semistrukturerte intervjuet gjev rom for, opplevde eg som svært gunstig i møte med informantane mine.

Hovudsakleg gjennomførte eg individuelle intervju, andlet til andlet med informantane. Det opne individuelle intervjuet eignar seg når relativt få einingar vert undersøkt, når ein er interessert i kva kvart enkelt individ seier og når ein er interessert i korleis den enkelte fortolkar og legg meining i eit spesielt fenomen (Jacobsen, 2005, s. 142-143). I tillegg til dei individuelle intervjuva gjennomførte eg tre intervju med to volontørar samstundes.

Gruppeintervjuva vart gjennomført grunna volontørane sine ynsker. I desse samtalane utspeglar det seg interessante samtalar mellom volontørane, der eg kunne kartleggje ulike synspunkt og

haldningar. Gruppessamspelet kan gjere det lettare for informantar å uttrykkje synspunkt kring kjensleladde og tabubelagde tema, som vanlegvis ikkje er tilgjengelege (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 162). Dette opplevde eg i intervjustituasjonane med to volontørar samstundes. Eg valte å ikkje gjennomføre fokusgruppeintervju med informantane som eg var mykje ilag med, ettersom eg då hadde fått observere og ta del i samtale og samhandling mellom fleire volontørar over tid. Det kom fram mykje interessant og relevant informasjon i feltsamtalar rundt leirbål, over ein kopp te, under transportetappar og måltid og generelt i sosiale settingar.

#### **4.2.2 Feltarbeid og observasjon**

Feltarbeid eller feltforsking kan definerast svært vidt. «Feltforsking kan omfatte alle de metoder og teknikker som synes hensiktsmessige for å skaffe ønskelig informasjon og for å systematisere denne informasjonen» (Grønmo, 2004, s. 342). Grønmo understrekar også at feltforsking er ein fleksibel tilnærming, der forskaren gjennom heile forskingsprosessen lyt vurdere kva metodar og teknikkar som høver best. Ein viktig faktor med feltarbeid som metode, er at forskaren sjølv deltek aktivt i feltarbeidet (Grønmo, 2004, s. 342).

Nær kontakt med volontørmiljøet i Kathmandu var viktig for å få innblikk i livet som volontør. Eg brukte mykje tid ilag med volontørane, og eg opplevde å raskt få innpass i miljøet. Kombinasjonen av volontørane sin openheit og vilje til å involvere meg, samt min nysgjerrigkeit og iver etter å kome i kontakt med dei, skapte rom for gode samtalar og verdifull interaksjon.

Som forskar greip eg kvar ein moglegheit til å vere ilag med volontørane. Eg fekk observere og ta del i to introduksjonsveker, der volontørar fekk innføring i nepalsk kultur og skulle

førebuast til prosjekta sine. Ei klar tillits-erklæring var å bli invitert med på helgetur saman med ei gruppe eg hadde observert under ei introduksjonsveke. Rafting og overnatting under open himmel med informantar og andre volontørar var noko eg sjølvsagt ikkje kunne takke nei til. Helgane var fritid for volontørane, og fleire gongar møtte eg volontørar i Thamel for å ete middag og ta del i sosialt samkvem. I tillegg til å vere saman med volontørane utanfor



**Foto 4.1: Raftingtur.** Helgetur med rafting og overnatting i telt saman med volontørar frå Red Panther. (Foto: privat)

arbeidsarenaen deira, fekk eg også høve til å besøke dei på dei ulike prosjekta, både i og utanfor Kathmandu. Eg besøkte eit dagsenter for barn med spesielle behov og ein provisorisk skule i ein flyktningleir for jordskjelvoffer i Kathmandu. To dagar var eg på ein barneheim saman med to volontørar, der eg fekk overnatte på rommet til informanten som eg besøkte. To av informantane mine arbeidde i eit kloster for buddhistiske munkar, ei reise som også kravde overnatting.

Den lengste utflukta mi tok meg til ein liten fjellandsby der volontørar arbeidde med å byggje opp att ein skule som hadde blitt øydelagd i jordskjelvet. Her var eg to netter, og fekk sjansen til å oppleve korleis det var å delta i konstruksjonsarbeid og å bu hos ein vertsfamilie på landsbygda i Nepal. Utdraget frå feltloggen min skildrar inntrykka frå den første dagen:

*Plassen her er veldig «back to basic» som volontørane seier. Primitive/enkle forhold, enkle hus og matlaging på vedfyrt omn i eit hjørne i førsteetasjen. Vi sit i eitt stort og røykfult opphaldsrom der folk, geiter, høner og hundar reker rundt. Ein lokal healer har vore her med røykelse og kasta ris ut døra medan han messa. Han skulle drive ut onde ånder frå sonen i huset, som er blitt sjuk. På rommet eg sov har den eine volontören tidlegare sett ei stor rotte i det eine hjørnet. Eg leitar ikkje etter ho... Det luktar bøffel og hønseskit i tunet, og dei små, lekre utedoane er ikkje akkurat luktfrile heller. Men eg føler meg veldig velkommen her av alle, både familien som bur her og av dei sju volontørane. I morgen skal eg vere med å flytte skule i Nepal. (Utdrag frå feltlogg, hausten 2015)*

Feltarbeidet gav meg viktig informasjon om konteksten og miljøet kring volontørane eg intervjuia. Gjennom nær kontakt med felten, volontørane eg forska på og deira miljø, fekk eg innblikk i kvardagen deira. På den måten kom eg «bak kulissane», og kunne betre forstå det sosiale fenomenet volontørturisme. Observasjonane gjorde meg betre rusta til å stille dei viktige spørsmåla i intervjustituasjonar med informantane mine.

I feltarbeid er feltsamtalen ein viktig metode i datainnsamlinga. Aase og Fossåskaret peikar på at forskaren i feltsamtalen gjerne får svar på spørsmål som ein ikkje har stilt (Aase & Fossåskaret, 2014, s. 31). Feltsamtalen fungerer som ein integrert del av deltakande observasjon, og utspelear seg lik den daglegdagse praten mellom folk. Denne meir uformelle dialogen mellom informant og forskar opplevde eg som ein god inngang til verdifull og relevant informasjon for oppgåva mi.

Observasjon som datainnsamlingsmetode var eit nyttig verktøy for meg ettersom eg ynskte innblikk i samhandling, samtalar og relasjonar mellom volontørane. Det var svært fruktbart for meg å kome så tett på volontørane som mogleg, både på jobb- og fritidsarenaer. Observasjon kan nyttast som ein supplerande metode for å svare på problemstillinga (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 63). I mitt forskingsarbeid var det kvalitative forskingsintervjuet den viktigaste datainnsamlingsmetoden. Likevel ser eg den deltakande observasjonen som eit verdifullt tillegg i mine studiar. Deltakande observasjon går ut på at forskaren sjølv samlar inn data ved å sjå og høre på aktørar medan dei handlar eller samhandlar, uttrykkjer meininger eller er involvert i hendingar (Grønmo, 2004, s. 142). Grønmo hevdar at den beste måten å vere til stades på, ofte er gjennom deltaking i aktørane si eigen verksemد, der forskaren både vert deltarar og observatør.

Som forskar lyt ein bestemme seg for kva feltrolle ein ynsker å ha i observasjonen. For meg var det viktig å engasjere meg gjennom samtalar og intervju, men ikkje som fullverdig deltarar. Ved eitt tilfelle opplevde eg dette som problematisk å realisere, noko eg kjem tilbake til i drøftinga av metodiske utfordringar. På feltarbeid var det viktig for meg å presisere at eg ikkje var volontørarbeidar, og å vere ærleg ovanfor volontørane og andre eg møtte om mi rolle som forskar. Observasjonen var open, ettersom dei eg observerte visste at eg observerte dei (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 68).

Aase og Fossåskaret trekk fram spanande perspektiv når dei skriv om forskaren på feltarbeid, og den deltakande rolla ein går inn i som observatør:

*Den samhandlingen forskeren går inn i under sitt feltarbeid, formidler mening, og den skaper mening. Forskeren er ikke lenger bare observatør, men også konstruktør av mening. Det som forskeren faktisk utfører i løpet av et feltarbeid, kan mer treffende kalles deltakende konstruksjon enn deltakende observasjon. (Aase & Fossåskaret, 2007, s. 41)*

Mi rolle som forskar var avgjerande for korleis samtalane og intervjua utspeglia seg på feltarbeid, og var også avgjerande for korleis eg tolka og las datamaterialet. Medvit kring eiga rolle som forskar er ei av fleire metodiske utfordringar ved den kvalitative tilnærminga, og kanskje den eg opplevde som mest utfordrande.

## 4.3 Metodiske utfordringar

Det er viktig å vere klar over kva konsekvensar sjølve undersøkinga kan ha å seie for resultata som kjem fram. I alle empiriske undersøkingar, uavhengig av metodeval, kan ein risikere at svara ein kjem fram til er skapt av undersøkinga. Som forskar lyt ein ta omsyn til det ein kallar undersøkingseffekten (Jacobsen, 2005, s. 18). Informantar eg snakka med kan ha tilpassa svara sine eller veremåten sin i samværet med meg, ettersom dei visste at eg var der for å observere og kartlegge volontørmiljøet. Sjølvrepresentasjon dreier seg om korleis ein ynsker å bli forstått av andre. «De beskrivelsene intervjupersonen gir, kan være preget av hvordan vedkommende ønsker å presentere seg selv» (Thagaard, 2013, s. 115). Sjølv om eg aldri opplevde det slik, kan informantar ha opplevd meg som eit forstyrrende element i det naturlege miljøet. Som Jacobsen understrekar vert det då viktig å stille seg spørsmåla: «Hvilken effekt har dette ‘innbruddet’? Eller: I hvor stor grad er det vi måler, riktig, og i hvor stor grad er det vi måler, en konsekvens av ‘innbruddet’?» (Jacobsen, 2005, s. 18). Metodekunnskap har vore til stor hjelp for meg på vegen mot å avsløre og oppdage fallgruver som undersøkingseffekt, og imøtekome metodiske utfordringar på ein fornuftig måte. Vidare vil eg drøfte nokre metodiske utfordringar som var sentrale for mitt feltarbeid i Kathmandu.

### 4.3.1 Forskarrolla

Torsten Thurén hevdar at det er ein illusjon å tru at forskinga kan vere verdimessig nøytral. «Enten forskeren vil det eller ikke, kommer hans eller hennes vurderinger til å påvirke resultatet. Det kan man like gjerne erkjenne, først som sist» (Thurén, 2009, s. 65). Som forskar møter ein feltet ein studerer med utgangspunkt i haldningar, verdiar, fordommar og forkunnskapar om emnet. «Forskerens forforståelse – eller forståelseshorisont – vil kunne påvirke hva forskeren observerer, og hvordan disse observasjonene vektlegges og tolkes» (Johannessen & Christoffersen, 2012, s. 22). Til dømes kunne det at eg las meg opp på kritiske røyster retta mot volontørturismen, vere med på å leggje føringar for kva eg fann i mitt datamateriale. Samtidig kunne kunnskapane mine om positive sider ved det å arbeide som volontør, også vere med på å forme mi forståing av fenomenet. Å kartlegge eiga førforståing og eigne forventningar var viktig for å kunne forstå kva eg bygde mine tolkingar og analysar på grunnlag av.

Mitt perspektiv og mi forskarrolle var styrande for analysen, men også for korleis datainnsamlinga gjekk føre seg. Aase hevdar at det i eit kvalitativt metodeperspektiv gir ei

better forståing av prosessen i forskingsarbeidet, ved å snakke om at forskaren produserer data. «Data blir ikke samlet inn; data skapes» (Aase, 2007, s. 36).

Rolla som forskar og ikkje som volontør, vart sett på prøve då eg besøkte volontørane som arbeidde med konstruksjonsarbeid på landsbygda. Ein heil dag deltok eg i arbeidet med å flytte stein, side om side med volontørane. Valet om å ta del i arbeidet kjendes der og då som det einaste rette, og eg var redd eg ville blitt oppfatta som lat eller arrogant ved å ikkje involvere meg i prosjektet. Ved å bidra, vart eg ein del av gruppa på ein annan måte enn eg hadde vore før. I intervjustituasjonen seinare den dagen, var rolla mi som forskar mindre tydeleg enn nokon gong. Eg innsåg at eg gjennom involvering hadde fått tilgang til informasjon som elles hadde vore utilgjengeleg for meg. Med maiskorn hengande i taket, i eit soverom fullt i røyk frå etasjen under, uttalar John:

*I have my foot print over there, and my finger prints. [...] Everybody leaves their foot prints, also you Brita, also you did. It is okay! And this is what happens. This is what happens between me and you, and the others:*

*Real conversations! And like I said one hour ago, when you were sitting there. You were so enthusiastic. It has also to do with you Brita. The way you talk about it, the way you think about it, trying also to see the other sides. And of course it has to do with your study. But you are studying, there are your questions, you selected these questions.*

(John, 63)



**Foto 4.2: Landsbygda.** Utsikta frå landsbyen der volontørane som arbeidde med konstruksjonsarbeid budde hos vertfamiliar.  
(Foto: privat)

Tydlegare enn nokon gong gjekk det opp for meg kor avgjerande rolla mi var i møtet med feltet. Min personlegdom, mi framferd og mitt vesen – mi rolle som forskar – var med på å legge premissane for innsamlinga eller produksjonen av datamaterialet.

Graden av nærleik og deltaking i møte med informantane, gjorde at eg tidvis vart meir involvert enn kva eg først hadde tenkt. Rolla mi som forskar vart tidvis mindre viktig, og eg opplevde at nokre av informantane gradvis opplevde meg meir som ein «ven» enn ein

«forskar». Mi eiga førforståing, og kanskje eigne fordommar, vart sett på prøve i desse nære relasjonane, og fordommar vart både bekrefta og avkrefta. Dei nære relasjonane gav meg også tilgang til informasjon som eg elles ikkje hadde hatt tilgang til. Gjennom nærleik til mine informantar har synet mitt på fenomenet eg forska på blitt påverka. Sjølv trur eg nærleiken til informantane og feltet har gjort meg betre rusta til å forstå volontørturisme som fenomen, og gitt meg eit betre grunnlag for å kunne uttale meg meir nyansert og rettvist. Kartlegging av forskaren si rolle er av stor verdi for undersøkinga si gyldighet og pålitelegheit.

#### **4.3.2 Gyldighet og pålitelegheit**

«Å kritisk drøfte gyldighet og pålitelighet, også i kvalitative undersøkelser, betyr ikke at vi underkaster data en kvantitativ logikk. Det betyr bare at vi forsøker å forholde oss kritiske til kvaliteten på de data vi har samlet inn» (Jacobsen, 2005, s. 214).

Gyldigkeit eller validitet inneberer at ein verkeleg undersøkjer det ein vil undersøkje, og ingenting anna. (Thurén, 2009, s. 32). Det vert då viktig at ein stiller relevante og gode spørsmål som gjer det mogleg å svare på dei aktuelle problemstillingane. Undersøkingseffektar vil kunne svekke validiteten til datamaterialet mitt, ettersom informantane kan ha tilpassa seg, tedd seg unaturleg i intervju situasjonar og under observasjon.

For å sikre høg grad av gyldigkeit, er det ein fordel å undersøkje det sosiale fenomenet gjennom ulike metodar. Kombinasjonar av metodar kallast for metodetriangulering, der ein ser på den same problemstillinga frå ulike synspunkt og ulike synsvinklar, basert på ein kombinasjon av ulike data og metodar (Grønmo, 2004, s. 55). I mitt forskingsprosjekt nytta eg metodetriangulering, ved å samle inn data gjennom både feltsamtalar, observasjon og intervju. Eige datamateriale og teori ligg til grunn for drøftinga. Å sjå eige datamateriale opp mot den teoretiske forskingslitteraturen som allereie finst om fenomenet «volunteer tourism», har vore nyttig for å hjelpe meg på vegen mot ei brei og grundig forståing av det sosiale fenomenet.

Det vil vere eit mål i all forsking å gjennomføre undersøkingar med høg grad av pålitelegheit, eller det vi kollar med høg reliabilitet. Kort fortalt inneberer reliabilitet at målingane er korrekt utført (Thurén, 2009, s. 31). Eit mål på undersøkinga sin reliabilitet, er om andre forskarar kjem fram til det same resultatet ved å gjennomføre undersøkinga med den eksakt same metoden. Ein ser då vekk frå ulikskapar mellom ulike forskarar sin personlegdom, og kan slik auke undersøkinga sin reliabilitet (Thurén, 2009, s. 32). Jamfør drøftinga kring forskaren si betydelege rolle i produksjon og analyse av data, kan det verke som eit umogleg

prosjekt å gjennomføre feltarbeid utan at personlegdomen skal kome til syne. Til trass for at ein erkjenner at forskaren si førforståing og rolle er av stor betyding for undersøkinga, tenkjer eg at ein bør streve etter ei tolking og ein analyse som folk flest kan vere samde om, med utgangspunkt i det aktuelle datagrunnlaget. For å vise lesaren korleis eg har kome fram til mine slutningar og resultat, har eg valt å nytte mykje direkte sitat frå intervjustituasjonane. Dette er eit grep eg har gjort som kan koplast opp mot «transparency» innan forskingsfeltet. At forsking er transparent eller gjennomsiktig, vil sei at forskaren er tydeleg og open kring eigen forskingsprosedyre og kva funna er tufta på (Bryman, 2012, s. 410). Ein open forskingsprosess gjer at andre kan vurdere kvaliteten og verdien på arbeidet. Eg strebar etter openheit kring mine metodiske val og stega i forskingsprosessen, slik at lesaren tydeleg kan sjå kva eg byggjer mine analysar på. Eg har gjort det som står i mi makt for å skrive ei oppgåve prega av høg grad av pålitelegheit eller reliabilitet. Om mine konklusjonar verkar sannsynlege og pålitelege med utgangspunkt i datamaterialet eg presenterer, vil oppgåva vere prega av høg grad av pålitelegheit eller reliabilitet for lesaren.

#### **4.3.3 Analyse av kategoriar, metaforar og omgrep**

Gjennom det kvalitative forskingsintervjuet fekk eg informasjon om volontørane si oppleveling og tolking av hendingar og fenomen, som eg i neste omgang måtte tolke. Denne tostegs tolkinga omtalar Aase som «dobel hermeneutikk», der forskaren må tolke informantane si tolking av røynda. Dette var viktig å ha i bakhovudet då eg snakka med volontørane på feltarbeid. «Informanten presenterer ikke selve hendelsen for forskeren, men re-presenterer den i form av ord og begreper» (Aase, 2007, s. 142).

Ei viktig utfordring i analysen av datamaterialet mitt, var å ha eit medvite forhold til kva kategoriar, metaforar og omgrep informantane mine nytta. Ettersom omgrep er meiningsbærande, kunne analyse av sjølve språkbruken og ordvala gje meg djupare innsikt og forståing for informantane sine tenkemåtar. Ved å analysere kategoriar, metaforar og omgrep, kan ein bringe fram kunnskap som berre delvis er «bevisst» for informantane sjølve (Aase, 2007, s. 144). På same vis har det også vore viktig å ha eit medvite forhold til kva kategoriar, metaforar og omgrep eg sjølv nyttar i presentasjon av data og drøfting.

Som sagt innleiingsvis (kap. 1.1) er volontørturisme eit teoretisk omgrep som er svært lada. For meg var det difor viktig å nytte termene «volontørarbeid» eller «frivillig arbeid» i møtet med feltet. Gjennom intervju og samtalar med volontørane, kom det tydeleg fram at

volontørarbeid vart plassert i ein heilt anna kategori enn turisme. Volontørane skildra og snakka om volontørarbeidet dei deltok i med positivt ladde ord som: «givande», «nyttig», «ekte», «verdifullt», «positivt», «fornuftig», «viktig» og «lærerikt», medan dei i samtalar om turisme nytta meir negativt ladde ord, som «egoistisk», «overflatisk», «uekte», «arrogant» og «ein falsk verkelegheit». Synt på frivillig arbeid som noko heilt anna enn turisme, gjer at bruken av omgrepet «volunteer tourism» eller «volontørturisme» vert problematisk. Til trass for at omgrep er definert og diskutert i forskingslitteraturen, er det viktig å hugse at dette er omgrep som dei fleste volontørane ikkje er kjende med. Berre éin av informantane tok opp temaet «volunteer tourism». I møte med informantane var det viktig for meg å møte dei som det dei var, frivillige arbeidarar, på deira premiss og med kategoriar og eit språk som dei kunne relatere seg til.

#### 4.3.4 «Vegen vert til medan ein går»

Feltarbeid på andre sida av jordkloden kan aldri planleggast i kvar minste detalj. Eg var førebudd på å måtte gjere endringar i kurset undervegs, grunna uføresette faktorar, hendingar og funn. Ting gjekk ikkje alltid etter planen, og ordtaket: «Vegen vert til medan ein går» var meir relevant for meg enn nokon sinne. Som forskar på feltarbeid i eit ukjend land, og i eit ukjend terren, var det viktig å vere open for det som møtte meg. Den opne tilnærminga mi førte meg inn i spanande tematikkar, interessante diskusjonar og har forhåpentlegvis gitt meg eit godt grunnlag for å skrive denne mastergradsoppgåva. Feltarbeidet og opphaldet i Nepal har styrt fokuset mitt inn mot tematikkar eg fann mest interessant og relevant.

Eit døme på at ting ikkje alltid gjekk etter planen, var utfordingane eg møtte med å få kontakt med volontørar som underviste i offentleg skule i Nepal i tidsrommet feltarbeidet varte. Mitt opphold i Nepal var samstundes som fleire høgtider og festivalar, noko som gjorde til at skulane var stengte, ettersom elevane hadde ferie. Politisk uro, mangel på drivstoff og handelsblokade i landet var også ein medverk-



**Foto 4.3: Festival.** Nepal er kjend for sine mange festivalar årret rundt. For nepalarar inneberer desse høgtidene fri og feiring. (Foto: privat)

ande faktor som hindra elevane å kome seg på skulen. Som eit resultat av desse tilhøva var det få volontørar som arbeidde i skulen dei to månadane eg opphaldt meg i Kathmandu. Dette tvang meg til å utvide fokusområde og tenke nytt for å få tilstrekkeleg med informantar.

At «vegen vert til medan ein går» tenkjer eg gjer feltarbeid som metode både svært utfordrande, men også svært spanande! «Undersøkelsesopplegget er basert på at forskeren viser stor grad av fleksibilitet, åpenhet og tilpasningsevne i forhold til nye oppdagelser og erfaringer under selve datainnsamlingen» (Grønmo, 2004, s. 142).

#### **4.4 Etiske refleksjonar**

«Samfunnet stiller krav om at all vitenskapelig virksomhet skal reguleres av overordnede etiske prinsipper som er nedfelt i lover og retningslinjer» (Dalen, 2011, s. 100). For meg har det vore viktig å følgje dei etiske køyrereglane, som ein kan finne att i forskingsetiske retningsliner utforma av *Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora* (NESH, 2016). I forskingsarbeid oppstår etiske problemstillingar i fleire forskingsstadium, ved tematiseringa, planlegginga, intervjuasjoner, transkriberinga, analyseringa, verifiseringa og rapporteringa (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 80-81). Vidare vil eg drøfte nokre etiske prinsipp som eg tenkjer har vore særskilt relevante for mitt forskingsprosjekt.

Kravet om informert og fritt samtykke er eit viktig prinsipp. «Som hovedregel skal forskningsprosjekter som inkluderer personer, settes i gang bare etter deltakernes informerte og frie samtykke» (NESH, punkt 9, 2016). Informantane mine har i forkant blitt informert om innhald og hensikt med prosjektet, og blitt orientert om alt som vedkjem hans eller hennar deltaking i forskingsprosjektet. Dei har blitt informert om at dei til ei kvar tid kan velje å avbryte deltakinga, og då utan nokon negative konsekvensar.

Konfidensialitet er også eit viktig forskingsetisk prinsipp. «De som gjøres til gjenstand for forskning, har krav på at all informasjon de gir om personlige forhold, blir behandlet konfidensielt. Forskeren må hindre bruk og formidling av informasjon som kan skade enkelpersonene det forskes på» (NESH, punkt 14, 2016). I tråd med forskingsetiske retningslinjer om teieplikt, har eg oppbevart feltnotat/lydopptak med opplysningar som kan mogleggjere identifiseringa av enkeltpersonar, på ein trygg måte under forskingsprosessen.

Alle mine informantar har fått tildelt pseudonym for å sikre konfidensialiteten. Namna på organisasjonane som dei arbeidde for i Nepal er også bytta ut med oppdikta namn.

Eg har også prøvd å vise omsyn til informantane sine verdiar og handlingsmotiv. «Forskeren må vise respekt for verdier og holdninger hos dem som utforskes, ikke minst når disse avviker fra det som er mest vanlig i storsamfunnet» (NESH, punkt 18, 2016). Dette har vore eit viktig prinsipp både under feltarbeidet og i analyseprosessen. Eg har også streva etter ei rettvise handsaming av kjeldematerialet, og gjort det eg kan for å ikkje tilleggje aktørar «irrasjonelle eller lite aktverdige motiver uten at det kan gis overbevisende argumenter for det» (NESH, punkt 18, 2016).

Det er god forskingsetikk å gjengi informantane sine svar så nøyaktig som mogleg. Eg har nytta lydopptak i intervjuasjonar for å kunne, på ein korrekt og ordrett måte, vise til volontørane sine utsegn frå intervjuasjonar. I den kvardagslege feltsamtalen var det vanskeleg å få samtalane på lydopptak, og eg måtte då stole på at feltnotat og eigen hukommelse kunne danne grunnlag for ei framstilling som ytte informantane respekt og tillit. Alle sitata som er vist til i oppgåva er frå intervjuasjonar der eg har nytta lydopptak. Intervju som er gjennomført på engelsk vart naturlegvis transkribert til engelsk skriftspråk. Intervju gjennomført med informantar frå Norden vart gjennomført på morsmålet. Desse intervjuva valte eg å omsetje til nynorsk skriftspråk, igjen eit grep eg gjorde for å sikre informantane sin konfidensialitet. E-postintervju har eg valt å ikkje omsetje, og vil bli sitert i den språkforma som informanten valte å svare med.

#### **4.5 Avsluttande kommentarar**

Kvalitativt orienterte forskingsmetodar ligg til grunn for mitt masterprosjekt, som kan plasserast innan den samfunnsvitskaplege forskingstradisjonen. Gjennom feltarbeid kom eg i nærbond med fenomenet eg har valt å studere – volontørturisme i Nepal. Datamaterialet mitt er basert på feltarbeid, med kvalitative intervju, feltsamtalar og observasjon som sentrale metodar. Informantgruppa mi består av ulike typar personar, både gutter og menn, jenter og kvinner, med stor spreiing både i alder og nasjonalitet. Etter to månadar i Nepal sat eg att med eit relativt stort kjeldegrunnlag, som eg meiner sjølv har gitt meg føresetnadar for å kunne drøfte fenomenet med empirisk tyngde opp mot relevant forskingslitteratur.

## 5 Presentasjon og analyse av data

Hovudintensjonen med dette kapittelet er å gje lesaren ein presentasjon av datamaterialet mitt. I presentasjonen har eg valt å kategorisere datamaterialet mitt, eit resultat av den første delen av analyseprosessen. Analyse av datamaterialet mitt ligg til grunn for utval av sitat og informantar, og vil vere farga av mi personlege tolking av det empiriske materialet.

Gjennom intervju, observasjon og feltsamtalar i Nepal har eg fått djupare forståing for volontørturisme som fenomen og kva motivasjonsfaktorar som er sentrale for volontørane. Eg har også fått innblikk i korleis volontørane opplever si eiga rolle, og korleis dei ser på nepalarar. Eg har også fått eit innblikk i kva tankar og erfaringar volontørar og tilretteleggarar for volontørarbeid har kring utdanning og skulen som arena for frivillig arbeid. Det er dette eg no vil presentere i dette kapittelet, der eg ynsker å la informantane mine få tale. Den teoretiske drøftinga og vidare diskusjon vil difor kome i seinare kapittel (kap. 6, 7 og 8).

### 5.1 Motivasjonsfaktorar

*«I wanted to spend a month of doing something that was helpful, meaningful, and I knew a good thing for me as well, to just experience something else and just do something useful»* (Gabrielle, 24).

Kva motivasjonsfaktorar driv volontørar til Nepal for å arbeide frivillig? Til dette spørsmålet er det mange svar. Gjennom intervju og samtale med volontørar i Nepal har eg forstått at motivasjonsfaktorane er ulike, komplekse og samansette. Sitatet over illustrerer kompleksiteten godt, og viser at det sjeldan ligg berre éin motivasjonsfaktor til grunn for ynsket om å vere volontør. Nokre tendensar går klart igjen, medan eit fåtal av volontørane er motivert ut ifrå faktorar som skil dei klart ut frå mengda.

I det følgjande ynsker eg å presentere tendensane som går att blant fleirtalet av informantane. Først vil eg trekkje fram motivasjonsfaktorar i lys av Grabowski sin åttepunktsmodell. Feltarbeidet og forskingsspørsmåla mine var ikkje styrt av denne modellen. Det var i analyseprosessen at eg fann at denne modellen i stor grad samsvara med mitt datamateriale, og såleis kunne eigne seg godt for å kategorisere materialet. Deretter vil eg sjå vidare på motivasjonane kategorisert etter mine eigne tre kategoriar; altruistiske, egoistiske og religiøse motiv.

### 5.1.1 Grabowski: «Primary motives for volunteer tourists»

Simone Grabowski skisserte opp åtte hovudmotiv som ligg til grunn for volontørturisme, basert på studiar av forskingsfelt og litteratur. Svara eg fekk gjennom intervju og feltsamtalar viste seg å samsvare i stor grad med Grabowski sine funn. Modellen viser at motiva som ligg til grunn for å reise ut som frivillig er komplekse og samansette, og opptrer sjeldan utelukkande aleine. Grabowski trakk fram åtte faktorar, og eg vel i det følgjande å nytte desse som ei ramme for å presentere sentrale og gjennomgåande motivasjonsfaktorar for volontørane. Dei fleste sitata og informantane er valt ut fordi dei er representative for fleirtalet. Nokre av sitata er meir unike, ettersom dei representerer motivasjonsfaktorar som berre eit fåtal trakk fram.

#### «Travel» (1)

Ynske om «å reise» var ein klar motivasjonsfaktor for dei fleste av informantane mine. For seks av informantane mine var Nepal eitt av fleire land på ei lengre reise, gjerne som «back packing» i Asia. Samstundes som fleire uttrykte eit klart ynske om å reise, vart det uttrykt eit ynske om å reise som noko anna enn ein «vanleg turist».

*I really wanted to travel. I was like, ‘yeah, I can travel and see the world, but I want to do something’. I don’t just want to be a tourist and look around and get souvenirs. I really want to help! And that’s why I thought about travelling to a more needing country. (Sophie, 19)*

Volontørane som i størst grad uttrykte at dei hadde behov for «å reise» eller «sjå verda», var dei yngste. Blant dei som kombinerte volontørarbeid i Nepal med reising i andre asiatiske land, var det ingen over 30 år. Fem av informantane mine var over 40 år, og desse gav i mindre grad uttrykk for behov for å «sjå verda».

#### «Adventure/discovery» (2)

Ynske om å både sjå og oppleve noko framand, annleis og spanande var både ein viktig motivasjonsfaktor og noko volontørane i ettertid trakk fram som det beste med å arbeide som frivillig. «Eg hadde lyst til å gjere noko anna. Utforske livet litt. Og då tenkte eg at i staden for å berre reise rundt, så ville eg bidra, hjelpe til» (Tom, 27). Fleire av informantane mine hadde valt å bryte opp frå ein trygg og føreseieleg kvardag i heimlandet sitt for å reise på kortare eller lengre reiser. Tom var ein av desse. Han hadde sagt opp jobben, og solgt både

leilegheit og bil for å leggje ut på ei lengre reise, som han ville kombinere med vidare studiar i utlandet.

Fleire av informantane kombinerte frivillig arbeid med andre aktivitetar i Nepal, som til dømes fottur i Himalaya, rafting eller opphold i Chitwan nasjonalpark for å ri på elefantar. Volontørane oppsøkte gjerne sjåverdigheiter som gamle tempel og utsiktpunkt, eller nytta fritida til shopping i Thamel. Fleire gav uttrykk for at dei vart betre kjend med Nepal ved å kombinere volontørarbeidet med meir reising i landet.

*You have to give yourself the opportunity to see the place your staying to truly understand it. You haven't experienced Nepal until you've taken a bus, or gone hiking, or seen the Himalayas. They are just as important to understanding the culture and the people. (Julia, 19, e-post)*

### «Social interaction» (3)

Det sosiale aspektet ved frivillig arbeid, og kontakt med andre, verka ikkje å vere ein viktig motivasjonsfaktor blant mine informantar. Likevel var det fleire som gav uttrykk for at valet om å bli volontør kjendes trygt og komfortabelt, ettersom ein ville bli kjend med andre volontørar som var i same situasjon. «Når ein reiser aleine er det godt å ha noko å støtte seg på. Ein er ikkje heilt på eiga hand. Så det var litt for mi eiga skuld» (Emily, 23).

Gjennom volontørarbeidet kom volontørane i kontakt med både andre volontørar og lokalbefolking. Graden av interaksjon med lokalbefolkninga varierte i stor grad – medan nokre hevda å ha blitt godt kjend med lokale nepalarar, gav andre uttrykk for at dei ikkje hadde blitt skikkelig kjend med nokon frå Nepal. Dette gjaldt i størst grad volontørar som hadde delteke i prosjekt med mange andre volontørar rundt seg.

For Red Panther-volontørane var opphaldet prega av mykje kontakt med andre vestlege volontørar som arbeidde på dei same prosjekta, og som budde på volontørhuset.

*Vi har vore ein kjempeherlig gjeng, og hatt det veldig kjekt! Vi ler heile tida, og alle er veldig opne og enkle menneske å vere ilag med. Alle har opna seg opp, så vi er som ein liten familie. Også er det herlig at det er aldersspenn frå 17 til 63 år. (Mia, 24)*

For John som skulle arbeide med konstruksjonsarbeid i seks månadar, var kontakten med lokalbefolkninga viktig for opphaldet. Dette uttrykte han både som ein motivasjon for å reise

og ein bonus ved opphaldet. Han snakka mykje med vertsfamilien, og involverte seg i husarbeidet.

*And what happens so far satisfies me a lot. I like to live with the people. That is what we do. And you also see now. And I like to join them, and I also like to give them some I have. But I get back a lot more than I expected. (John, 63)*

#### «Self-development» (4)

Få av mine informantar uttala direkte at personleg utvikling var ein motivasjonsfaktor for å ville bli volontør. Berre éin av informantane mine uttala at ho hadde forventa og håpa på at ho gjennom volontørarbeid skulle oppleve ei personleg utvikling. «I did not expect it to be really fun. I thought it would be like a personal growth kind of experience» (Gabrielle, 24).

Derimot var det fleire som såg personleg utvikling som ein gevinst ved å vere volontør eller reise generelt. «Ein lærer seg veldig mykje gjennom å reise til ein heilt annan plass og gjere ting ein ikkje pleier. Utsette seg for ting ein ikkje er vand med» (Alice, 19). Alle volontørane, uavhengig av kor lenge dei hadde arbeidd med prosjekt eller kor lenge dei hadde vore i Nepal, meinte dei hadde lært mykje av opphaldet. Fleire uttala at dei hadde fått nytt perspektiv på ting og auka medvit kring fattigdom i Nepal og rikdommen heime.

#### «Professional development» (5)

Tre av mine informantar viste til vidare yrkeskarriere som ein motivasjonsfaktor for å bli volontør i Nepal. To av desse var lærarutdanna og gav uttrykk for uvisse kring yrkesvalet. På spørsmål om kvifor dei ynska å bli volontør, var dette ein del av svara:

*And I wanted to give volunteering a chance as a teacher to see if teaching is what I want to continue with. So it is a combination of that. Of giving, of knowing that I am here to serve, to help out, and try to figure what I want to do with my professional life, for the rest of my life. (Ruth, 39)*

*I was also having doubts about my career as a teacher especially because students back home are often very demotivated, but in Nepal I enjoyed teaching so much because I felt useful. (Natalie, 29, e-post)*

Den tredje informanten, Tom, såg sitt engasjement som volontør som verdifullt i form av noko ein kan nytte i vidare jobbsøking. «Frivillig arbeid er jo ein veldig god ting, som ein òg

kan sette på CV-en, og... på ein måte sitte att med noko» (Tom, 28). Informanten uttrykte ikkje dette som ein hovudmotivasjonsfaktor for å ville arbeide som frivillig, men meir som ein gevinst eller bonus ved engasjementet.

### **«Cultural immersion» (6)**

Ei viktig målsetjing for mange av volontørane eg snakka med var å «kome inn i kulturen» eller «get into the culture». Fleire av informantane mine trakk fram nærleik til den autentiske nepalske kulturen som den viktigaste motivasjonskjelda for å verte volontør. For å oppnå dette, meinte volontørane at ein måtte arbeide og bu saman med lokalbefolkinga, og då gjerne på landsbygda utanfor Kathmandu. «Eg tenkjer at skal du kome inn på dei meir eksotiske kulturane, og verkeleg få kulturen inn på livet, så må du inn og vere saman med dei» (Elisabeth, 53).

Gjennom introduksjonsveke eller anna organisert førebuing før sjølve volontørarbeidet, følte mange av informantane at dei fekk sjansen til å bli betre kjend med kultur, levesett, mat og språk. Fredrik var blant dei som følte at han gjennom å arbeide frivillig hadde kome skikkelig «inn i kulturen». Etter seks veker i Nepal, med fem veker frivillig arbeid i skulen: «Eg trur du lærer mykje meir om kulturen ved å vere frivillig enn du gjer ved å berre reise på ferie» (Fredrik, 18).

### **«Right time, right place» (7)**

Dei fleste volontørane kom til Nepal med eit ynske om å arbeide som frivillig. Isabelle er unntaket, som kom til Nepal for ferie og fottur i Himalaya. For denne informanten var det først og fremst tilfeldigheiter som gjorde at ho byrja å arbeide som frivillig, ettersom ho kom i kontakt med «Love Nepal», éin av dei mange volontørorganisasjonane med base i Thamel.

*I was one week here for vacations, and I realized I really needed to do something [...] So I realized how important it is for everyone to be helping a bit. I just decided that I would like joining some helping program. (Isabelle, 22)*

For Isabelle var faktoren «rett tid til rett stad» avgjerande for hennar engasjement som volontør i Nepal. Dei andre volontørane eg snakka med hadde planlagt frivillig arbeid i Nepal før dei kom til landet. Det var derimot fleire som viste til jordskjelvet våren 2015 som ein avgjerande faktor for å velje å kome til Nepal og arbeide som frivillig. Leah hadde vore back

packer i Asia i sju månadar då ho kom til Nepal, eit land ho eigentleg ikkje hadde planlagt å besøke. Ho var allereie byrja på reisa si då jordskjelvet ramma Nepal.

*«So I think it was more of a context situation issue, because the earthquake was there. That's why I wanted to volunteer [...] But I think in this case it was really the earthquake. It was really an “opportunity” to call it in a weird way» (Leah, 25).*

### «Altruism» (8)

Blant mine informantar var dei aller fleste opptekne av aspektet med å hjelpe nokon som ikkje hadde det så godt som «oss». Altruistiske motiv var ein viktig motivasjonsfaktor. Å kunne bidra, hjelpe og gjere ein skilnad vart enten trekt fram som hovudmotivasjonsfaktoren eller som ein viktig del av engasjementet. Spesielt for volontørane i Nepal var ynske om å hjelpe til i eit område ramma av ein naturkatastrofe.

*I wanted to go somewhere to help with some kind of thing, and natural disaster seemed like a way to... a place to... that needed help. [...] I came here because of the humanitarian crises. [...] the earthquake was the main reason why I came. (Gabrielle, 24)*

Fleire reiste til Nepal for å arbeide som frivillig med forventningar om at opphaldet ville innebere hardt fysisk arbeid, og opplevast som ei kjensleladd påkjenning. Gabrielle uttrykte overrasking over at ho som volontør faktisk hadde hatt det kjekt. «I did not expect it to be really fun [...] But I actually ended up having tons of fun» (Gabrielle, 24). At frivillig arbeid i eit fattig land som Nepal skulle innebere mykje moro, vart av Gabrielle sett som ein gledeleg bonus. For Sophie vart brotet med forventningane meir ein skuffelse. Sophie hevda ho hadde hatt lite arbeid å gjere som frivillig på ein barneheim, og følte seg tidvis overflødig og unyttig, spesielt ettersom det tidsvis også var to andre volontørar frå hennar heimland på den same barneheimen. «We had fun, but I did not come here to have fun. I came here to do volunteer work» (Sophie, 19).

Fleire av volontørane hevda at frivillig arbeid i Nepal innebar ei ofring av personlege godar og vestleg livsstil under opphaldet. For mange var det viktig å arbeide, ete og bu som nepalarane sjølve. Volontørane som arbeidde med konstruksjonsarbeid hadde svært enkle butilhøve. Chloe hevda at butilhøva på landsbygda var harde, men at det gjekk fint ettersom ho visste at dette berre var for ein periode. «And it is okay, because it feels like you are doing

something good for the world, and for the people who need help. And it's worth it» (Chloe, 24).

Som gjennomgangen syner, har Grabowski sin modell for motivasjonsfaktorar vore relevant for mitt datamateriale. Likevel er det visse ting ved denne modellen som strid i mot mine analysar. Grabowski meiner det ikkje er nokon motivasjonsfaktorar som er meir vanleg enn andre. Med utgangspunkt i mine funn, er dette noko eg lyt seie meg ueinig i. Blant mine informantar var det få som sa at dei var motivert ut ifrå Grabowski sine tre faktorar «social interaction», «self development» eller «professional development». Derimot trakk mange fram ynske om å reise/oppleve verda og å hjelpe Nepal etter jordskjelvet som viktige faktorar. Eg fann også andre motivasjonsfaktorar, som ikkje har nokon sentral plass i Grabowski sin modell. I mine analysar er religiøse motiv ein motivasjonsfaktor ein ikkje kan sjå vekk ifrå. På bakgrunn av dette har eg i den vidare presentasjonen og analysen valt ei tredeling av motivasjonsfaktorane, der eg kategoriserer motivasjonane etter *altruistiske*, *egoistiske* og *religiøse motiv*.

### **5.1.2 Altruisme, egoisme eller religiøse motiv**

Blant informantane mine var det kombinasjonar av altruistiske, egoistiske og religiøse motiv som låg til grunn for ynske om å bli volontør. Dei ulike faktorane vog ulikt frå person til person. Det er likevel meiningsfylt å sjå dei ulike motiva kvar for seg, for å kunne identifisere og kartlegge dei ulike motivasjonsfaktorane.

#### **5.1.2.1 Altruistiske motiv**

Gjennom samtalar og intervju kom det fram at altruistiske motivasjonsfaktorar var viktig for volontørane i Nepal. Ynske om å hjelpe fattige menneske, i eit av verdas fattigaste land, var eit gjennomgåande tema. Nesten alle informantane mine viste til jordskjelvkatastrofa som ramma Nepal i vår, som ein viktig motivasjonsfaktor for at dei ville kome til Nepal og arbeide som frivillig. Av informantane som hadde planlagt reisa før jordskjelvet, var jordskjelvet ein faktor som forsterka ynske om å reise. Fleire hevda at jordskjelvet var ein direkte årsak til å ville arbeide som frivillig i Nepal.

«*Jordskjelvet var ein viktig faktor for val av destinasjon. Eg hadde ikkje planlagt reisa før skjelvet. [...] Etter jordskjelvet så føler eg at dei treng meir hjelp her*» (Alice, 19).

*«Then I heard about the earthquake in Nepal and then I thought I should help them. They need me most» (Chloe, 24).*

Volontørane uttrykte at dei opplevde frivillig arbeid i Nepal som meir givande og meiningsfylt enn i andre delar av verda, nettopp på grunn av jordskjelvkatastrofa. Fleire uttrykte at Nepal trøng den hjelpa dei kunne tilby og bidra med.

*«Areas with earthquake for me feeling needs me a bit more than building new schools in a society who is already established. So it is a bit more meaningful» (John, 63).*

*«They need my help even more after the earthquake. So I was glad I choose this. It was like I knew that they needed people that does this work» (Sophie, 19).*

*«By doing it (volunteer work) in Nepal I would be faced with the hardships of a third world country and feel not only empowered, but as if my efforts were much more worthwhile» (Julia, 19).*

Chloe sa at jordskjelvet var årsaka til at ho reiste til Nepal, men hevda etter å ha vore i Nepal at det ikkje burde vere grunnen til å hjelpe det fattige landet.

*That (the earthquake) was the reason why I came to Nepal. It was the reason, but when I walk down the streets, I see all the poverty and it is not because of the earthquake. It was there already, so. It should not be the reason to come. Because it was already there. (Chloe, 24)*

Det var også altruistiske motiv, som ikkje direkte dreidde seg om å hjelpe etter jordskjelvet, blant mine informantar. To av informantane, som begge underviste i skular, hadde motivasjonar som skilde seg ut frå resten av informantane. Dei hadde begge eit ynske om å dele eller gi litt av det vestlege overskotet med nokon som ikkje hadde dei same ressursane og moglegheitene. Éi kjende seg nærast forplikta til å dele og gi av ressursar og kapasitet frå den vestlege verda, til dei fattigaste. «...Derudover ønskede jeg også at give lidt af alt det overskud, vi har i den vestlige verden til nogle, der ikke har lige så meget og har været lige så heldige» (Camilla, 21, e-post). Natalie var takksam for den gode utdanninga ho hadde fått i heimlandet sitt, og hadde eit ynske om å dele sin kompetanse med dei mest sårbare barna i Kathmandu for å hjelpe dei til å få ei utdanning. «I felt I was lucky enough to have received

an excellent education in a first world country and I wanted to share my knowledge with people who don't have access to it» (Natalie, 29, e-post).

To andre informantar skilde seg også ut frå fleirtalet, då dei fortalte at dei var motivert til å bli volontørar grunna moralske plikter.

*Eg er her veldig mykje på grunn av dei moralske pliktene eg føler eg har. Eg føler at når eg har det så godt som eg har det heime, så er det mi plikt å vite kva som skjer i verda. Når eg har moglegheita til å bruke litt tid og pengar. Eg har moglegheita til å tene inn dei pengane. Eg har jo jobba for dette her veldig lenge. For mange så er det her uhøyrd. Og eg meiner at det er mi plikt som verdsborgar å vite kva som skjer i verda. Og ikkje sei at "eg visste ikkje".* (Charlotte, 19)

John, den nest eldste volontøren i informantgruppa mi uttrykte ei ansvarskjensle og eit behov for å gjere ein skilnad i ei verd prega av miljøforureining, krig og fattigdom.

*I myself, me and other people, we are responsible for the global world. Just to give my children and other children and you also, you deserve a clean and free world. And that's in me the responsibility I feel. And not in an idea, as a logical way. No, it's here, we have to do it. A lot of pollution related to our mother earth, and a lot of struggle and a lot of wars and wars between religions. It is sad to say so, but I feel the responsibility. But I am not able to change the world, just this part I can give, and I would do that. And by offering my skills to the people here, in the earthquake areas, first, they need a roof above them. And then food, and then education. So if I am able to give them roof, and another one gives them some food, and another one, like the volunteers here teach, well, we are a bit further then.* (John, 63)

I samtalar kring det å hjelpe nepalarane etter jordskjelvet eller hjelpe Nepal som eit fattig land, understreka volontørane ofte at volontørarbeid gjev ei personleg tilfredsstilling. Den gode kjensla vart omtala både som ein direkte motivasjonsfaktor og som ein konsekvens av arbeidet. Dei altruistiske motiva «å hjelpe dei andre», vert her blanda med egoistiske motiv som «å føle seg bra». Å gi noko, eller hjelpe dei aller fattigaste og utsette i samfunnet, vart opplevd som svært givande.

*«I think that the most rewarding thing, at least for me, in life, is to give. I am a giver. I think that my mission in life is service»* (Ruth, 39).

*Eg kjente at eg ville hjelpe til på ein eller annan måte. At eg kunne. Ja, det var ikkje mykje tid eg kunne gi, men at eg kunne gi litt tid. Det kjennes veldig fint å kunne gjere noko. Og det med konstruksjonsarbeid er jo litt på det at ein kjenner at ein faktisk gjer noko. Det kjennes bra. Spesielt her i Nepal etter jordskjelvet, det kjennes endå betre. (Mia, 24)*

*«It gives me joy. I think mainly that's the reason. [...] I discovered that giving, gives me more joy than receiving. Especially to people who don't have the means, and I can provide something that they don't have» (Nora, 59).*

Den gode kjensla ein får ved å arbeide som frivillig var også eit gjennomgåande argument i svara på spørsmålet om ein ville råde andre til å arbeide som frivillig i Nepal. Sarah arbeidde fem dagar på eit dagsenter for barn med spesielle behov, og svara dette: «Du får så mykje. Og berre det å føle at ein betyr noko, at ein er til hjelp, og at dei barna set pris på deg. Og få all den kjærleiken frå dei barna» (Sarah, 19). I eit oppfølgingsintervju via e-post svara Chloe på spørsmålet om korleis volontørarbeid fekk ho til å føle seg? «It gave me satisfaction and it made me feel good» (Chloe, 24, e-post).

### **5.1.2.2 Egoistiske motiv**

Alle mine informantar grunna valet om å arbeide som frivillig i Nepal med faktorar som både kan plasserast innan altruistiske og egoistiske motiv. I det følgjande vil eg sjå på kva egoistiske motiv som dreiv volontørane til Nepal.

Grabowski sin modell inneheld fleire punkt som i mi tredeling ville bli plassert under egoistiske motiv. Ynske om å reise, oppleve noko spanande, treffe nye menneske og kulturar, utvikle seg sjølv og utvikle yrkeskarriere og -moglegheiter botnar alle i egoistiske motivasjonsfaktorar.

Ynsket om å reise, sjå verda og ha spanande opplevingar, verka til å vere den viktigaste motivasjonsfaktoren for fleire av volontørane.

*I wanted to see the world like something else than a tourist. I actually did it in a selfish way, because I wanted a good experience. It is a very good bonus that I give some kids a good time because I am here. That is of course also a big part of it. (Colleen, 20)*

Seks av informantane mine besøkte Nepal som eit av fleire land på ei lengre reise i Asia. Berre eit fåtal av informantane mine gav uttrykk for at aktivitetar utanom det frivillige arbeidet var uviktig for opphaldet, og dei aller fleste kombinerte nokre veker med volontørprosjekt med andre aktivitetar som fottur i Himalaya, elefantsafari i Chitwan, raftingturar eller lengre friperiodar i Nepal. Fleire volontørane uttrykte at det var kombinasjonen av det å hjelpe og samstundes få ei god oppleving sjølv, som gjorde at dei fekk lyst å reise til Nepal som volontør. Volontørprosjekta la ofte til rette for opplevingar som ein vanskeleg kunne få tilgang til om ein reiste aleine eller som «vanleg turist».

*Så må eg jo sei at eg er jo litt egoistisk òg. På den måten, egoist i ei positiv setting håpar eg. Altså, eg likar å gå tur, også likar eg å treffe andre kulturar. Også var denne settinga her slik at vi skal overnatte heime hos folk og vi skal bu i kloster ein periode. Vi kjem på ein måte mykje tettare inn på folket enn det vi gjer på en vanlig trekkingtur. (Edward, 65)*

Fleire argumenterte også for læringsverdien som ligg i det å reise ut i den store verda, og å arbeide som frivillig. Dette vart framstilt både som ein motivasjonsfaktor til å reise ut og som ein bonus dei opplevde var viktig i ettertid av opphaldet. For Eva var læringsverdien ein viktig motivasjonsfaktor:

*Eg trur ein lærer mykje om seg sjølv ved å ta eit år der ein gjer noko heilt annleis. Å kome inn i en ny kvardag som er omtrent stikk motsatt av det du er vand til. Å få tenkt litt, reflektert litt over korleis resten av verda er. For ein lev jo i ei boble heime, som er heilt annleis enn realiteten omtrent. (Eva, 19)*

Blant informantane med motivasjonsfaktorar som skilde seg ut, var Nora. Med tårer i auga fortalte ho meg at årsaka til at ho var komen til Nepal for undervise munkar i kloster, var for å «finne seg sjølv». Nora sa ho trong tid og ro til å finne tilbake til meinингa med livet sitt, og håpa på at ho ville finne ut av dette i Nepal.

*I needed a quiet time, and I guess this is the place [...] I was in a point of my life that I needed to get out of my routine. I was getting sick, at home. [...] I just wanted to disconnect from my everyday life. Because I am going through a period of my life that I am not happy with what I am doing. I want to do something else. (Nora, 59)*

Informantane var ikkje berre motivert ut ifrå å lære om seg sjølv. Å lære om andre stod fram som ein sentral motivasjonsfaktor. Volontørane ville oppsøkje noko framand og annleis enn kvardagen heime, og tanken om at dette ville gje dei lærdomar for livet var noko som fleire poengterte.

*Actually, as a volunteer, as a foreign people who come here, it can open a lot your mind. You learn about the religion, cultural things, and you experience things that you never could do in your own country. Like eating with your hands, or after going to the toilet washing yourself with the hands and water. It is very different, and you can learn a lot from that. (Maria, 33)*

Fleire av volontørane uttrykte ynske eller forventningar om å oppleve eller sjå fattigdom. Nærkontakt med fattige i Nepal vart sett som noko som kunne vere lærerikt for volontøren. Elizabeth var blant dei som forventa å vere vitne til fattigdommen i Nepal, og at ho ville lære noko av det.

*Kva som møter ein, kanskje sorg og liding og fattigdom og... det anar eg ikkje. Og eg anar ikkje korleis eg skal takle det. Eg vert veldig lett satt ut og fryktelig lei meg på andre sine vegne. Eg er litt sånn... Eg vet ikkje korleis eg skal takle det. Men så tenker eg at ein har godt av det. (Elizabeth, 53)*



Maria hevda at volontørarbeid i hovudsak er ei handling utført fordi ein føler eit behov for å hjelpe til på ein eller anna måte.

**Foto 5.1: Fattigdom.** Fattigdommen i Nepal er synleg overalt. For nokre av volontørane var det viktig å få kunne oppleve nettopp fattigdommen. (Foto: privat)

*I think, sometimes, it's about you and your ego. That you want to do something good for the others. But I think a lot of people, maybe me, we don't do it for the others. We do it for us, because we need to do something. (Maria, 33)*

Ho hevda også at mykje av volontørverksemda i Nepal var direkte skadeleg for nepalarar, og viste til korttidsopphald, der volontørar involverer seg i barn og unges liv:

*Short term volunteer work – it is a work for theirself. So they can say: “I did something good in Nepal”. But if you go teach in a school or an orphanage, you go, they really love you, you are with them, and then you leave. They suffer a lot from that. (Maria, 33)*

Ein annan volontør frå same prosjektet hadde liknande tankar. Ho hadde store planar om å halde fram med å hjelpe Nepal når ho returnerte til heimlandet sitt.

*Lots of the people that do volunteering, just think about themselves. And they don’t care when they are going to leave, they just finish this life and they go back to the real life. And they don’t try to help any more. (Isabelle, 22)*

### **5.1.2.3 Religiøse motiv**

Religiøse motiv var ein motivasjonsfaktor som viste seg å vere sentral for fleire av volontørane eg kom i kontakt med. Fem av informantane mine var volontørar i Nepal organisert gjennom kristne organisasjonar, og hadde alle eit personleg forhold til kristendommen. Fleire av desse hadde motivasjonsfaktorar som ikkje var direkte knytt til deira religiøse oppfatning, som ynsket om å reise, oppleve verda, treffe nye kulturar og hjelpe dei mest sårbare menneska som var ramma av jordskjelvet. Samstundes var dei også i større eller mindre grad motivert ut ifrå religiøse motiv. Vidare skal eg gå inn på dei ulike motivasjonsfaktorane blant dei kristne volontørane som styrte dei mot volontørarbeid i Nepal, før eg kort presenterer Ruth og Nora sine motivasjonar for å kome i kontakt med den buddhistiske livsstilen.

Olivia skilde seg ut frå dei andre, ettersom ho i klartekst uttrykte eit mål om fortelje om evangeliet og Guds ord. Ho hadde tidlegare vore på ei elleve månadar lang misjonsreise, i elleve fattige land verda over. Det var i samband med denne reisa at ho kom i kontakt med ein pastor i Nepal, som ho no budde heime hos og arbeidde for. På spørsmålet om kva som motiverte ho til å reise til Nepal og arbeide som frivillig svara ho:

*I think that... just through my faith. And being here before, I’m having a heart for this people. And working with this family before, they have become close friends of mine, we are like family. And when the earthquake happened. Yeah, I guess I just felt that it was my time to come because of my faith and I prayed about it a lot, and I just felt like, this is where I am supposed to come right now. So I guess that is what motivates me I guess. (Olivia, 25)*

Det er ulovleg å drive misjon i Nepal. Dette kom fram i fleire av intervjuet med dei kristne volontørane. Olivia sa ingenting om dette, og fortalte at misjonsarbeid alltid hadde vore ein draum for ho. «I think it's something that has always been in my heart to do. Like ever since I was little, I kind of dreamed about that. So I think that God have put that in my heart» (Olivia, 25). Ho presiserte at ho ikkje var i Nepal for å omvende hinduistar eller nepalarar frå andre religionar, men la likevel ikkje skjul på kva som var viktig for ho og organisasjonen ho arbeidde for:

*I think over all the hope is that, the hope of the ministry is to share the love of Jesus. But the hope is not to convert everybody who comes in, you know, it's not. But a place for people who have not heard the gospel or experienced the love of God can come and experience that through the ministry, and through helping them and through caring for them.* (Olivia, 25)

Olivia representerte volontørar i Nepal som var knytt til direkte misjon. Dei andre volontørane derimot, hadde ei anna tilnærming til sin agenda i Nepal. Deira arbeid kan i større grad kallast indirekte misjon. Misjonsbefalinga var ikkje like viktig for desse, men dei hadde alle eit ynske om å vise eller spreie kristne verdiar, som nestekjærleik og respekt. «Vi misjonerer ved å vise kjærleik til dei vi møter og sånn» (Sarah, 19).

I samtalar med dei kristne volontørane opplevde eg at misjon var eit tema dei syntes var vanskeleg å prate om, eller ikkje ville prate om.

*Men det vi... eg må berre få presisere; vi er ikkje her for å omvende folk! Vi er her for å arbeide med allereie kristne studentar. Eg hadde ikkje følt meg komfortabel med å reise ut og omvende folk. For eg synest ikkje det er noko riktig. Eller, jo, sjølv sagt er det jo... nei, no skal eg ikkje snakke om det. Men no er eg her for å arbeide med allereie kristne, og dei kristne har det veldig vanskelig i dette landet, som er hinduland.* (Charlotte, 19)

Kjensla av at det var vanskeleg for informantane å uttrykkje kvifor dei var i Nepal og kva dei gjorde der, opplevde eg også i intervjustituasjonen med Sarah og Victoria, som reiste gjennom ein nordisk misjonsorganisasjon. I dette tilfellet var informantane ueinige om kva ein skulle kalle turen.

Victoria: «Når vi sökte på denne team-turen, så var det sånn: ‘Bli med til Nepal for ein misjonstur og jobb på eit dagsenter’. Det var greia, og det var det vi sökte på» (Victoria, 19).

Sarah: «Det er ein misjonstur [...] Det er det, vi seier det heime. Også seier vi det eigentleg ikkje her. Men det er jo det det er. Men det er ikkje slik at vi går ut på gata. [...] Men ikkje kall det det. Det er ikkje heilt greitt her» (Sarah, 19).

Desse volontørane fortalte at hensikta med turen var å bli kjend med organisasjonen sitt prosjekt i Nepal, og få ungdom engasjerte og interesserte i å halde fram med å hjelpe. Dei sa at det er sjeldan at ungdom fekk sjansen til dette, men at dei syntes dette var veldig fint.

Sarah: «Og då er det lettare å engasjere oss ungdom vidare til å vere med å be og samle inn pengar og....» (Sarah, 19).

Victoria: «...bli misjonærar. Vi får ein unik sjanse i å prøve oss i diverse ting. Å hjelpe til og å bli engasjert i å bry seg om andre. Det er det som er hovudsaka» (Victoria, 19).

Charlotte trudde at det var mange kristne i Nepal som følte ei plikt til å hjelpe til, for å følgje det som vert lært. «Det står jo klart og tydeleg at ein skal gjere gode ting» (Charlotte, 19). Ho fortalte at gode handlingar gjeld meir enn gode tankar, og at mange gjorde det ved å reise til ein annan verdsdel, og mange ikkje. Ho fortalte at ynsket om å gjere gode ting botna i eit ynske om ei godheit i verda som ein trur på. Charlotte trudde også at mange av dei kristne som er i Nepal med ulike prosjekt har denne tankegangen, og trudde også at dette er noko mange vel å gjere for sin eigen del som del av det å vere «god kristen». Charlotte såg på dette som ei moralsk plikt. «Det å vise medmenneskelighet uansett, uansett religion eller kaste. Det er jo litt relevant her. Å vise dei at det faktisk er eit syn i verda at alle er likeverdige, og vi ynsker å hjelpe» (Charlotte, 19).

Ruth og Nora var ikkje kristne, men hadde begge ei sterk tiltrekking mot buddhismen, som var medverkande for val av destinasjon og volontørprogram. Volontørane deltok i prosjekt der dei underviste buddhistiske munkar i kloster, og begge hevda at det var åndelege motiv som låg til grunn for å ville reise. For Ruth var söken etter hennar spirituelle veg ein direkte motivasjonsfaktor:

*[...] And then also, as I am in my spiritual path, I dive more in to Buddhism, and the Buddhist experience. When I heard from my friend that she had been volunteering in a monastery, about teaching to the monks, I was like – I want to do that. I could connect to it in like any aspects. (Ruth, 39)*

På spørsmål om kvifor ho valte akkurat dette prosjektet, svara Nora: «Because it is related to Buddhism which I have a really strong connection with». Ho fortalte at ho alltid hadde vore tiltrekt av Nepal, Tibet og Butan, og at denne tiltrekkinga ikkje kunne forklarast utan å vise til det spirituelle. Tiltrekkinga mot buddhismen kom klart til syne etter å ha vore med på morgonseremoni med munkane.

*And today we were in the “Pudsja” and I don’t know. It seems like I have lived that types of thing before. I don’t know. That’s why I am saying I am going in another area, and that’s something else. But if there is reincarnation, probably I have been in one of these places before. That’s the only answer I can give you, I don’t know. But it always attracted me. Never said “I am a Buddhist”, because I am not, but I can incorporate certain thing about Buddhism in myself. (Nora, 59)*

Vi har no sett på ulike motivasjonsfaktorar og drivkrefter blant informantane som ligg til grunn for deira ynske om å arbeide som volontør i Nepal. Volontørane si forståing av eiga rolle kan også vere med på å forklare kvifor folk frå Vesten reiser til Nepal for å arbeide som volontørar.

## 5.2 Turisme vs. frivillig arbeid

*«I wanted to help and I wanted to see the world not just as a tourist»*  
*(Julia, 19).*

Ynske om å distansere seg frå den ordinære turismen var ein gjennomgåande tendens blant mine informantar. I det følgjande vil eg presentere volontørane sitt syn på eiga rolle i Nepal, og deira tankar kring det å betale for å arbeide frivillig.



Foto 5.2: Unge munkar. Unge buddhistiske munkar med Himalayafjella i det fjerne. (Foto: privat)

### 5.2.1 Volontørane si forståing av eiga rolle i Nepal

Samlege av volontørane eg snakka med hevda at som volontør fekk dei ein unik sjanse til å kome nærmare inn på den nepalske kulturen, i kontrast til kva turistar gjorde. «Eg trur at som turist, så lev ein ikkje som nepalarar gjer, og kjem heller ikkje inn i kulturen på same måten som ein gjer dersom ein lev og arbeider med dei» (Alice, 19). Chloe sette pris på å bli kjend med kvardagen til lokalbefolkninga i Nepal. «I don't think it's possible to experience that when you're there as a tourist» (Chloe, 24).

Fleire av informantane uttrykte at dei ikkje var komne til Nepal som turist. Tom var ein av fleire som ville oppsøkje noko anna enn «vanlege turistaktivitetar».

*Eg hadde jo valet. Eg kunne jo reist som turist. Budd på hotell og kosa meg. Men eg følte at det vart for kjedeleg. Ein har på ein måte gjort det nokre gongar og prøvd det. No er det greitt å hjelpe til. Bruke tida på noko fornuftig. Ein vert litt metta av hotellivet og spesielt når det er så lenge òg. At ein berre skal ligge på stranda kvar dag og tusle rundt. (Tom, 27)*

Likevel hevda dei fleste av informantane at det var viktig for dei å kunne kombinere frivillig arbeid med turistaktivitetar som fjelltur i Himalaya, rafting, tempelbesøk, shopping osb.



**Foto 5.3: Monkey Temple.** Utsikt frå den populære turistattraksjonen "Monkey Temple" i Kathmandu. For volontørane som arbeidde gjennom "Red Panther" var tur opp til dette tempelet og andre kjende turistattraksjonar ein del av introduksjonsveka. (Foto: privat)

Turistaktivitetane vart sett stort sett som bonusar, og ikkje hovudmotivasjonen til å reise.

*I think you can do the touristy things in your spare time. It is not my priority. I really, came here to volunteer. And if I get a day off, I get to town and it's great. But it is not what I came for, you know. (Sophie, 22)*

Behovet for å distansere seg frå turismen var tydeleg blant informantane. «Å vere turist liksom, det er jo noko heilt anna faktisk» (Sarah, 19). Charlotte var oppteken av å ikkje opptre og bli identifisert som turist, til trass for at dette innebar å takke nei til aktivitetar som ho eigentleg hadde lyst å ta del i:

*Men eg vil ikkje identifisere meg med turistar. Det er kanskje difor eg har styrt litt unna det, for eg vil ikkje identifisere meg med en turist, sjølv om eg er ein langtidsturist om ein kan sei det slik. Så eg har styrt unna Thamel fram til no. Men vi har jo veldig mykje fri denne veka her. Og eg har jo kjempelyst! (Charlotte, 19)*

Behovet for å distansere seg frå turistane kom til syne i korleis volontørane tilnærma seg den nepalske kulturen. Fleire viste til viktigheita av vise omsyn og respekt for kulturen. «De volontører jeg har været sammen med har gjort meget for ikke at virke som turister: gå ordentlig klædt og prøve at huske og lære alle de ting, man skal gøre og ikke skal gøre i deres kultur» (Camilla, 21, e-post).

Stemelet «turist» vart nærmast opplevd som eit skjellsord blant nokre av informantane, og vart assosiert med ein egoistisk aktivitet, utan nytteverdi for lokalsamfunnet eller for Nepal som land. Det negative synet på turisme kom fram i fleire intervju. Gabrielle hevda at ein som volontør derimot kan vere meir nyttig. «You are actual helpful as an opposite to being a tourist who is just leaving trash everywhere or does not actually support the local community, because you only goes to tourist sites» (Gabrielle, 24). Maria såg turistar som nokon som tek, utan å legge noko att.

*I have been travelling for many many years. And after all these years I started thinking that when you are travelling you are passing through places, but you do not leave anything. Maybe you take, but it is not the same as if you come to this country, or another one, and you work with the people. (Maria, 33)*

For Leah var det å kome til Nepal som turist, som berre var ute etter å ha det moro, eit etisk dilemma. Ho følte for å ta del i dei problema og utfordringane som prega kvardagen til nepalarane etter jordskjelvet.

*I was planning to go to Nepal, but I did not wanted to just barge in there as a rich tourist for them, and not do anything like after the country have been through so much after the earthquake. I did not just want to have fun, and see the fun side and not be contributing or not be involved in the problems that they have had recently. (Leah, 25)*

Leah meinte at turistar ofte levde i ei lukka boble, utan å ta del i fattigdomen som finst i landet. For ho var det viktig at hennar besøk i Nepal skulle vere til glede og nytte for både seg sjølv og for nepalarane.

*And I had mixed feeling about coming here as a tourist. You are someone who decides to go to a country, spend your money there, have fun there, and some get drunk for one or two nights, or have some pizza and western food, but it is like a fake reality almost. Because you are always looking at the good sides, and there are a lot of people in the mountains that are suffering. If you decide to go there, and spend your money there, then I think you might as well... [...] I think for me it was more than fair to do something. If I would enjoy it, I want them to enjoy it too. So, 50-50. (Leah, 25)*

Til trass for at informantane ikkje ville identifisere seg som turistar, kom det fram i nokre få intervju at dei såg turisme som viktig og bra for Nepal: «Men eg trur òg litt... det er kanskje teit, men eg trur dei er litt glade for turistar òg. Fordi det har vore veldig lite turistar her etter jordskjelvet. Så eg trur dei set pris på det» (Sarah, 19). Isabelle hevda turisme i Nepal var viktigare enn nokon gong før, ettersom turismen er ei av dei viktigaste inntektskjeldene til landet.

*Because of the earthquake I think there are a lot of people that think that they do not want to come here. I think it is more important than ever to come to Nepal. Because the tourists are leaving the most of the money here, for this country, so if they stop coming, it will get more difficult than it is now. (Isabelle, 22)*

Som Isabelle, var dei fleste volontørane positive til at dei gjennom sitt opphold la att pengar i Nepal. Om ein ser på seg sjølv som volontør eller turist, så har dei begge til felles at ein må betale for opphaldet i Nepal, på ein eller annan måte. Sjølv synes eg det var eit paradoks at fleire av informantane ikkje ville kalle seg turistar, sjølv om dei betalte ein «pakke» gjennom eit reisebyrå. Det vart difor interessant å finne ut meir om kva volontørane tenkte om det å betale for å arbeide frivillig.

### **5.2.2 Om å betale for å arbeide frivillig**

Alle mine informantar hadde betalt for å arbeide frivillig i ei eller anna form. Nokre av volontørane reiste gjennom reisebyrå eller organisasjonar og hadde betalt for ein «pakke», som inkluderte overnatting, transport, flyreiser, mat, forsikring og avgift for å arbeide som

volontør. Andre volontørar arbeidde for organisasjonar der det ikkje kosta noko å vere volontør, men måtte ved sidan av betale for overnatting, mat og transport frå eiga lomme, og på eiga hand.

Informantane som arbeidde gjennom den lokale volontørorganisasjonen «Red Panther», hadde gjerne bestilt og betalt turen via eit vestleg reisebyrå. Fleire av desse informantane opplevde det som dyrt å arbeide som volontør, og hadde gjerne spart opp pengar over lang tid for å få råd. «It is quite expensive. We have to pay a lot to do volunteer work» (Chloe, 24). Prisen for å undervise i skular eller arbeide med konstruksjonsarbeid gjennom «Red Panther» låg på rundt 2000 NOK per veke, avhengig av kva vestleg organisasjon dei hadde bestilt reisa gjennom. Sjølv om volontørane uttrykte at dei syntes det var dyrt, var det likevel brei semje om at det «var verdt det». Tom fortalte at han syntes det var litt rart å betale for å arbeide frivillig, men at pengane han hadde brukt var vel *investert*. Han viste til alt han hadde fått oppleve, som han ikkje ville fått vere med på om han hadde reist som «vanleg turist»: «Eg synest det er vel investert å betale det det kostar for å vere med å hjelpe. Eg syns vi har fått mykje igjen allereie» (Tom, 27).

Fleire informantar uttrykte at ei viktig årsak til å ville betale for å arbeide som volontør, var den tryggleiken som låg i volontørprosjektet. «I do not think that you only pay for the food, the accommodation and for the transportation and the materials, you also pay for a little bit of security. It is almost like insurance» (Leah, 25). Pensjonisten John var også oppteken av tryggleiken som desse programma kunne tilby han. John hadde betalt 4000 euro til eit vestleg reisebyrå for å arbeide med konstruksjonsarbeid i seks månadar gjennom «Red Panther». Han skilde seg ut frå dei andre volontørane som arbeidde i mykje kortare tidsrom. I tillegg kom utgifter i samband med flyreiser på om lag 800 euro. Han reflekterte rundt volontørarbeid som «business», men at dette var noko han ikkje brydde seg om.

*Because of my age, I know how they works [...] And I know how many money goes in their hands and stuff like that. So I always have my critical sight and say well, why spend so much money to the agencies when you can travel there by a ticket? But the circumstances, well I can afford it to pay it so I do it. So if I give my commitment to them and they to me, it is okay.*  
 (John, 63)

Blant volontørane var det ikkje alle som verka å ha eit medvite forhold til at volontørarbeid var noko som både reisebyrå og lokale organisasjonar tente pengar på. Ein mannleg volontør

som var med å bygge skule gjennom «Red Panther», var klar i sin tale då temaet kom opp på ein restaurant i Thamel: «It's all business!». Han var ikkje blant mine informantar, men hadde arbeidd med konstruksjonsarbeid i over to månadar på dette tidspunktet. Leah undra seg over kvar pengane gjekk: «Where does the money go? I wish it would have been a little more transparent. [...] I think there will always be a grey area with volunteering» (Leah, 25).

Nora hadde betalt Red Panther for å undervise munkar i eit buddhistisk kloster. Ho opplevde det som ein stor nedtur å kome fram til klosteret og bli fortalt av Tenzing, koordinatoren ved klosteret, at ho ikkje kom til å få undervise noko grunna ferie og eksamensavvikling. Eg var til stades i klosteret då ho fekk denne beskjeden. Då Nora fortvila spurde: «So, I am not going to teach at all?» svara Tenzing kort og presist «Well, sometimes it is all about money». Nora fortalte meg seinare at denne kommentaren verkeleg fekk auga hennar opp: «It hit me really hard. This is business!». Etter to veker i klosteret var ho likevel nøgd med opphaldet. Men skuffelsen over «Red Panther» og Mr. Kamal la ho likevel aldri skjul på:



**Foto 5.4: Tradisjonsdans.** Festivalar, høgtider og eksamensavvikling gjorde at munkane var opptekne med andre ting enn undervisning. Her øver munkane til "Lama-fest". (Foto: privat)

*I was a little bit disappointed in Mr. Kamal that people to earn money can hide information, and tell you otherwise just to have the business done, you know, and earn money. I would have done this even if they had told me that there is no teaching. I would still have come. But that part, I did not like it. I was disappointed.*  
(Nora, 59)

Chloe hevda at dei som ikkje betalte for å arbeide som volontørar ikkje var like seriøse og fekk mindre ut av opphaldet.

*If it would be free, I think the wrong people will sign up for it. People with not the right motivation. I have heard that there are a lot of volunteers who are just partying and drinking. [...] That's why there are some people who are just here to party and do some volunteer work. It is not that serious. And that's the problem, so I think when they ask a fee you get probably more experience.* (Chloe, 24)

På den andre sida, syntes dei som ikkje betale for å vere volontør at det var rart å skulle betale for å arbeide som frivillig. Til dømes syntes Isabelle, som arbeidde frivillig i ein flyktningleir i Kathmandu gjennom «Love Nepal», at dette var vanskeleg å forstå.

*That's (to pay for volunteering) something that I really don't understand. I understand if sometimes they are providing homes and food and whatever, but I don't know. I prefer like "Love Nepal". You come, you join, you pay your own food, your own house, but you don't have to give them any money. There are a lots of people that I know of that are paying to do volunteer work. And it is like a summer camp. Lots of people are going to volunteer to a place, and they are all foreigners. Obviously, I think they are helping, but I think it is a confusing idea for me. I don't understand. (Isabelle, 22)*

Natalie sitt volontørarbeid skilde seg ut frå dei andre volontørprogramma. Ho var den einaste volontøren som arbeidde på ABC Kveldsskule i tidsrommet ho var i Nepal. I e-postintervjuet spurde eg om kvifor ho valte denne organisasjonen og dette prosjektet:

*Before choosing this NGO<sup>6</sup> I did a little bit of research and also asked friends who had experience as a volunteer and I discovered in countries such as Nepal, India, Vietnam, there is this hidden agenda (to call it something) of tourism volunteering where the NGOs and orphanages are specially set to fulfil the expectations of rich foreigners who want to feel good about themselves by volunteering a few weeks, but mostly do tourism. And these NGOs charge around 800\$/week all included, but what the kids get does not reach 5% of that sum. I didn't want to get involved in something like that and I also wanted to have the freedom to leave if I feel I'm not taken seriously. (Natalie, 29, e-post)*

Volontørane var altså opptekne av å distansere seg frå turismen, og oppfatta ein «turist» som nokon som kjem for å ta, utan å gje noko tilbake til landet. Informantane mine såg si eiga rolle som noko anna, som nokon som kom med noko bra i form av tid, kunnskap og innsats for å hjelpe. Volontørane såg det også som positivt for Nepal at dei gjennom sitt opphold la att ein del pengar i landet. Informantane hadde ulike tankar om det å betale for å arbeide frivillig. Dei som var volontørar i kommersielle organisasjoner, og som betalte for å delta i eit volontørprosjekt, var positive til å betale for eit «pakketilbod», medan volontørar som ikkje direkte måtte betale for å arbeide som volontør, var meir skeptisk og tvilande til dette. Synet

---

<sup>6</sup> NGO: Non-Governmental Organization. Ikkje-statleg organisasjon.

på eiga rolle som «hjelparar» må sjåast i samanheng med forståinga av menneska dei ynskte å hjelpe. Vidare vil eg presentere volontørane si forståing av nepalarar.

### 5.3 Volontørane sitt syn på nepalarar

Både i intervjustituasjonar og elles i samtalar med informantane mine kom det tydeleg fram at termene «oss/vi» og «dei andre» vart nytta for å trekke eit skilje mellom dei vestlege volontørane/turistane og dei innfødde nepalararne. Å vise til nepalarane som «dei andre» tykkjer eg difor verkar heilt legitimt i framstillinga av volontørane sitt syn på nepalarar.

I intervjuet stilte eg volontørane spørsmål om korleis dei opplevde nepalarar. Svara eg fekk var så å seie utelukkande prega av positive skildringar. Volontørane fortalte at dei opplevde nepalarar som «snille», «arbeidsame», «ærlige», «høflege», «familieorienterte», «takksame», «varme», «imøtekommende», «hjelpsame», «positive», «venlege», «søte» og «glade». Informantane gav uttrykk for at dette i noko grad var overraskande, ettersom mange nepalarar lever tøffe liv og er fattige.

To av informantane mine samanlikna den nepalske livsstilen med vestleg livsstil, der den vestlege livsstilen vart omtala som stressande, hektisk og overflatisk. «I think people here live. I think people home – we exist. I think people here live the real meaning of living» (Ruth, 39). På spørsmål om korleis Sophie opplevde nepalarar svara ho:

*Very welcoming people, very relaxed, very laid back. You never see a clock outside. That is funny. Because people are just living here and experiencing and are not busy with western stuff. That's for me really a good thing. I'm used to Amsterdam, where people are walking next to each other, living next to each other, not with each other. Here I think people are living more with each other. I like that. (Sophie, 22)*

Eit fåtal av informantane mine skildra nepalarane med omgrep med negative konnotasjonar. Desse ytringane kom alltid som tillegg til meir positive skildringar av nepalarar, og gjerne utanfor intervjustituasjonar. I tillegg til ei meir positiv forståing av nepalarar uttrykte nokre informantar at nepalarar var «sta», «late», «passive» og «tiltakslause». Det vart hevdat nepalarar «arbeidde ikkje», «venta på hjelp» og at dei «ikkje klarte å organisere seg». Spesielt blant volontørane som arbeidde med konstruksjonsarbeid på landsbygdene var desse oppfatningane utbreidd. Tom var blant fleire som reagerte på det han skildra som tiltakslause blant nepalarane.

*Ein ser at dei frivillige (volontørane) bidreg her. Og på det første prosjektet, der har det jo stått stille sidan april. Dei lokale bur jo ved sidan av skulen, så dei kunne jo på ein måte ha byrja, men dei har ikkje gjort nokon ting. Og det er jo litt rart å sjå. Det er jo deira barn som skal gå på den skulen. Men dei gjer ingenting. Dei ventar på at vi skal kome dit.* (Tom, 27)

Isabelle tok opp den same problematikken som Ole så vidt var innom. «Now the people in Nepal are starting to be used to the help of other foreigners, and volunteers, so they just wait until a group of volunteers are going to help them. I think this is wrong» (Isabelle, 22).

Volontørane eg snakka med gav gjennomgåande uttrykk for ei oppfatning av at nepalarane treng hjelp, ettersom dei er eit «needy people» og er så fattige. Både til å organisere seg, kome i gang og fullføre prosjekt treng dei støtte. Spesielt etter jordskjelvet tenkte informantane mine at nepalarane trøng hjelp utanfrå, gjerne frå Vesten. Også innan utdanningssystemet, tenkte informantane mine at vestlege impulsar og vestleg hjelp ville styrke skulen i Nepal.

Blant volontørane som arbeidde i skular, kom det fram at volontørane opplevde lærarane som «ukvalifiserte», «dårlig utdanna» og med «dårleg engelsknivå». Volontørane såg på undervisningsmetodane i Nepal som gamaldagse og ineffektive.

*I was told that, and I saw it for myself too, that teachers they are just reading every single line that are in the text book, and they say just: "okay, copy everything" and that's it. It is a very old fashion way of teaching. I could have given them a more modern way of teaching, more loose.* (Sophie, 22)

Sophie var på lik linje med dei andre volontørane som arbeidde med undervisning i skulen, overtydd om at volontørar som arbeidde i skulane var til stor fordel for utdanninga i Nepal. Ho hevda at nepalske lærarar hadde mykje å lære av volontørar frå Vesten, som hadde andre og betre læringsmetodar. Følgjande sitat kan tolkast som at lærarane på den lokale skulen har lært å undervise, takka vere dei mange volontørane som har vore innom:

*And I saw that the teacher, well, he actually did a pretty good job. So I think that the school, where the children are going, already have had so many volunteers that they pretty much know how to teach. The only thing we obviously can do better is the English accent. Because they have a really bad English accent, so when it comes to pronunciation we could have helped them.* (Sophie, 22)

## 5.4 Skulen som arena for volontørturisme

*«They know we are not going to hit them. And they know we are more playful than their own teachers and they can just go wild!» (Sophie, 19)*

Volontørarbeid og utdanning var i utgangspunktet fokusområde mitt då eg kom til Nepal. Som sagt innleiingsvis måtte eg utvide fokus grunna uføresette faktorar som jordskjelvet og dei mange festivalane, høgtidene og feriane som føregjekk samstundes som mitt feltarbeid. Det vart umogleg for meg å finne tilstrekkeleg med informantar som underviste i nepalsk offentleg skule. Likevel var nitten av informantane mine involvert i volontørarbeid som innebar undervisning i ei eller anna form. Skulen og andre utdanningsinstitusjonar vart ein sentral arena for å studere volontørane sine forståingar av «oss» og «dei andre». Volontørane sine tankar om kor viktig utdanning var for Nepal, samt utfordringane volontørane møtte, gjekk igjen. I det følgjande vil eg presentere informantane sine tankar om utdanning, deira forståing av eiga rolle som undervisarar og deira erfaringar frå klasserommet.

### 5.4.1 Utdanning – vege ut av fattigdom

Tanken om utdanning som ein nøkkel til eit betre liv og ein veg ut av fattigdom, var noko alle informantane som arbeidde med utdanning hadde.

*I think education is the basis for everything. You have to give the tools, the means for people to get the money instead of giving them money [...] Give them education and then you give them the means to do a living for themselves. (Nora, 59)*

Fleire hevda at volontørarbeid innan utdanning var den beste måten å hjelpe Nepal på. Gjennom engelskundervisning og vestlege læringsmetodar hevda volontørane at nepalske barn og unge ville bli betre rusta til å ta høgare utdanning. «I hope to pass on our western teaching methods and aid the students in prospering in the classroom so that in the future teachers can incorporate our methods and students will seek more opportunities» (Julia, 19, e-post). På spørsmål om i kva grad arbeidet ein gjorde var viktig for Nepal, svara Fredrik:

*Det er viktig på den måten at det gir skulen ei betre utdanning. Det gir barna på skulen ei betre utdanning, som på lang sikt kan vere utrulig bra for samfunnet [...] Eg trur det er veldig bra for Nepal at dei får hjelp utanfrå. På den måten er det vel meiningsfult. (Fredrik, 18)*

I motsetnad til Fredrik, var Camilla meir nølande angåande i kva grad arbeidet ho utførte som volontør i skulen var viktig:

*Jeg ved ikke, om jeg egentlig synes, det sådan er livsnødvendigt. Det er for sådan en kort periode, at min tilstedeværelse nok ikke kommer til at betyde så meget for dem igen. Men jeg prøver at give dem nogle gode dage med undervisning og engelsk, så deres dage bliver bare en lille smule bedre, end den måske havde været før. (Camilla, 21, e-post)*

Forståinga av at volontørane har noko positivt å tilføre utdanninga i Nepal, botnar i deira oppleving av utdanninga og utdanningssystemet i Nepal. «The educational system is very obsolete. Many times I had the feeling of helplessness with the system and the country in general» (Natalie, 28, e-post). Volontørane opplevde ein skulekvardag langt frå den dei var kjende med frå vestlege land, og fleire peika på dei nepalske lærarane sin manglande kompetanse og manglande innsats som hemmande for god undervisning. For fleire av informantane var det viktig å bidra med ei undervisning som var kjekk og samstundes nyttig for elevane.

*The teachers are so lazy. When the bell rings, they don't leave before after five minutes, and they also leave before the bell rings. They do not prepare for the classes, they just read from the book, and the students think that it is boring. (Colleen, 20)*

#### 5.4.2 Erfaringar frå klasserommet

Alle informantane mine som hadde undervist i skulen fortalte at dei hadde hatt utfordringar med å få kontroll over elevgruppa. Natalie, som var lærarutdanna, skildra møtet med undervisningssituasjonen slik: «I felt what I did was just an entertainment and that my classes were not taken very seriously» (Natalie, 28, e-post). Ho var slettes ikkje aleine om å ha kjensla av å ikkje bli teken på alvor som lærar. Den manglande kontrollen over elevane vart av fleire volontørar forklart med volontørane sin lærarstil, som skilde seg frå nepalske lærarar der fysisk avstraffing vart nyttta for å få ro og orden.

*You can see that the kids, they are afraid of their teachers. But they are not afraid of me, or the other volunteers, because they know that we will not hit them. My first day was hard, because they were not listening to me, and they were not behaved. [...] I could tell they even liked me, but they just did not listen to me, because they were ten years old. They had a lot of*

*energy. And they have recently had a substitute teacher, so for them, they had a free period.*  
 (Gabrielle, 24)

Kontinuitet i undervisninga er noko av det Nora saknar i engelskundervisninga. «They do not have a structure on education either. Because people come and go, at least in English» (Nora, 59). Gabrielle har også inntrykk av at elevane etterkvart er blitt vande med hyppig utskifting av lærarar i skulen. «In the school I think they have a lot of volunteers come. For them, I think they are used to have someone showing up for like a week, two weeks, a month, then go» (Gabrielle, 24). Fleire fortalte om utfordringar knytt til gjennomføring av ordinær undervisning. «And I tried to teach from the work book, but it was not really working out, so basically I thought English. English grammar»

(Gabrielle, 24).

#### **5.4.2.1 Sophie**

Medan dei fleste av informantane som hadde undervist var stort sett nøgde med opplegget i skulen, hadde Sophie ei heilt anna erfaring. Sophie arbeidde berre nokre få dagar som volontør i skulen like ved barneheimen ho arbeidde på. Ho fortalte at ho den første dagen vart kasta ut i undervisningssituasjon på eiga hand, då læraren brått reiste frå klasserommet.



**Foto 5.5: Klasserom.** Både klasseromma og undervisninga i Nepal var noko anngleis enn klasseromma volontørane var vande med. Bilete syner eit klasserom på ein offentleg skule på landsbygda der mange volontørar har vore innom. (Foto: privat)

*But then the teacher just took off, and said like: "okay, you do introduction game now". And I was left alone. It was really weird that I was left alone in front of 25 children. And I felt kind of uncomfortable, because I was not prepared. I was not aware that I was expected to teach that day. So the children they just started yelling to each other, and they said like: "Can you dance for us, can you sing us a song? Where are you from? What is your national song and what colour is your flag?", and they were just screaming and not listening to me. And obviously it was not a good start. And after that they did not take me really seriously. And I did not think that they were really learning from me, so I stopped. (Sophie, 22)*

Sophie kjende seg makteslaus ovanfor den urolege elevgruppa, som tydelegvis hadde andre forventningar til kva timane skulle fyllast med enn Sophie hadde.

*Because the kids also know that I am not going to punish them, by hitting them. They are just like: "ah, it is fun hour again! This is the nice teacher who is just playing games with us and they are not going to hit me. (Sophie, 22)*

Straumen av volontørar på denne lokale skulen dei siste åra har gjort noko med oppførselen til barna, ifølgje Sophie. Ho forklarte uroa i klassen og åtferda til elevane med at elevane visste at dei kunne bråke utan å bli slått eller straffa av volontørane.

*They are used to having volunteers. But I have heard that previous got like the same experience that we did. So I think that's also why they behave like that. They know. They know we are not going to hit them. And they know we are more playful than their own teachers and they can just go wild! (Sophie, 22)*

Sophie sine erfaringar i klasserommet gjorde at ho byrja å mistrivast sterkt. Ho bestemde seg difor for å trekkje seg frå undervisninga på skulen, og heller fokusere på arbeidsoppgåvene på barneheimen der ho primært skulle arbeide. Resten av opphaldet underviste ho barna på barneheimen utanom skuletid. Ho var overtydd om at arbeidet volontørane gjorde på barneheimen, og hadde gjort gjennom dei siste åra, hadde vore svært viktig for barna.

*I think that they, not only from me but from the other volunteers, I think I thought them a lot. Because they already know a lot. And that is only because there have been so many volunteers I guess. They are really smart children. And if they had only gone to school, and not have so many volunteers, they would not be so educated as they are. So I think it does benefit them [...] I think it is good for them that they are surrounded by so many people who love them and care for them. (Sophie, 22)*

#### **5.4.3 Aktørar som legg til rette for volontørarbeid i skulen**

Mr. Kamal og Mr. Kiran legg begge til rette for at volontørar kan arbeide med utdanning i Nepal. Dei er sjefar for to svært ulike organisasjonar som representerer ulike konsept. Mr. Kamal driv ein volontørorganisasjon (Red Panther) som i samarbeid med ei rekke store vestlege reisebyrå, tilbyr ei rekke volontørprosjekt for mange volontørar kvart einaste år. Gjennom Red Panther kan volontørar arbeide i skular i kortare tidsrom, og i kombinasjon med andre prosjekt. Mr. Kiran er leiar for ein privat kveldsskule (ABC Kveldsskule) og har i motsetnad til Mr. Kamal ingen økonomisk profitt på å ha volontørar på skulen sin. Han har

éin til to vestlege volontørar hos seg kvart år, og då over lengre periodar. Sjølv om dei skil seg frå kvarandre på mange måtar, er dei samde om at utdanning er viktig for Nepal (sjå 2.2), og at volontørar frå Vesten kan vere verdifulle for utdanningsinstitusjonar i Nepal.

#### **5.4.3.1 «Red Panther» – Mr. Kamal**

Mr. Kamal såg arbeidet volontørane gjorde i den nepalske skulen som svært verdifull. Han hevda at alt frivillig arbeid, uavhengig av kor lenge volontørane arbeidde, var bra og nyttig for skulane. «It's a contribution of time and skills to benefit the people. Not only Nepal, it's the whole world. It will make the whole world better. Nepal is just a part of it». Mr. Kamal framstilte ynsket om å vere volontør som noko ein gjorde for å hjelpe andre, utan å berre tenke på seg sjølv. «It's a concept you know. We need to give something, not only take all the time. Not be individualistic, not only think for ourselves. We need to think for others and what we can do for others as well».

I tillegg til at volontørane sat att med mykje erfaring og lærdom etter opphaldet, hadde også elevane mykje å lære, ifølgje Mr. Kamal. «It's also cross-cultural. They got to learn different cultures from different countries. They hear different accent of speaking. They get used to all different accents. And they get to learn the different way of teaching, different way of learning».

Også lærarane på dei aktuelle skulane fekk ifølgje Mr. Kamal mykje att for å ha volontørar frå Vesten på besøk. Han skildra møtet mellom lokale nepalske lærarar og vestlege volontørar som ein arena for utveksling av idear, metodar og kunnskapar.

*It's a give and take. The volunteers, they get to learn so much from these teachers, and teachers also get to learn so much from these volunteers. It's different techniques, different methods [...] they are most happy willing to have volunteers in these schools, because of the betterment of the schools. (Mr. Kamal)*

#### **5.4.3.2 «ABC Kveldsskule» – Mr. Kiran**

Mr. Kiran hevda at vestlege volontørar kunne auke kvaliteten i den nepalske skulen. Han fortalte at volontørane som kom frå Amerika, Storbritannia og Europa for å undervise hos han var kvalifiserte lærarar, med solide engelskferdigheiter. Han trudde elevane hans hadde stort utbytte av dei utanlandske volontørane, primært grunna den gylne moglegheita elevane fekk til å høyre og praktisere engelsk språk, både munnleg og skriftleg. «The students learn

the types of things that are supposed to be thought here, but is completely new for them, which is a great experience. I think the kids also get an extra advantage to learn English».

For Mr. Kiran var det viktig at volontørane som arbeidde for han ville arbeide over eit lengre tidsrom. På ABC Kveldsskule hadde dei hatt volontørar så lenge som opp til to år, men dette var heller unntaket. Opphold på mindre enn to månadar var ikkje aktuelt, då han meinte at slike korttidsopphald ikkje var effektive i det heile tatt. På spørsmål om kvifor han meinte dette, svara han:

*Well, we have a syllabus. So for two weeks, ten days, how much is she gonna do? How much is my kids gonna learn? That is too short. So, it will be some kind of great for the volunteer, but not really effective for our kids. So that's why I don't take in. (Mr. Kiran)*

Ettersom ABC Kveldsskule ikkje var ein kommersiell organisasjon, såg Mr. Kiran på korttidsvolontørar som unyttige for han. «They are pretty much useless», sa han om desse volontørane. Då eg spurde han om kva han meinte om dei mange nepalske organisasjonane som legg til rette for at volontørar kan undervise i skular i éi til to veker, svara han:

*It is effective at all? I don't think so. I am against it. It is problematic. If you give a volunteer for two weeks. How much is the kids going to learn – not much. All the volunteer wanting to come for a short period, they basically just want to come have look at what a third world-country is like. That's my experiences. Which is basically very very selfish, if you ask me. Is it effective for the kids? For the clients? No, not at all. (Mr. Kiran)*

Mr. Kamal og Mr. Kiran var altså begge positive til vestlege volontørar, og såg stor nytteverdi i å la utanlandske volontørar få undervise i nepalske klasserom. Likevel var det ulike oppfatningar om kva premiss som må ligge til grunn for at nytten skal finne stad for barna og elevane. Mr. Kiran sine standpunkt skilde seg her markant frå Mr. Kamal sine, og han hevda at volontørar må undervise i ein lengre tidsperiode for at læring og kulturell utveksling skulle finne stad.

## 5.5 Oppsummering

Vi har i dette kapittelet sett på gjennomgåande trendar og tendensar i datamaterialet mitt. Motivasjonsfaktorane som ligg til grunn for informantane mine er komplekse og samansette, og kan kategoriserast etter altruistiske, egoistiske og religiøse motiv. Nesten alle volontørane eg snakka med uttrykte eit sterkt behov for å distansere seg frå den ordinere turismen, og oppfatta si eiga rolle i Nepal som noko heilt anna enn turistar. Volontørane plasserte seg sjølv

som hjelparar og bidragsytarar i eit fattig land som trøng deira hjelp. Tanken om at utdanning var viktig for Nepal var noko alle var samde i, og at frivillig arbeid innan utdanning var ein viktig og god måte å kunne gjere ein skilnad på. Erfaringane frå klasserommet viste seg å vere prega av både oppturar og nedturar. Som dømet med Sophie viste, var det ikkje alltid like enkelt å arbeide som volontør i den nepalske skulen, utan kompetanse eller erfaring som lærar. Å undervise i eit framand land og med manglande språkkompetanse, bydde på mange utfordringar for volontørane. Aktørar som legg til rette for frivillig arbeid innan utdanning og undervisning var samde om at vestlege volontørar kunne vere verdifullt for utdanning i Nepal. Likevel var dei ikkje samde om kva premiss som måtte ligge til grunn for at læring kunne skje. Dette kapittelet legg grunnlaget for vidare drøfting av dei aktuelle problemstillingane, der eg i dei to neste kapitla vil drøfte eigne funn på bakgrunn av teori.



## 6 Kvifor reise til Nepal for å arbeide som frivillig?

I det første drøftingskapittelet vil eg drøfte følgjande underproblemstilling: *Kva motivasjonsfaktorar ligg til grunn for å arbeide som frivillig i Nepal?*

Problemstillingane vil eg drøfte med utgangspunkt i datamaterialet mitt som vart presentert i det førre kapittelet (kap. 5.1), samt relevant teori. Dei individuelle motivasjonsfaktorane, eller aktørforklaringane, vil eg sjå i lys av dei strukturelle rammene som vart løfta fram i teori-kapittelet (kap. 3).

### 6.1 «It feels like you are doing something good for the world»

#### - Altruistiske motivasjonsfaktorar

Etter å ha undersøkt motivasjonsfaktorane blant volontørar i Nepal, er eg delvis einig i Wearing og McGehee (2013) som hevdar at altruistiske motiv er blant dei mest vanlege. Graden av altruistiske motivasjonar varierte stort i informantgruppa mi, der eit fåtal hevda dei utelukkande var opptekne av å hjelpe og gjere ein skilnad i Nepal. Dei fleste av informantane fortalte at det var kombinasjonen av å hjelpe og til dømes å reise eller oppleve noko annleis som var viktige motivasjonsfaktorar. Berre eit fåtal uttrykte at det i hovudsak var egoistiske motivasjonsfaktorar som dreiv dei til Nepal for å arbeide som volontørar.

Å hjelpe Nepal etter jordskjelvet stod fram som den viktigaste altruistiske motivasjonsfaktoren blant mine informantar. Volontørane opplevde det som meiningsfylt og nyttig å vere volontør i eit fattig land som nyleg hadde opplevd ein stor naturkatastrofe, og såg på Nepal som eit land som no trong deira hjelp og støtte, meir enn nokon gong før.

Ynsket om å hjelpe eit folk og eit land langt unna heimstaden kan forståast som det Mostafanezhad definerer som kosmopolitisk empati. Volontørane uttrykte ei ansvarskjensle for å handle i tråd med det beste for verda, og til nytte og fordel for jordas befolkning. Å hjelpe dei fattigaste, dei mest sårbare og «needy», var viktige motivasjonar blant volontørane. Utsegn som «det er mi plikt som verdsborgar å vite kva som skjer i verda» (Charlotte, 19) og «...we are responsible for the global world» (John, 63) viser at volontørane ser på seg sjølv som deltakrar i eit internasjonalt samfunn, som individ med internasjonalt medborgarskap. McGehee og Santos hevdar at volontørturistar utviklar ei sterkare kjensle av globalt statsborgarskap, samt at dei vert meir involverte i å endre verda (McGehee & Santos, 2005). Mitt datamateriale samsvarer godt med denne påstanden, då informantar eg snakka med i

etterkant av volontørarbeidet gav sterkare uttrykk for ynsket om å arbeide vidare og hardare for ei betre verd.

Volontørane stod fram som engasjerte, samfunnsmedvitne og sjølvstendige. Utan å vite noko særleg om volontørane sin økonomi og deira politiske ståstadar, så vil eg påstå at Conran sin identifisering av volontørturistar (Conran, 2011) samsvarer godt med eigne inntrykk av informantgruppa mi. Mange av volontørane var høgt utdanna, eller hadde klare ambisjonar og planar om høgare utdanning. Dei fleste av volontørane var opptekne av å handle og arbeide for ei meir rettferdig verd, og såg sitt engasjement som volontørar som eit bidrag mot dette målet. Fleire av informantane hevda at valet om å arbeide som volontør, verka som eit betre alternativ enn å besøke Nepal som turist. Dette fordi dei såg volontørarbeid som meir berekraftig, og til nytte og glede for lokalsamfunna.

Wearing og McGehee (2013) forklarar altruismen med våre moralske prinsipp, som kjem til syne gjennom forventningar i samfunnet. Å hjelpe fattige i naud, oppfatta nokre av informantane både som ei moralsk plikt og eit moralsk ansvar. Terje Tvedt (2005) sine argument kan vere med på å forklare kvar desse moralske prinsippa og forventningane i samfunnet om å hjelpe «dei andre» har sitt opphav frå. Vesten si rolle som utviklingsagent i det globale sør, kan ha gjort noko med vår sjølvforståing og våre forventningar til kva handlingar som høver seg ovanfor verdas aller fattigaste og mest sårbare menneske. Volontørane kan spegle eit «godhetsregime», der ein er danna eller lært opp til å hjelpe dei ein trur ikkje har det like godt som «oss». Det kan tenkast at volontørane gjennom utdanning og media har blitt lært opp til å verte «gode og solidariske», med rause givarhender (Tvedt, 2009). Dette perspektivet er altruistisk, og står godt til volontørturismen sitt opphav (Callanan & Thomas, 2005).

Det konstant därlege samvitet som Tvedt hevdar har prega norsk bistand og utviklingsarbeid, var noko eg kunne spore og kjenne att blant nokre av informantane mine. Volontørane uttrykte eit klart ynske om å «dele» eller «gi», frå det som vart omtala som eit «vestleg overskot», til nokon som ikkje har vore like heldige. Därleg samvit over eigen rikdom, velferd og livsstil i Vesten, kom til uttrykk i fleire av intervjua, men spesielt blant informantane som arbeidde med undervisning i nepalske skular. Volontørane opplevde det som ei moralsk plikt å «dele» eller «gi» av den vestlege utdanninga og kompetansen sin, og såg det som moralsk rett å stille opp med dei kunnskapane og den kapasiteten som dei sjølv hadde. Ved å ta med

seg kunnskapar og undervisningsmetodar frå Vesten, ville ein hjelpe og forbetra skulen i Nepal, noko som var ein viktig motivasjon for nokre av volontørane.

Sjølv om Mr. Kamal framstilte volontørarbeid som noko ein gjorde for å hjelpe andre og utan å tenkje på seg sjølv, var fleire av informantane mine klare på at dei også var motivert til å reise til Nepal for å arbeide frivillig ut ifrå egoistiske motiv. I det følgjande vil eg drøfte dei egoistiske motivasjonsfaktorane som var å finne blant volontørane.

## **6.2 «I wanted to see the world»**

### **- Egoistiske motivasjonsfaktorar**

Før avreise til Nepal hadde eg ei forventning om å finne primært egoistiske motivasjonsfaktorar blant volontørane. Eg fann raskt ut at motivasjonsfaktorane for å verte volontør var meir kompliserte enn eg først trudde. Sin (2009) hevdar at volontørturistar primært er motivert ut frå egoistiske motiv. Dette stemmer ikkje overeins med datamaterialet mitt, der mange la vekt på altruistiske motivasjonsfaktorar som viktige. Til trass for at volontørane trakk fram altruistiske motivasjonsfaktorar, var nesten alle informantane mine også motivert av egoistiske motivasjonsfaktorar som til dømes å reise, gjere spanande ting, treffe nye menneske, oppnå ei personleg utvikling, betre CV-en eller bli betre kjend med den nepalske kulturen.

Eugenia Wickens, som også undersøkte motivasjonar blant volontørar i Nepal, gjorde funn som samsvarer i noko grad med mine. Ho fann at volontørane var komne til Nepal av fleire grunnar, men først og fremst i søken etter ei sannferdig og ekte oppleving av å leve i eit utviklingsland, i ei verd langt unna eigen kultur (Wickens, 2011). Jordskjelvkatastrofa som ramma Nepal er truleg ein viktig faktor som gjer at mine funn ikke samsvarer betre med Wickens sine funn. Motivasjonsfaktorane som er å finne i mitt datamateriale er i stor grad prega av ynsket om å hjelpe Nepal etter den humanitære krisa som ramma landet våren 2015.

Ein gjennomgåande tendens blant informantane, var ytringar om korleis volontørarbeid kan gje ei personleg tilfredsstilling. Volontørane snakka mykje om den gode kjensla som dei fekk ved å hjelpe nokon som dei opplevde ikkje hadde det like bra som dei. Frivillig arbeid vart framstilt som «givande», «meiningsfylt» og «berikande» for volontøren. Spesielt interessant syntes eg det var at volontørane ofte viste til «den gode kjensla ein får ved å vere volontør» i argumentasjon for kvifor fleire burde verte volontørar. Volontørane fokuserte då ikkje på dei

altruistiske verdiane ved volontørarbeid, men la vekt på eiga sjølvkjensle – eit egoistisk motiv. Behovet for, og søken etter «å føle seg bra», eller å hjelpe dei aller fattigaste, kan botne i det dårlege samvitet over eigen rikdom, som Tvedt trekkjer fram.

I modellen til Grabowski (2013); «Primary motives for volunteer tourists» er det ei stor overvekt av motivasjonar som kan plasserast under «egoistiske motivasjonsfaktorar». Ynsket om å reise, trakte etter «nye eventyr» og spanande opplevingar, bli kjend med nye menneske, ynsket om personleg utvikling, ynsket om å styrke CV-en eller utforske yrkesmogleheter eller kome nær og ta del i den lokale kulturen, kan alle tolkast som egoistiske motivasjonsfaktorar.

Å reise, sjå verda, søkje spanande opplevingar og delta på kjekke aktivitetar trer fram som dei viktigaste egoistiske motivasjonsfaktorane. Nesten alle informantane mine kombinerte volontørarbeid med reising, eller ferie i Nepal eller i andre asiatiske land. To av informantane skulle arbeide som volontørar i andre asiatiske land etter opphaldet i Nepal, og då med andre prosjekt.

Motiv til grunn for fattigdomstrisme eller slumturisme kunne også sporast blant mine informantar. Volontørar i Nepal uttrykte eit ynske om å oppleve fattigdom og ta del i og hjelpe i eit område herja av ein stor naturkatastrofe. Dette liknar på slumturisme, den nye trenden innan internasjonal turisme (Steinbrink m. fl, 2012). Fleire av volontørprosjekta spelar nettopp på oppbygging av Nepal etter jordskjelvet. Ingram (2011) sine påstandar om at volontørturismen gjer fattigdom til ei salsvare, vil eg hevde er høgst relevant ovanfor volontørindustrien i Nepal, og då ved å trekke til seg volontørar/kundar ved å framstille Nepal som eit spanande reisemål grunna det katastrofale jordskjelvet våren 2015.

Det sosiale aspektet og behovet for å bli kjend med andre menneske vart ikkje trekt fram som ein sentral motivasjonsfaktor for å ville bli volontør. Det var likevel fleire som hevda at det sosiale aspektet ved volontørprogramma og den sosiale settinga rundt prosjekta, både gav dei tryggleik og gjorde opphaldet meir komfortabelt. Dette gav volontørane uttrykk for både undervegs i volontørprosjektet og i etterkant av opphaldet. Graden av nærliek til andre volontørar blant informantane varierte stort. Medan nokre arbeidde sjølvstendig med eigne prosjekt, deltok andre i prosjekt med fleire andre volontørar samstundes. Veka før eg besøkte volontørane som arbeide med konstruksjonsarbeid på landsbygda, høyрte eg at det hadde vore heile 17 volontørar der på same tid. Gruppestorleikar som denne gjev assosiasjonar til det

Isabelle (22) kalla for «summer camp», der mange utanlandske volontørar samlast på ein plass. I samtale med informantar som hadde vore på landsbygda denne veka, kom det fram at dei sette pris på å vere så mange fordi arbeidet gjekk fortare, men at kontakten med lokalbefolkinga vart mindre ettersom det var så mange volontørar å snakke med. I kva grad volontørturismen her legg til rette for tverrkulturell forståing kan diskuterast, ettersom den nære kontakten med lokalbefolkinga i slike prosjekt vert kraftig redusert.

Grabowski fann at personleg utvikling var ein motivasjonsfaktor blant unge for å arbeide som volontør i utlandet (Grabowski, 2013), men personleg utvikling tredde ikkje fram som ein sentral motivasjon blant mine informantar. Volontørane trakk i større grad fram personleg utvikling, verdiendring og nytt medvit som *lärdommar* av å vere volontør. Dette kom i hovudsak fram i intervju som vart gjennomført i ettertid av volontørane sine volontørprosjekt. Personleg utvikling var altså sett meir som ein konsekvens av volontørarbeidet blant mine informantar. Dette gjev støtte til forsking som ser på konsekvensar av volontørturismen og kva den har å seie for personleg utvikling, (Wearing & Nail, 2001, Wearing & McGehee, 2013, Wearing, 2001, Zahra, 2011, McGehee & Santos, 2005) der forskarane finn at volontørturisme har potensial til å skape verdiendring, nytt medvit, tverrkulturell forståing og personleg utvikling.

Broad og Jenkins (2008) fann at ynsket om å styrke CV-en var ein av dei viktigaste motivasjonsfaktorane etter altruisme og reising. I mitt datamateriale var det berre éin informant som uttala at dette var ein motivasjon. Denne informanten hevda at ved å nytte erfaringa slik, kan ein i større grad «sitte att med noko». Mitt datamateriale gjev såleis ikkje støtte til Broad og Jenkins påstand om styrking av CV som ein av dei mest sentrale motivasjonsfaktorane. Likevel kan det tenkast at fleire av informantane mine har hatt liknande tankar, men utan å ville seie det til meg i redsel for å bli stempla som ein volontør med «feil intensjon». Dette kan sjåast i lys av informantar sin sjølvrepresentasjon, og ynsket om å stå fram i godt lys (Thagaard, 2013).

Blant motivasjonsfaktorar som kan kategoriserast som egoistiske, var ynsket om å reise eller «sjå verda» den faktoren som var vanlegast blant mine informantar. Dette kan også forklare kvifor volontørane valte å arbeide frivillig i utlandet, i staden for å nytte tid og krefter på frivillig arbeid i heimlanda sine. Ynsket om å oppleve noko nytt og spanande, var viktige motivasjonsfaktorar som dreiv dei til Nepal som volontørar.

## 6.3 Religiøse motivasjonsfaktorar

At volontørar var motivert ut ifrå religiøse motivasjonsfaktorar var eit funn i mitt datamateriale som eg ikkje hadde tenkt på før eg reiste til Nepal. Det religiøse aspektet, som ikkje er like synleg i teori kring motivasjonsfaktorar innan volontørturismen, var viktig for fleire av volontørane. Eg fann religiøse motivasjonsfaktorar hos fem kristne volontørar, og hos to volontørar med tiltrekking mot buddhismen, blant mine informantar.

### 6.3.1 «Det står jo skrive»

Dei religiøse motiva blant dei kristne volontørane kan knytast til altruistiske motiv slik tidlegare forsking har gjort (McGehee og Andereck, 2008). Dei religiøse eller kristne volontørane var motivert gjennom trua til å hjelpe eller gjere ein skilnad i Nepal. I tillegg til behovet for eller ynske om å hjelpe andre, var det også eit ynske om å fortelje om Gud og Bibelen, og spreie kristne verdiar og tankesett.

Dei kristne informantane mine skilde seg i noko grad frå resten av informantgruppa mi, ettersom dei reiste gjennom kristne organisasjonar og arbeidde med prosjekt drivne av kristne aktørar. Mitt datamateriale samsvarer med McGehee og Andereck (2008) sine funn som hevdar at det er ei sterk kopling mellom religion og motivasjonar for volontørarbeid blant kristne volontørar. Dei skriv også at det er ein motstand innan trusbaserte organisasjonar mot påstandar om at dei er leverandørar av volontørturistar. Dette stiller spørsmål om i kva grad dei kristne volontørane eller misjonærane kan kallast volontørturistar i det heile?

Dei religiøse volontørane blant mine informantar skilde seg ikkje frå resten av informantgruppa i lengd på opphold, og var involvert i volontørprosjekt i alt frå fem dagar til opp mot fire månadar, med eit totalt opphold i Nepal på seks og ein halv månad. Dei kristne volontørane var i like stor grad involvert i turistaktivitetar, som trekking i Himalaya og besøk på dei mest attraktive turistattraksjonane. I mine auger er det lite som skil dei kristne volontørane frå andre volontørar, med omsyn til form for frivillig arbeid, lengd på opphold og interesse for meir turistorienterte aktivitetar. Dei kristne volontørane var i tillegg til å vere motivert av trua si, motivert av dei same faktorane som resten av informantane mine.

Ynsket om å hjelpe vart sett som ei moralsk plikt, og då spesielt blant dei kristne informantane. Denne moralske plikta vart sett i lys av Bibelen, ettersom det klart og tydeleg står skrive «at ein skal gjere gode ting». Ynsket om å hjelpe dei fattige og gjere gode ting vart

også trekt fram som noko ein kanskje gjorde for sin eigen del – for å vere ein «god kristen». På informantane mine forsto eg at det å reise ut som misjonær eller volontørarbeidar hadde høg status i det kristne miljøet. På denne måten er Wearing og McGehee (2013) sine påstandar om at dei moralske prinsippa om å hjelpe andre menneske i naud, kjem til syne gjennom forventningar samfunnet. Ein kan stille seg spørsmål om det kanskje rår eit eige «godhetsregime» i dei kristne miljøa, der godheit i hovudsak dreier seg om å «gjere gode handlingar» i tråd med kva som står skrive i Bibelen.

For dei kristne volontørane var det ikkje alle som i klartekst uttala at misjon var ein viktig del av opphaldet. Berre éin informant var klar på at det overordna målet til organisasjonen hennar var «to share the love of Jesus». For nokre av informantane var det viktig å presisere at dei ikkje var der for å drive misjon ovanfor menneske som ikkje allereie var kristne. Likevel var alle samde i at det var viktig for dei å spreie eller vise dei kristne verdiane, som respekt, kjærleik og eit likeverdig menneskesyn.

Som det kjem fram i intervjustituasjon med to kristne volontørar, så «er det (misjon) ikkje heilt greitt her (i Nepal)». Ettersom det er ulovleg å drive misjon i Nepal, noko alle dei kristne volontørane truleg var klar over, var det vanskeleg å snakke om misjon og i kva grad dei hadde intensjonar om å drive med misjonsarbeid. På besøk hos volontørane som arbeidde på «The Sunshine Center», eit dagsenter for «barn med spesielle behov», opplevde eg rolla til volontørane som noko midt i mellom volontørarbeidrar og misjonærar. Då informantane mine sat med funksjonshemma barn på fanga og song: «Gud er så sterk og eg er så svak», hadde eg vanskar med å sjå at dette ikkje var misjon, til trass for at «misjonærstempelet» var noko dei tok sterk avstand frå. Skiljelinjene mellom misjon og frivillig arbeid kan sjå ut til å vere svake innan kristne volontørmiljø i Nepal. Om religion og misjonsorganisasjonar er ein inngangsport til frivillig arbeid, eller om frivillig arbeid er ein inngangsport til å drive misjon, skal eg ikkje spekulere i. Mine funn tilseier at koplinga mellom volontørarbeid og misjonsarbeid er sterk blant nokre volontørar i Nepal.

Blant dei kristne volontørane var det altså tydelege religiøse motivasjonsfaktorar å spore. I tillegg til dei kristne volontørane var det to av informantane mine som også kan kallast for religiøst motiverte. Deira sterke dragnad mot buddhismen stod fram som ein motivasjonsfaktor for valet om å kome til Nepal og arbeide som volontørar.

### **6.3.2 «As I am in my spiritual path»**

Ein annan motivasjon for å reise til Nepal for å arbeide frivillig, som eg heller ikkje hadde sett føre meg, fann eg blant dei to informantane som skulle undervise buddhistiske munkar i kloster. I tillegg til å ha motivasjonar som både kan kategoriserast som altruistiske og egoistiske, hadde desse informantane religiøse motivasjonsfaktorar, då dei begge var motivert av ei tiltrekking mot buddhismen. Nepal som reisedestinasjon vart valt på bakgrunn av dei rike buddhistiske tradisjonane, og det var nettopp ein søken etter buddhistisk tankesett og levemåte som dreiv desse volontørane til å oppsøkje prosjekta dei arbeidde på.

Begge volontørane gav også uttrykk for eit behov for å reise frå eller flykte frå det livet og dei rutinane dei hadde heime. Dei håpa på at tida som volontør i Nepal ville gi dei nokre svar på kvar livet skulle gå vidare. Volontørane kom begge frå Nord Amerika, og uttrykte eit behov og ynske om finne eit liv og ein livsstil som kunne gi dei meir glede og tilfredsstilling. Dei såg den buddhistiske livsstilen som eit håp om å finne tilbake meininga med livet. På mange måtar kan motivasjonane blant desse volontørane kategoriserast som egoistiske, ettersom desse motivasjonane dreier seg om å finne personleg lukke og tilfredsstilling.

Nepal som reisemål for folk som ynsker ei spirituell personleg reise har lange tradisjonar, og kan sporast tilbake til då Nepal på 60- og 70-talet opna opp for turisme (Liechty, 2005). Motivasjonane for å reise til Nepal og arbeide som frivillig blant desse informantane, tyder på at Nepal framleis er eit trekkplaster for folk som er på ei spirituell reise. Motivasjonane frå hippietida kan altså framleis sporast blant folk som reiser til Nepal.

### **6.4 Oppsummering**

På bakgrunn av teori og eige datamateriale har eg no prøvd å svare på kva motivasjonsfaktorar som ligg til grunn for å arbeide som volontør i Nepal. Motivasjonsfaktorane kan vere med på å forklare kvifor folk reiser til Nepal for å arbeide som frivillige. Som det kjem fram i dette kapittelet er det ingen enkle og eintydige svar på dette spørsmålet. Forklaringane på kvifor volontørane reiser til Nepal er mangfoldige og komplekse, og det er mange ulike motivasjonar som spelar saman. Analysar av eige datamaterial samsvarer såleis med Grabowski sine funn kring motivasjonsfaktorar (Grabowski, 2013).

Det er både altruistiske, egoistiske og religiøse motivasjonsfaktorar som ligg til grunn for ynsket om å arbeide som volontør i Nepal. Kva som veg tyngst varierer frå person til person.

Noko som overraska meg personleg, var graden av religiøse motivasjonsfaktorar blant volontørane i Nepal. Dei religiøse motiva var noko eg på forkant av felterbeidet ikkje hadde tenkt noko på, men som skulle vise seg å vere viktig for fleire av volontørane eg kom i kontakt med.

Volontørane sine motivasjonsfaktorar kan plasserast på ein skala frå rein egoisme til rein altruisme. Alle informantane mine hadde både altruistiske og egoistiske motivasjonar, men kunne plasserast på ulike delar av denne skalaen.

Ynsket om å hjelpe Nepal etter jordskjelvet, stod fram som ein sentral motivasjonsfaktor i mitt datamateriale. Jordskjelvet vart ein særeigen faktor i dette tilfellet, som skil dette feltet frå andre område med mykje volontørturisme. Av andre sentrale motivasjonsfaktorar var ynsket om å reise eller sjå verda, og å oppleve ein kultur og ein levemåte som stod i kontrast til livet heime. Fleire av informantane hadde også eit særskild ynske om å kome til Nepal grunna den rike kulturen og grunna dei spektakulære Himalaya-fjella.



## 7 «Oss» og «dei andre»

I dette kapittelet vil eg drøfte følgjande to underproblemstillingar: Kva syn har volontørane på si eiga rolle i Nepal? Kva syn har volontørane på nepalarar? Desse problemstillingane er interessante isolert sett, men kan også vere med på å forklare hovudproblemstillinga mi: «kvifor reiser folk frå Vesten til Nepal for å vere volontørar?». For å svare på dette må volontørane si forståing av eiga rolle, samt volontørane sitt syn på nepalarar drøftast.

Problemstillingane vil eg drøfte med utgangspunkt i datamaterialet, der eg presenterte volontørane si forståing av seg sjølv som volontørar og deira syn på nepalarar. Skule og utdanning er ein del av volontørturismen i Nepal, og utdanningsarenaer var ein sentral arena for å undersøkje volontørane sine forståingar av eiga rolle og «dei andre». Eg vil no drøfte funn presentert i kapittel 5.2, 5.3 og 5.4 i lys av relevant teori.

### 7.1 Volontørrolla – Volontørane sitt syn på eiga rolle i Nepal

Volontørane i mitt utval uttrykte eit klart ynske om å ta avstand eller distansere seg frå turismen. Eit kjenneteikn med volontørturismen er eit ynske blant deltakarane om å ta avstand frå masseturismen (Wearing og McGehee, 2013, Zarah, 2011). Fleire uttrykte i klartekst at dei ikkje ville identifiserast med ein «turist», eit stempel som vart sett i samanheng med nokon som tok, utan å gi noko attende til lokalsamfunna. Volontørane såg seg sjølv og si eiga rolle i Nepal som noko heilt anna enn turistar. Ifølgje Sin (2009) er ideen som ligg til grunn for volontørturisme at volontørane ser på reiseforma som meir godarta eller gunstig for lokalsamfunna. Dette fann eg att i mitt datamateriale, der volontørane hadde tankar om at deira arbeid hadde positive konsekvensar for Nepal. Volontørane var komne for å hjelpe og gjere ein skilnad for eit folk som trongdeira hjelp og støtte.

Volontørar gav uttrykk for dårlig samvit over å kome til Nepal som turist, utan å hjelpe eller ta del i utfordringane landet står ovanfor. Sentralt for volontørturismen er at både gjestar og vertar skal nyte samhandling og opplevingar som opplevast som positive og verdige (Wearing, 2001, Wearing & McGehee, 2013). Dette var viktig for fleire av informantane mine. Leah (25) oppsummerer dette ynske kort og godt når ho seier: «I want them to enjoy it too».

Volontørane såg seg sjølv som meir villige og betre rusta til å kome i nærblokk med lokalbefolkninga enn vanlege turistar, ettersom dei arbeidde saman med eller for nepalarar.

Informantane mine uttrykte at dei i stor grad tok del i den autentiske kulturen, og fekk høve til å kome innpå nepalarar og deira kultur. I møte med lokalbefolkninga, såg volontørane seg sjølv som nokon som viste meir respekt og forståing for den lokale kulturen, igjen samanlikna med den «vanlege turisten». Volontørane ynskte å vise respekt og omsyn for kulturen ved å ete, kle seg og te seg slik nepalarane gjorde.

Sjølv om volontørane ikkje ville identifiserast med turistar, er det mange faktorar ved informantane mine si reiseform som gjer det vanskeleg å skilje dei frå andre turistar. Nesten alle informantane mine kombinerte frivillig arbeid med fjellturar i Himalayafjella, rafting, tempelbesøk, shopping i Thamel og andre aktivitetar som er populære innan turismeindustrien i Nepal. Kostnadane som følgjer det å arbeide som frivillig, og ofte utgifter som går direkte til reisebyrå eller kommersielle volontørorganisasjonar, reiser spørsmål om volontørarbeid eigentleg skil seg så markant frå annan turisme? Fleire av informantane i mitt utval hadde betalt for ein «pakke», som inkluderte både transport, mat og overnatting, samt det å kunne delta i eit volontørprosjekt. Få av informantane hadde kritiske tilnærmingar til konseptet «å betale for å arbeide frivillig». Synet på å arbeide frivillig i Nepal som «ei investering», der ein skal «få noko att for det» slik Tom omtalar det, viser tydeleg korleis volontørarbeid har fått eit kommersielt preg, der ein kunde (volontør) kan betale for ei teneste (volontørarbeid). Tomazos og Butler (2009) hevda at volontørturismen har utvikla seg til ein massiv industri, der makta ligg i hendene til kommersielle aktørar. Det var berre eit fåtal av volontørane som snakka om den økonomiske profitten som låg att hos organisasjonen dei arbeidde gjennom. Volontørane såg seg sjølv i liten grad som kundar av ei teneste. Utsegn som «it's all business», avslører likevel at nokre av volontørane gjorde seg opp tankar kring kvar pengane dei betalte enda opp, og at nokre var medvitne om si eiga rolle som kundar hos organisasjonar som ville tene pengar på dei.

Volontørane si forståing av seg sjølve som seriøse volontørar og ikkje turistar, var like sterk blant dei som betalte for å arbeide frivillig gjennom kommersielle organisasjonar, og dei som ikkje gjorde det. Eit interessant funn i mitt materiale er at informantar frå dei to gruppene næraast «såg ned på» kvarandre. Eit døme er Chloe som hevda at dei som ikkje betalte for å vere volontørar i ei meir organisert form hadde feil motivasjonar og berre var interessert i å «drikke og feste». Volontørane som arbeidde frivillig utan å betale ein organisasjon for dette, hadde på den andre sida ingen forståing for at nokon ville betale for å arbeide frivillig.

Dei altruistiske motivasjonane kring det «å hjelpe», prega i stor grad volontørane sitt syn på eiga rolle i Nepal. Butcher og Smith (2010) hevdar at volontørane ser på seg sjølv som nokon som ynsker å gjere verda til ein litt betre plass. Dette kunne eg kjenne att også blant mine informantar. Som globale verdsborgarar kjende dei eit ansvar for å gjere den globale verda eit hakk betre. Volontørane gav uttrykk for at dei gjennom sitt engasjement ikkje kunne endre verda aleine, men at dei kunne gjere ein liten del. John summerer godt opp volontørane sine tankar om i kva grad volontørane opplever arbeidet som viktig når han seier: «...I am not able to change the world. Just this part I can give, and I would do that». For informantane var det betre å gjere litt, enn ingenting, for å hjelpe Nepal eller gjere verda til ein betre plass.

Volontørane såg altså på seg sjølv som nokon som skulle «hjelpe», og som nokon som *kunne* tilby viktig hjelp for Nepal. Dette kom godt til syne blant informantane som arbeidde innan undervisning. Volontørane meinte dei kunne og *burde* hjelpe Nepal og utdanninga i landet. Synet på si eiga rolle som hjelparar i Nepal kan sjåast i samanheng med kosmopolitisme og kosmopolitisk empati, med ei pliktkjensle for å hjelpe dei fattige i det globale sør (Mostafanezhad, 2014).

Synet volontørane hadde på si eiga rolle som «hjelparar», kan også diskuterast i lys av «godhetsregimet» (Tvedt, 2005, 2009). Vesten har i ei årrekke vore sentral innan bistands- og utviklingsarbeid i verdas fattigaste land, noko som kan ha forma vestleg sjølvsforståing og identitet. Volontørane si forståing av seg sjølv som viktige bidragsytarar og hjelparar, som handlande aktørar, kan vere forma gjennom eit vestleg danningsprosjekt. Godhetsregimet som Tvedt skildrar, kan sjå ut til å prege både den norske og den vestlege identiteten og sjølvforståinga. Synet på eiga rolle blant volontørane verka til å vere gjennomgåande lik blant volontørane, som alle såg seg sjølv som hjelparar i Nepal og bidragsytarar for ei betre verd. Spesielt innan utdanningssektoren var tanken om at hjelpe frå Vesten var til nytte for Nepal.

For å ha eit syn på eiga rolle som ein «hjelpar» må tanken om at det er nokon som «skal hjelpast» ligge til grunn. I det følgjande skal vi sjå på korleis volontørane opplevde nepalarar. Korleis konstruerte volontørane eit bilet av nepalarane, folket som treng hjelp frå volontørane?

## 7.2 Volontørane sitt syn på nepalarar

På same måte som informantane snakka om eit homogent «oss», som ei gruppe utlendingar eller volontørar, vart nepalarane sett som «dei andre», eit folk med relativt like eigenskapar og veremåtar. Framstillinga av nepalarar speglar ei forståing av «dei andre» som noko anna enn «oss» frå Vesten. Skiljelinjene og kontrastane som vart trekt opp mellom «oss» og «dei andre» kom spesielt godt til uttrykk då to av volontørane samanlikna den vestlege livsstilen med korleis nepalarane lever. Summert opp såg desse volontørane nepalarane som nokon som levde «the real meaning of living», medan folk i Vesten berre «eksisterte». Said (1978) hevdar at Vesten gjennom lange tider har skapt eit skilje mellom «oss» (okssidenten) og «dei andre» (orienten). Dette skiljet opplevde eg som tydeleg blant volontørane i mitt utval, der kontrastane mellom «oss» og «dei andre» stadig vart understreka.

Volontørane i mitt utval hadde hovudsakleg positive forståingar av nepalarar som folk. Informantane opplevde nepalarar som snille, glade, høflege, imøtekommande, generøse, ærlege, nyfikne og hardtarbeidande folk. Det positive synet på nepalarar var gjennomgåande blant alle mine informantar. Likevel var det nokre som også skildra eigenskapar ved nepalarar som ikkje kan kategoriserast som positive. Blant informantane var det nokre som hevda at nepalarane var tiltakslause, uorganiserte og sta. Nokre volontørar uttrykte fortviling over at nepalarar i kjølevatnet av jordskjelvkatastrofa venta på hjelp frå volontørar og andre hjelpearbeidarar, og at dei ikkje var i stand til å arbeide eller organisere seg på eiga hand.

Medan Wearing og McGehee (2013) hevdar at samspelet med lokalbefolkinga var eit effektivt middel for å auke tverrkulturell forståing og redusere stereotyping av «dei andre», hevdar Raymond og Hall (2008) at volontørturismen i nokre tilfelle kunne forsterke heller enn redusere kulturelle stereotypiar. Når volontørane som bygde skule på landsbygda hevda at nepalarane var late og tiltakslause fordi dei ikkje bidrog i byggingsarbeidet, vil eg påstå volontørane hadde danna seg nokre uheldige og til dels urettvise bilete av «dei andre». At lokalbefolkinga på landsbygda ikkje hadde byrja på oppbygginga av den lokale skulen, kunne forklarast med fleire faktorar som volontørane ikkje hadde innsikt og kunnskapar om. Til dømes vart det meg fortalt at reparasjonar etter jordskjelvet mange stader ikkje var kome i gang, fordi lokalbefolkinga venta på representantar frå staten som skulle vurdere skadeomfanget. Utgreiingane frå staten var viktig å få på plass før eventuelle reparasjonar for å få dekka kostnadane med oppbygging av offentlege bygg.

Volontørane uttrykte ei forståing av nepalarar som nokon som trøg hjelp. Enten det gjaldt å byggje skular på landsbygda eller arbeide med undervisning, var oppfatninga at vestleg hjelp og vestlege impulsar både kunne hjelpe og styrke Nepal. Utsegn som «They need me most» og «they need me even more...» understrekar volontørane sine forståingar av seg sjølv som viktige hjelparar i Nepal. Said (1978) hevdar at Vesten sin overlegne maktposisjon legitimerer innblanding i Orienten. Vestlege volontørar si rolle, og syn på seg sjølv som nokon som skal hjelpe dei hjelptrengande, underbyggjer Said sine påstandar.

Organisasjonane som legg til rette for frivillig arbeid i Nepal er også viktige for korleis volontørane ser på nepalarar. Raymond og Hall (2008) understrekar organisasjonane si rolle i å sikre at stereotyper vert brotne ned heller enn forsterka. McGehee (2011) ser organisasjonane som ansvarlege for at tverrkulturell forståing skal kunne skje. Ved å sjå reklamemateriell for dei ulike volontørprosjekta som ligg tilgjengeleg på Internett, kan ein sjå at «bileta» av Nepal, den nepalske kulturen og det nepalske folket er prega av eksotisering. Dette samsvarer med Said sine analysar som hevdar at Vesten sitt konstruerte biletet Orienten er prega av forenklingar, eksotisering og framandgjering (Said, 1994).

Volontørane sitt syn på nepalarar kan vere farga av informasjonen i det aktuelle reklamematerialet for prosjektet dei er med på. Til dømes kan reklamematerialet til «Red Panther» ha vore førande for volontørane si forståing av utdanningssystemet i Nepal. Der kan ein lese at «Schools usually have a very dull curriculum of rote learning and pointless exams». Her vert utdanninga i Nepal framstilt i eit dårleg lys, med vestleg kultur som målestokk. Det kan tenkjast at volontørane allereie før dei kom til Nepal hadde negative tankar om skulen og utdanninga i Nepal, og at deira haldningar kring den nepalske skulen var styrt av reklamematerial som dette. Ved å sjå nærmare på skulen og utdanningsarenaer kan ein få ei djupare forståing for volontørane sine tankar kring eiga rolle og nepalarar.

### **7.3 Skulen – ein arena der synet på «oss» og «dei andre» kjem til syne**

Skulen er blitt ein populær arena for volontørarbeid. Dette kan forklarast med den enorme trua på at utdanning skal hjelpe fattige til eit betre liv, ein veg ut av fattigdom. Denne tankegangen kom til syne både blant volontørane som arbeidde direkte med undervisning, og volontørar som arbeidde med å betre utdanningsmoglegheiter, til dømes gjennom å byggje skular. Også blant aktørane som legg til rette for volontørverksemd i Nepal, var det stor tru på at utdanning

var viktig for Nepal. Frivillig arbeid innan utdanningssektoren vart sett som ein god måte, og blant fleire den beste måten, å hjelpe Nepal på.

Mostafanezhad (2014) hevdar at blant volontørturistar vart engelsk som språk sett som ein nøkkel til utvikling. Dette samsvarar i stor grad med informantane i mitt utval sine oppfatningar. Volontørane som var involvert i undervisning viste gjerne til eigen engelskkompetanse som den viktigaste i møte med den nepalske skulen. Sjølv om volontørane gjerne ikkje hadde noko innsikt i læreplanar eller dei konkrete faga det vart undervist i, var det sentrale i undervisninga at nepalarane vart «utsett for det engelske språket». Viktigheita av engelskkompetansen blant vestlege volontørar vart trekt fram som sentrale av Mr. Kamal og Mr. Kiran, for å skape læringsutbytte for nepalske elevar. Fleire av volontørane fortalte at dei gjekk vekk frå læreboka, pensum og læreplanar og fylte undervisninga med alternativ undervisning som engelskundervisning eller meir generell undervisning om Europa eller USA.

Erfaringane volontørane hadde i møte med den nepalske skulen var i hovudsak av positiv art. Volontørane uttrykte å ha lært ein heil masse frå opphaldet, fått god kontakt med nepalske barn og hatt gode stunder ilag med elevane. Samtidig var det fleire som fortalte om store utfordringar som klasseleiarar i møte med ei framand elevgruppe, i eit framand land og i ein annleis skulekultur. Utfordringar med å bli teken på alvor som lærar, og ha kontroll over elevgruppa, var noko fleire tykte var vanskeleg, både blant dei faglærde og blant dei ufaglærde volontørane. For Sophie vart utfordringane i klasserommet så store at ho direkte mistreivst, og bestemde seg for å slutte med undervisninga i skulen. Til trass for at fleire hadde store utfordringar i lærarrolla og dels därlege erfaringar frå undervisningssituasjonar, hadde alle ei svært positiv forståing av eiga rolle som vestlege volontørar og lærarar i den nepalske skulen. Synet på eiga rolle som hjelsame og viktige må sjåast i lys av synet på «dei andre», korleis volontørane forstår og ser på utdanninga i Nepal og dei nepalske lærarane.

### **7.3.1 Utdanninga i Nepal – därleg og hjelpetrengande?**

Volontørane opplevde den nepalske skulen og utdanninga som därleg samanlikna med vestleg utdanning. Utdanningssystemet vart skildra som forelda og ineffektivt, med ein lærarstab som verken hadde tilstrekkeleg kompetanse eller engasjement for læraryrket. Volontørane sine tankar om at Nepal og nepalarar treng hjelp utanfrå, var også gjeldande innanfor utdanningsarenaen.

Hovudkritikken mot skulen og utdanninga i Nepal, dreidde seg om undervisningsformene og metodikken. Volontørane var også kritiske til den fysiske avstraffinga som nepalske lærarar nytta for å halde disiplin og ro i klasseromma. Mr. Kamal viste til utveksling av idear, teknikkar og undervisningsmetodar, på tvers av kulturar, som ein klar gevinst for dei lokale lærarane i møte med volontørane. Volontørane sine erfaringar frå klasserommet og undervisningssituasjonar fortel meg at denne tverrkulturelle utvekslinga kanskje ikkje er like lett å få til i praksis. Det var ikkje berre Sophie som erfarte at dei lokale lærarane overlot klasserommet fullstendig til volontøren. Volontørane fekk fritt spelerom, og fortalte at dei opplevde at dei nepalske lærarane heller ville ta seg fri enn å delta i undervisninga. I kva grad utvekslinga av idear, teknikkar og undervisningsmetodar finn stad under slike forhold er eg usikker på.

Uheldige stereotypiar av nepalarar kunne sporast i informantane sitt syn på nepalske lærarar. Informantar hevda at dei nepalske lærarane var late, ukvalifiserte, därleg utdanna og hadde eit därleg engelsknivå. Fleire av desse påstandane om dei nepalske lærarane kom frå volontørar som ikkje hadde noko tidlegare erfaring med å undervise, eller noko pedagogisk utdanning å vise til. Trass manglande fagkompetanse, hevda volontørane at den nepalske skulen hadde stor nytte av volontørar som kom for å undervise.

Dei to volontørane, Maria og Isabelle, som arbeidde med å halde liv i ein provisorisk skule i ein flyktningleir i Kathmandu gjennom «Love Nepal», hadde sjølv ingen fagkompetanse eller erfaring innan utdanningssektoren. Dei tok likevel på seg ansvaret for å lære opp midlertidige lokale lærarar, og haldt kurset «teach how to teach», som dei sjølv arrangerte. Vi ser at ufaglærde volontørar frå Vesten utan å nøle går inn i roller som rettleiarar, og lærarar for nepalske lærarar. Dette seier mykje om volontørane sitt syn på nepalsk utdanningssystem og nepalske lærarar. Dette seier også noko om volontørane sitt syn på seg sjølve, og forståinga av «oss» i forhold til «dei».

Med volontørane si forståinga av den nepalske skulen og utdanninga i Nepal som noko som treng hjelp utanfrå, kan ein betre forstå volontørane sitt syn på eiga rolle som volontørar og lærarar frå Vesten.

### **7.3.2 Vestlege volontørar – viktige og hjelpsame?**

Volontørane som arbeidde med undervisning såg sitt bidrag hovudsakleg som viktig, nyttig og positivt for utdanninga i Nepal. Forståinga av eiga rolle som nokon som kan og bør hjelpe

dei som ikkje har det like bra, var også tydeleg blant volontørar som arbeidde med undervisning.

Callanan og Thomas (2005) hevdar at arbeid innan undervisning er arbeidsoppgåver som krev faglege kvalifikasjonar og erfaring. I mitt utval var dei fleste som arbeidde med undervisning ufaglærde, og utan noko undervisningsbakgrunn. Likevel såg volontørane seg sjølv som svært positive bidrag i undervisningssektoren i Nepal. Korttidsopphald innan undervisningssektoren er vanleg praksis innan volontørarbeid i Nepal, noko som også speglar mitt datamateriale. Callanan og Thomas (2005) hevdar det er uheldig for barn å ha ein lærar i kortare tidsrom, ettersom stabilitet er naudsynt for læring og utvikling. Mr. Kiran er samd i denne kritikken, og hevdar at det er direkte ineffektivt for læringsutbyttet med volontørar i skulen i kortare tidsrom. Fleire av volontørane hevda at elevane var vande med at vestlege volontørar kom og gjekk for kortare tidsrom. Volontørane trakk ikkje fram korttidsopphald i skulen som problematisk. Uavhengig av lengd på opphaldet og volontørprosjekt, opplevde volontørane at arbeidet dei utførte var til nytte og glede for elevane og skulen. Mr. Kiran sine påstandar om at volontørar sine korttidsopphald i skulen er tufta på egoistiske motivasjonar, hadde truleg blitt kraftig motsagt blant mine informantar dersom dei hadde blitt konfrontert med denne påstanden.

Ingram (2011) sine refleksjonar kring ubalanse i maktrelasjonane mellom vert og volontør vil eg hevde kjem til syne blant volontørane som arbeidde innan utdanning. Fleire av informantane uttrykte at dei ved å formidle eigen kunnskap, som «dei veit best», kunne tilby dei fattige hjelp. Dei vestlege volontørane argumenterte med at deira vestlege bakgrunn og utdanning frå Vesten skapte eit godt grunnlag for å kunne undervise i nepalsk skule. Med gode engelskkunnskapar og med kjennskap til meir kreative undervisningsmetodar, tufta på vestlege utdanningsmetodar, meinte volontørane at dei var godt rusta til å arbeide med undervisning.

Volontørane sine «rosenraude» tankar om den vestlege (gode) utdanninga, og dei vestlege undervisningsmetodane, påverka deira framferd og undervisning i Nepal. For fleire av informantane var det viktig å vise kva verdiar dei sto for og representerte, spesielt i samband med bruk av fysisk avstraffing.

Informantane mine såg på vestlege volontørar som arbeidde med utdanning som viktige bidragsytarar for elevane, skulane og landet som heilskap. Ettersom god utdanning vert sett i

samanheng med fattigdomsreduksjon, vert dette arbeidet sett som svært viktig i Nepal blant volontørane. Forståinga av eiga rolle som lærarar i Nepal var i stor grad prega av tanken om at vestlege volontørar var viktige og hjelpsame.

#### **7.4 Oppsummering**

Volontørane i Nepal såg si eiga rolle i Nepal primært som hjelparar. For informantane mine var det viktig å distansere seg frå turismen, ein merkelapp som dei assoserte med opphold i Nepal som ikkje var til glede eller nytta for lokalbefolkninga. Volontørane hevda at dei som volontørar var betre rusta og meir interessert i å kome tett på den nepalske kulturen enn turistar, og meinte at dei ved å arbeide frivillig viste meir omsyn og respekt for den lokale kulturen. Til trass for at fleire av mine informantar kombinerte frivillig arbeid med typiske turistaktivitetar som fottur i Himalaya og tempelbesøk, såg dei seg sjølv som noko anna enn turistar.

Volontørane hadde i hovudsak eit svært positivt syn på nepalarar. Nepalarar vart sett som eit snilt, imøtekomande og hardtarbeidande folk. Eit fåtal uttrykte eit syn på nepalarar som late og tiltakslause. I møte med lokalbefolkninga låg det både potensiale for å få auka tverrkulturell forståing, men òg moglegheiter til å få styrkja uheldige stereotypiar av «dei andre». Oppfatninga av nepalarar som eit fattig folk som trøng hjelp frå Vesten, låg til grunn for tanken om at volontørane både kan og bør hjelpe.

Med synet på eiga rolle i Nepal som «hjelpar» vart nepalarane automatisk sett som nokon som «trøng hjelp». Forståinga av «oss» heng nøye saman med konstrueringa av «dei andre». Dette kom tydeleg fram blant mine informantar. På mange måtar kan ein snakke om ein asymmetrisk relasjon mellom vert og volontør. Dette kom spesielt til uttrykk blant volontørane som arbeidde med undervisning, der vestlege volontørar hevda å kunne gjere ein betre jobb enn nepalske lærarar, til trass for manglande pedagogisk kompetanse.

Arbeid innan utdanning og skule vert både av volontørar og andre trekt fram som ein god måte å gjere ein skilnad. Det rår ei stor tru på at utdanning er ein veg til utvikling og ein veg ut av fattigdom. Utdanning tenkjer ein både skal hjelpe barna, lokalsamfunna og Nepal som nasjon. Tankane om at Nepal treng hjelp, speglar ein tankegang om at skulen og Nepal ikkje kan utviklast utan hjelp utanfrå. Volontørane har store ambisjonar og tankar om at deira bidrag skal bidra til noko større for folk i Nepal. Ved å arbeide som volontør i Nepal skriv dei

seg inn i ein større samanheng, og nærast ser arbeidet sitt som utviklingsarbeid for eit betre Nepal – for ei betre verd.

## 8 Bistand + business = volontørturisme?

I denne masteroppgåva har eg sett nærare på det stadig meir populære fenomenet volontørturisme («volunteer tourism»), og undersøkt kvifor folk frå Vesten reiser til Nepal for å arbeide som frivillige. Fokus i mine undersøkingar har vore kva for motivasjonsfaktorar som ligg til grunn for volontørturisme, samt i kva grad forståinga av eiga rolle og synet på «dei andre» kan forklare utbreiinga av dette sosiale fenomenet. Avslutningsvis i denne oppgåva ynsker eg å summere opp mine viktigaste funn, og ved å drøfte underproblemstillingane opp mot kvarandre kunne utlede resultata frå denne undersøkinga i nokre konklusjonar.

Det er interessant at forskingsfeltet ser ut til å samle seg kring Wearing (2001) sin definisjon av volontørturisme, ein definisjon som først og fremst vektlegg ferie- og turistdimensjonen. Ifølgje Wearing kan volontørturisme som alternativ turisme leggje til rette for aktivitetar der volontørar både kan hjelpe og lindre fattigdom for grupper i samfunnet. Omgrepene «volunteer tourism» var ukjend blant nesten alle volontørane eg snakka med i Nepal, til trass for at informantgruppa mi kunne plasserast i kategorien «volontørturisme» jamfør definisjonar i forskingslitteraturen. Volontørane i Nepal såg på si eiga rolle i Nepal som noko heilt anna enn turist, og gav uttrykk for eit ynske om å distansere seg frå turismen. Forståinga av eiga rolle som volontør var prega av eit syn på volontørar som hjelpsame og viktige for lokalsamfunna – som nokon som ga, i motsetnad til turistar som berre «tok» utan å «gi» noko tilbake.

Framveksten av volontørturisme kan sjåast i lys av nyliberal ideologi (Eriksen, 2006, ref. i Mydske m. fl., 2007). Individualisme og sjølvrealisering står sterkt i dei nye formene for turisme, også innan volontørturismen. Fleire av volontørane i mitt utval valte å bytte volontørprosjekt undervegs i opphaldet. Volontørar som arbeidde gjennom Red Panther sto fritt til å brått slutte som «lærar» eller hjelpar på ein barneheim, dersom dei i staden ynskte å arbeide med konstruksjonsarbeid eller vaske elefantar i Chitwan. Sjølv om informantane mine ikkje ville vore einige med denne forståinga, kan ein hevde at eigne opplevingar og eigne behov kanskje vart sett på som viktigare blant nokre av volontørane, enn grad av involvering, forplikting og altruistiske motiv. Dette er ei kritisk forståing av volontørane sine ynske om å bytte prosjekt undervegs. Volontørturismen legg i stor grad til rette for at volontørane skal ha gode, unike og autentiske opplevingar i Nepal, og på mange måtar kan volontørane sjåast som «kundar», der dei ulike volontørprosjekta og unike opplevingane dei får som volontørar er

«varen». Volontørane i Nepal ynska å oppleve det autentiske livet i Nepal, og ta del i og kome nærmare på det enkle livet. Som Ingram (2011), kan ein hevde at fattigdom som ei «ekte oppleving» blir ei salsvare i ein marknad for opplevingar.

Ynsket om å gjere gode ting, hjelpe dei fattige og reise på ein berekraftig måte, stod også fram som viktig for volontørane. Conran (2011) hevdar at eit gryande forbrukarmedvit i Vesten er grunnlaget for utviklinga av reiseformer som er meir godarta og gunstige for lokalsamfunna som dei reisande besøker.

Nepal som attraktivt reisemål har røter tilbake til 60-talet, då Nepal var eit av fleire reisemål langs den såkalla «hippie-trail». I dag er Nepal ein av verdas mest populære destinasjonar for folk som ynsker å kombinere ferie med frivillig arbeid. Himalayas majestetiske fjelltoppar, den vakre naturen og den rike kulturarva, har også lokka tilreisande til landet i lange tider. Som eit av dei fattigaste og minst utvikla landa i Asia, nyleg ramma av eit svært øydeleggande jordskjelv, er Nepal eit land bistandsorganisasjonar og hjelpearbeidarar frå heile verda har vendt si merksemd mot. Nepal kan synast som ein svak stat med utfordringar knytt til politisk ustabilitet og korruksjon, og det kan også synes som det er lite tilsyn og kontroll med kva som skjer på dei mange oppbyggingsprosjekta, i skular og i institusjonar. På mange måtar trer Nepal fram som ein marknad som er «fritt fram» for folk som ynsker å hjelpe til, for utviklingsarbeidarar, bistandsfolk, misjonærar og volontørar. Volontørturismen har fått stort spelrom i fleire nepalske lokalsamfunn, og forholda i Nepal kan såleis sjåast som eit «mekka» for frivillig arbeid.

Det store krafttaket innan volontørarbeid i Nepal er retta mot oppbygging etter jordskjelvet (konstruksjonsarbeid), og arbeid innan utdanningssektoren. Mange volontørar ser på utdanningsprosjekt som den beste måten å hjelpe Nepal, ettersom det vert hevdat at utdanning kan gi folk ein veg ut av fattigdom. Nepalske klasserom er blitt ein populær arena for volontørturisme, og dørene til skulane står på vidt gap for volontørar som vil undervise. Uavhengig av erfaring, utdanning, bakgrunn og alder, kan vestlege volontørar gjennom volontørprogram undervise i offentleg og privat skule i Nepal. Arbeid innan utdanningssektoren vert av kritikarar i volontørturismedebatten trekt fram som arbeid som krev faglege kvalifikasjonar (Callanan og Thomas, 2005). Som lærarstudent med stor respekt for faget, stiller eg meg kritisk til at kven som helst, uavhengig av fagleg bakgrunn, skal få kunne smykke seg med ein lærartittel i Nepal. Eg stiller meg også kritisk til at skulane skal vere ein

open arena for turismeindustrien. Informantane sine erfaringane frå klasserommet tyder på at vestlege volontørar møter store utfordringar som klasseleiarar i Nepal, og at undervisninga gjerne dreier seg om andre aktivitetar enn dei opphavlege faga og kompetansemåla. Mine data legg ikkje grunnlaget for nærmare drøfting om i kva grad dei vestlege volontørane bidreg positivt for læringsutvikling i den nepalske skulen, og kva faktorar som bør ligge til grunn for at læring skal skje. Dette er likevel spanande spørsmål som vidare forsking kan og bør setje søkjelys på.

Skulen som arena for frivillig arbeid har vore ein sentral inngangsport for å undersøkje volontørane sine forståingar av eiga rolle i Nepal, samt deira syn på nepalarar – «dei andre». Kva haldningar og forståingar ligg til grunn for tanken om at vestlege volontørar kan og bør hjelpe Nepal ved å undervise i skular? Blant mine informantar, uavhengig av kva for volontørprosjekt dei deltok i, kom det fram ei gjennomgåande positiv forståing av nepalarar som folk, der skildringar som «venlege», «glade», «hjelpsame», «hardtarbeidande», «ærlege» og «nyfikne» gjekk att. Som ein kontrast til dette synet kom det i nokre av intervjuia fram skildringar av nepalarar som «tiltakslause», «uorganiserte» og «sta». Fleire hevdar at nepalarane var passive i oppbygginga etter jordskjelvet, og at dei i staden for å ta tak sjølve heller venta på hjelp utanfrå. Blant nokre volontørar som arbeidde med undervisning, vart utdanningssystemet i Nepal skildra som ineffektivt og forelda. Dei opplevde dei nepalske lærarane som uengasjerte og med manglande kompetanse. Fleire volontørar hevdar nepalarar treng hjelp utanfrå, og då frå dei som kjem frå Vesten. Volontørane sine påstandar om at «they (the nepalese) need me», kan tolkast i retning av at enkelte volontørar ser nepalarane som hjelpelause, passive og hjelpetrengande. På bakgrunn av volontørane si forståing av «dei andre», som treng hjelp og støtte frå vestlege aktørar, kan ein betre forstå volontørane si forståing av eiga rolle.

Mange volontørar såg seg sjølv hovudsakleg som nokon som kom for å bidra, hjelpe og gjere ein skilnad i Nepal, og turiststempelen var noko dei ynska å ta avstand frå. Volontørane si forståing av si eiga rolle i Nepal var hovudsakleg prega av ei forståing av seg sjølv som *hjelparar* og som viktige bidragsytarar for Nepal. Volontørarbeid vart oppfatta som ei god og hjelpsam handling ovanfor eit folk og eit land i stor naud, nyleg ramma av ein naturkatastrofe. Tanken om at nepalarar treng «hjelp frå oss», kjem klart til uttrykk gjennom dei ulike volontørprosjekta, der det underliggjande målet alltid er å hjelpe Nepal ut av fattigdom. Som globale verdsborgarar, med eit stort innslag av kosmopolitisk empati (Mozafanezhad, 2014),

kjende volontørane seg kalla og forplikta til å gjere verda til ein betre plass, og hjelpe dei fattigaste og mest sårbare. Volontørane uttrykte både eit ynske om å hjelpe Nepal og ei forståing av at arbeidet dei gjorde var til stor hjelp for landet. Volontørane kan gå inn i rolla som «den som skal hjelpe», ettersom det rår ei klar oppfatning av at det er nokon som «treng hjelp». Ein kan hevde at det rår ei forståing av eit «perfekt» symbiotisk/ dikotomisk forhold mellom «oss» frå Vesten som *kan hjelpe* og «dei andre» som *treng hjelp*.

I møtet mellom «oss» og «dei andre» kan utvikling av tverrkulturell forståing finna stad. (Wearing & McGehee, 2013). Samtidig har det vore hevd at volontørturismen kan skape sterke kulturelle stereotypiar (Wearing & Grabowski, 2011, Raymond & Hall, 2008), stikk i strid med grunntanken om fleirkulturell forståing. I mitt datamateriale er der funn som støttar begge desse påstandane. Volontørturismen i Nepal kan legge til rette for tverrkulturelle møter, som kan skape ei forsterking av stereotypiane som formar vår oppfatning av «Orienten». Volontørturismen kan dermed vere med på å konstruere mangelfulle og feilaktige bilet av «dei andre», slik Vesten ifølgje Said (1994) har gjort i lange tider. Wickens fann at volontørturistar i Nepal først og fremst søker ei «sann og ekte» oppleveling av eit fattig land (Wickens, 2011). Mine funn gjev i noko grad støtte til dette. Volontørturistane sin søken etter noko framand, eksotisk og nytt kan skape eit fokus på å finne ulikskapar i staden for å oppdage likskapar på tvers av kulturar, noko som kan vere eit hinder for utviklinga av den tverrkulturelle forståinga. Fokus på ulikskapar mellom «oss» og «dei andre» kan sporast i mitt datamateriale, der det nepalske folk ofte vart omtala som ei homogen gruppe, med felles eigenskapar og veremåtar. På same måte snakka volontørane om eit homogent «oss», der volontørar og reisande frå Vesten vart skildra som like. Kontrastane mellom «oss» og «dei andre» vart trekt fram som store og absolutte blant fleire av volontørane. På bakgrunn av dette kan det hevdast at volontørturismen i Nepal har potensial til å kunne fremje, heller enn utslette ulikskapar.

Møtet mellom volontørane og nepalarane vil eg hevde var farga av den asymmetriske relasjonen mellom dei som skulle hjelpe og dei som trøg hjelp. Denne asymmetrien kom spesielt godt til syne innan undervisningsrelatert arbeid. Volontørane si forståing av eiga rolle, og volontørane sitt syn på nepalarar kan vere med på å forklare kva som skapar denne asymmetriien. I relasjonen ligg det potensial for ein skeiv maktbalanse, i favør av dei vestlege volontørane. Ingram (2011) hevda at vestlege volontørar kunne føle seg overlegne i maktrelasjonen, og mine funn støttar denne påstanden – spesielt blant volontørar som

arbeidde innan utdanning. Hos desse hadde enkelte det synet at deira vestlege bakgrunn og utdanning gjorde at dei var betre skikka til å formidle kunnskap. Den opplevde asymmetriske relasjonen mellom volontørar frå Vesten og nepalarane kan også forklara i lys av Nepal si lange bistandshistorie. Utanlandske aktørar, både utviklingsarbeidarar, bistandsfolk, misjonærar og volontørar, har vore svært synlege i det fattige landet i ei årrekke. Bistanden frå Vesten har vore kjenneteikna av eit ynske om å hjelpe og utvikle dei fattige landa, med Vestleg utvikling som målestokk. Dei lange tradisjonane for bistand i det globale sør, og i Nepal, kan dermed også vere med på å forklare den asymmetriske relasjonen mellom volontørar frå Vesten og nepalarar.

Overordna strukturelle rammer, volontørane si forståing av eiga rolle i Nepal samt volontørane si forståing av nepalarar, kan i stor grad vere med på å forklare kvifor folk frå Vesten reiser til Nepal for å arbeide frivillig. Aktørforklaringar, volontørane sine motivasjonar for å reise ut som frivillig, er også viktige for å kunne forstå kvifor folk reiser til Nepal for å verte volontør.

Kva motivasjonsfaktorar ligg til grunn for å arbeide som frivillig i Nepal? Mine analysar viser at motivasjonane blant volontørane som arbeidde innan utdanning eller konstruksjonsarbeid i Nepal er samansette, komplekse og varierte. Grabowski (2013) sin modell trekkjer fram åtte sentrale motivasjonsfaktorar, basert på kva for motivasjonsfaktorar som dominerer i litteraturen om motivasjonar i volontørturismen. Det er mange delar av denne modellen som høver bra til å analysere mitt datamateriale. Modellen nemner altruistiske motivasjonar, ynsket om å reise, ha spanande opplevelingar og «eventyr», treffen nye menneske, utvikle seg sjølv (både personleg og karrieremessig) samt kome nær framande kulturar, som alle kan sporast blant informantane mine. Likevel var det sentrale element og motivasjonar blant informantgruppa mi, som gjorde at denne modellen ikkje passa fullt ut i møte med mine data. Det religiøse aspektet er ikkje trekt fram i Grabowski sin modell, eit element som viste seg å vere ein sentral motivasjonsfaktor for fleire av dei volontørane som eg møtte i Nepal.

Eg har valt å kategorisere motivasjonsfaktorane blant volontørane i Nepal etter altruistiske, egoistiske og religiøse motiv. For nesten alle volontørane var det kombinasjonar av desse motiva som gjorde at dei ynska å reise til Nepal som volontørarbeidar. Kompleksiteten i motivasjonane var påfallande, og kva motivasjonsfaktorar som var viktigast for kvar enkelt

varierte stort. Trass store variasjonar blant informantane, utpeika det seg nokre sentrale motivasjonsfaktorar.

Den mest sentrale altruistiske motivasjonsfaktoren blant volontørane i Nepal var ynsket om å hjelpe Nepal etter jordskjelvet som ramma landet våren 2015. Det å hjelpe og gjere ein skilnad for eit naudlidande folk i eit fattig land, nyleg ramma av ein stor naturkatastrofe, vart av mange volontørar peika på som den viktigaste motivasjonsfaktoren for å velje Nepal.

Av meir egoistiske motivasjonsfaktorar, var ynsket om å reise eller sjå verda og det å oppleve ein kultur og ein levemåte som stod i kontrast til livet heime. Andre egoistiske motivasjonsfaktorar som utmerka seg, var ynsket om å oppleve og ta del i den rike kulturen og det å vandre blant verdas høgaste fjelltoppar i dei spektakulære Himalayafjella. Volontørarbeid kan i desse tilfella sjåast på som ein måte å realisere eigne behov og oppnå personleg tilfredsstilling.

Dei religiøse motivasjonsfaktorane som enkelte volontørar trakk fram, hadde eg ikkje tenkt på på førehand. Mine analyser avslørte at det for ein del informantar var tette band mellom volontørarbeid i Nepal og religiøse motivasjonar. Koplinga mellom religiøse motiv og volontørturisme har fått lite merksemrd i tidlegare forsking (McGehee & Andereck, 2008), då religiøse, gjerne kristne organisasjonar, ynsker å ta avstand frå «volontørturismestempelet». Dei kristne volontørane blant mine informantar skilde seg ikkje stort frå dei andre volontørane, med omsyn til type reise, type volontørarbeid, lengd på opphold og ynsket om å kombinere arbeidet med andre turistaktivitetar. Eg hevdar difor at også denne gruppa, på linje med andre volontørar i mitt utval, med rette kan plasserast i kategorien volontørturistar. Blant dei kristne informantane i mitt utval, var ynsket om misjonsarbeid i Nepal ulikt. Mine funn tyder likevel på at det er svake skiljelinjer mellom volontørarbeid og misjon i nokre volontørprosjekt i Nepal. Volontørturisme kan ta ulike former, og kan også vere ein arena for misjonsarbeid for volontørar som ynsker det.

Det religiøse aspektet i mine funn skil seg frå kva som er vektlagt i tidlegare forsking, og i eksisterande modellar om motivasjonar innan volontørturisme. Forsking i nyare tid har utforska i kva grad religion verkar inn på altruistisk motivasjon (Grabowski, 2013). Sjølv om religiøse motiv har vore plassert under altruistiske motivasjonar, kan det også argumenterast for at dei religiøse motiva like godt kan plasserast under egoistiske motiv. Satt på spissen kan ein kanskje hevde at religiøse motiv både kan ha som mål å «frelse andre» (hjelpe andre –

altruistisk motiv) og å «frelse seg sjølv» (hjelpe seg sjølv – egoistisk motiv). Denne studien foreslår å sjå religiøse motivasjonar som ein eigen komponent, fråskild frå både altruistiske og egoistiske motivasjonar, ettersom dei religiøse motiva gjerne har element frå både altruisme og egoisme.

Ein gjennomgang av forskingslitteraturen om «volunteer tourism» viser ei endring i paradigmet, frå eit nærast utelukkande positivt syn på volontørturisme, til eit meir kritisk syn på fenomenet. Patrick Barkham sin krasse kritikk (presentert innleiingsvis i kap.1.1) av unge friårsstudentar som reiser ut som volontørar med intensjon om å «redde verda», er døme på at det også i media har blitt sett eit kritisk søkjelys på volontørturismen. Kritikken av det sosiale fenomenet «volunteer tourism», og spesielt volontørarbeid som involverer barn og unge, gav meg motivasjon til å velje dette mastergradsprosjektet.

Blant volontørane i Nepal, var det mange gode intensjonar, mykje velmeint handling og ynske om å gjere ein skilnad. Eg ynsker å trekke fram eit sitat frå John (63), som presist uttala eit poeng som fleire av informantane diskuterte: «But I am not able to change the world, just this part I can give, and I would do that». Informantane i mitt utval var usikre på i kor stor grad arbeidet dei utførte verkeleg kunne gjere ein skilnad for Nepal og nepalarar, men ei gjennomgåande haldning blant volontørane var at det var betre å gjere litt, enn ingenting.

Gode intensjonar, og handlingar gjort med den beste vilje, er vanskelege å kritisere. Å kritisere volontørturistane var heller aldri eit mål for meg. Volontørane eg møtte i Nepal var reflekterte, samfunnsengasjerte og flotte menneske, som ynskte å hjelpe dei som av ulike årsaker hadde det vanskeleg. Sjølv tenkjer eg at alternativet, det å ikkje bry seg i det heile, er mykje verre. Likevel er det element i volontørturismen som gjer at fenomenet er verdt å setje eit kritisk søkjelys på. Ved å stille spørsmål om kva volontørturisme faktisk er, kva motivasjonar som ligg til grunn, korleis møtet mellom «oss» og «dei andre» utspeglar seg, og kva konsekvensar volontørturismen har i lokalsamfunna han held til, kan volontørturismen utvikle seg vidare til ei reiseform som gagnar lokalsamfunna.

## **8.1 Konklusjonar**

Hovudproblemstillinga: «Kvífor reiser folk frå Vesten til Nepal for å vere volontørar?» har styrt meg gjennom dette forskingsarbeidet. Som det kjem fram i oppgåva, er svaret på dette spørsmålet svært samansett og komplekst. Mine analysar tyder på at både aktørforklaringar og

strukturelle forklaringar ligg til grunn for volontørturismen i Nepal. Årsakene til kvifor folk frå Vesten reiser til Nepal for å arbeide som volontørar, kan forståast på bakgrunn av individuelle motivasjonsfaktorar, volontørane si forståing av eiga rolle, samt volontørane si forståinga av nepalarar.

Gjennom feltarbeidet kom det fram at altruistiske, egoistiske og religiøse motivasjonsfaktorar låg til grunn for at vestlege volontørar hadde reist til Nepal. Å hjelpe Nepal etter jordskjelvet stod fram som den viktigaste motivasjonen blant mine informantar. Til grunn for dette låg det ei oppfatning om at volontørane kunne gjere ein skilnad i eit land og for eit folk som trong deira hjelp. Motivasjonen var både basert på ei ansvarskjensle for å hjelpe dei fattigaste og mest sårbare menneska, ei pliktkjensle for å dele vestlege gode, og eit ynske om å gjere gode gjerningar. Synet på seg sjølv som «hjelparar» og nepalarar som «hjelpetrengande», er såleis nært kopla saman med den altruistiske motivasjonen «å hjelpe Nepal etter jordskjelvet». Dei viktigaste egoistiske motivasjonsfaktorane blant volontørane var ynsket om å reise, sjå verda, og oppleve ein annleis og autentisk kultur. Ved å arbeide frivillig i Nepal, hevda volontørane at dei kunne innfri desse måla på eit betre vis enn ved å reise som «vanlege turistar».

Dei religiøse motiva, som var viktige for enkelte volontørar i Nepal, vart gjerne trekt fram som tillegg til andre motivasjonar, som til dømes ynskje om å reise, sjå verda eller å hjelpe Nepal etter jordskjelvet. Kristne volontørar uttrykte både eit ynske om å vise eller formidle kristne verdiar og eit ynske om å arbeide meir direkte med misjonsarbeid. Eit par volontørar viste til ein dragnad mot buddhismen som ein viktig motivasjonsfaktor, og såg volontørarbeidet som ein del av ei spirituell reise. Det religiøse aspektet kan dermed sjåast på som ein relevant komponent for å forstå kvifor enkelte vel å reise til Nepal for å arbeide som frivillige. Dette er dermed ein komponent som det kan vere naturleg å undersøke som ein ny dimensjon i framtidige analysar av fenomenet volontørturisme.

Aktørane innan volontørturismen i Nepal har god kjennskap til kvifor enkelte frå Vesten reiser til Nepal for å vere volontørar. Volontørturismen i Nepal kan sjåast som ein marknad, der aktørane sel ei vare som gir volontørane opplevingar av «ekte» nepalsk kultur, fattigdom, spektakulær natur og kjensla av å gjere noko godt. «Come to Nepal and make a difference!», er eit slagord volontørorganisasjonar nyttar i si marknadsføring retta mot vestlege idealistar som ynsker å gjere verda til ein *litt* betre plass, og det høver godt til volontørane sine motivasjonar. I kryssinga mellom bistand og business finn vi volontørturismen, ei form for

turisme som med stor suksess har teke inn element frå bistandsfeltet, og som lokkar store mengder tilreisande til Nepal for å hjelpe og for å gjere ein skilnad.

## Kjeldeliste

- Barkham, P. (2006, 18. august). Are these the new colonists? *The Guardian*. Henta 09.10.2014 fra  
<http://www.theguardian.com/society/2006/aug/18/internationalaidanddevelopment.education>
- Bryman, A. (2012). *Social Research Methods* (4. utg.). United States: Oxford University Press.
- Callanan, M. & Thomas, S. (2011). Volunteer Tourism: Deconstructing volunteer activities within a dynamic environment. I M. Novelli (Red.), *Niche tourism: Contemporary issues, trends and cases*. (s.183-200). New York: Routledge.
- Carter, A. (2001). *The Political Theory of Global Citizenship*. London: Routledge.
- Christoffersen, L., & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- CIA, The World Factbook. [kart/flagg]. Lasta ned 04.05.2016 fra  
<https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/geos/np.html>
- Conran, M. (2011). They really love me! Intimacy in Volunteer Tourism. *Annals of Tourism Research*, 38(4), 1454-1473. doi:10.1016/j.annals.2011.03.014
- Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode: en kvalitativ tilnærming*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Det norske utenriksdepartementet. (2011, 08. august). Bilaterale forbindelser. Henta 21.04.2016 fra  
<http://www.norway.org.np/Norsk/nepal/fakta/bilaterale/#.Vxh6lzCLTIU>
- Det norske utenriksdepartementet. (2016, 21. april). Fakta om Nepal. Henta 21.04.2016 fra  
<http://www.norway.org.np/Norsk/nepal/generell/#.Vxhx2jCLTIU>
- FN-sambandet. (2016, 29. februar). Verdens turismeorganisasjon (UNWTO). Henta 29.02.2016 fra <http://www.fn.no/FN-informasjon/FN-organisasjoner/Verdens-turismeorganisasjon-UNWTO>
- Grabowski, S. (2013). Volunteer Tourists: Why Do They Do It?. I S. L. Wearing, & N. G. McGehee (Red.), *International Volunteer Tourism: Integrating Travellers and Communities*. (s.70-83). UK: CABI Publishing.
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Gurubacharya, B. (2015, 17.oktober). Unrest Challenges Nepal's Post-Earthquake Tourism Recovery. *Skift*. Henta 03.02.2016 fra <http://skift.com/2015/10/17/unrest-challenges-nepals-post-earthquake-tourism-recovery/>
- Guttentag, D. A. (2009). The Possible Negative Impacts of Volunteer Tourism. *International Journal of tourism research*, 11, 537–551. doi:10.1002/jtr.727. Henta 12.01.2016 fra  
<http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1002/jtr.727/pdf>

- Hattrem, T. (2016, 25. april). Ett-årsdagen for jordskjelvet i Nepal: Nepal som fokusland – Norges rolle etter jordskjelvet og framover. Nepalnettverket. Litteraturhuset i Oslo. [http://www.litteraturhuset.no/program/2016/05/Ett-årsdagen\\_for\\_jordskjelvet\\_i\\_Nepal.html](http://www.litteraturhuset.no/program/2016/05/Ett-årsdagen_for_jordskjelvet_i_Nepal.html)
- Hindman, H. (2014). The Re-Enchantment of Development: creating Value for Volunteers in Nepal. I M. Mostafanezhad & K. Hannam (Red.), *Moral Encounters in Tourism* (s. 46-58). Farnham: Ashgate.
- Ingram, J. (2011). Volunteer tourism: how do we know it is ‘making a difference’?. I A. M. Benson (Red.), *Volunteer tourism, theory framework to practical applications* (s. 211-222). New York: Routledge.
- Jacobsen, D. I. (2005). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskaplig metode* (2. utg.). Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Krumsvik, R. J. (2014). *Forskningsdesign og kvalitativ metode. Ei innføring*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervjuet* (2. utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Laythorpe, K. (2010). Backpackers as Volunteer Tourists: Evidence from Tanzania. I K. Hannam, & A. Diekman (Red.), *Beyond Backpacker Tourism, Mobilities and Experiences*. (s.140-152). Bristol, Buffalo, Toronto: Channel View Publications.
- Liechty, M. (2005). Building the Road to Kathmandu: Notes on the History of Tourism in Nepal, *Himalaya, the Journal of the Association for Nepal and Himalayan Studies*, 25(1), 19-28. Henta 17.04.2016 fra <http://digitalcommons.macalester.edu/cgi/viewcontent.cgi?article=1287&context=himalaya>
- Lyons, K., Hanley, J., Wearing, S., & Neil, J. (2011). Gap year volunteer tourism – Myths of Global Citizenship? *Annals of Tourism Research*, 39(1), 361-378, doi:10.1016/j.annals.2011.04.016. Henta 08.01.2016 fra [http://ac.els-cdn.com/S016073831100079X/1-s2.0-S016073831100079X-main.pdf?\\_tid=1ccec812-18f8-11e6-a2b2-0000aacb362&acdnat=1463136639\\_198e92ec4050fb52dcc17165504b391c](http://ac.els-cdn.com/S016073831100079X/1-s2.0-S016073831100079X-main.pdf?_tid=1ccec812-18f8-11e6-a2b2-0000aacb362&acdnat=1463136639_198e92ec4050fb52dcc17165504b391c)
- Matias, A., Nijkamp, P., & Neto, P. (2007). *Advances in Modern Tourism Research: Economic Perspectives*. Dordrecht: Springer.
- McDonald, M., & Wilson, J. (2013). Volunteer Tourism: An Existential Perspective. I S. L. Wearing & N. G. McGehee (Red.), *International Volunteer Tourism* (s. 105-115). UK: CABI Publishing.
- McGehee, N. G. (2011). Oppression, emancipation, and volunteer tourism, Research Propositions. *Annals of Tourism Research*, 39(1), 84–107, doi:10.1016/j.annals.2011.05.001. Henta 13.03.2014 fra <http://wordpress.reilumatkailu.fi/wp-content/uploads/2012/03/artikkeli14.pdf>

- McGehee, N. G., & Andereck, K. (2009). Volunteer tourism and the “voluntoured”: the case of Tijuana, Mexico. *Journal of Sustainable Tourism*, 17(1), 39-51, doi:10.1080/09669580802159693. Henta 22.02.2016 frå <http://www.tandfonline.com/doi/abs/10.1080/09669580802159693>
- McGehee, N. G., & Santos, C. A. (2005). Social change, Discourse and volunteer tourism. *Annals of Tourism Research*, 32(3), 760-779, doi:10.1016/j.annals.2004.12.002. Henta 27.02.2016 frå <http://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S0160738305000599>
- Middleton, V. T. C., Fyall, A., & Morgan M., (2009). *Marketing in Travel and Tourism*. (4.utg.). Slovenia: Elsevier.
- Ministry of Culture. (2014). *Tourism Employment Survey 2014*. Kathmandu: Government of Nepal. Henta 18.02.2016 frå [http://www.taan.org.np/assets/upload/downloads/download\\_Tourism\\_Employment\\_Study\\_Draft\\_Report\\_integrated.pdf](http://www.taan.org.np/assets/upload/downloads/download_Tourism_Employment_Study_Draft_Report_integrated.pdf)
- Mostafanezhad, M. (2013). The politics of aesthetics in volunteer tourism. *Annals of Tourism Research*, 43, 150–169. doi:1016/j.annals.2013.05.002. Henta 09.02.2016 frå <http://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S0160738313000686>
- Mostafanezhad, M. (2014). *Volunteer Tourism – Popular Humanitarism in Neoliberal Times*. England: Ashgate Publishing Company.
- Mydke, P. K., Claes, D. H., & Lie, A. (2007). *Nyliberalisme – ideer og politisk virkelighet*. Oslo: Universitetsforlaget.
- NESH. (2014, 18. desember). Hensyn til personer (5-18). Henta 13.05.2016 frå <https://www.etikkom.no/forskingsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/b.-hensyn-til-personer-5---18/>
- NORAD. (2015, 25. november). Nepal. Henta 25.04.2016 frå <https://www.norad.no/landsider/asia-og-oseania/nepal/>
- Odede, K. (2010, 09. august). Slumdog Tourism. *New York Times*. Henta 04.03.2016 frå [http://www.nytimes.com/2010/08/10/opinion/10odede.html?\\_r=0](http://www.nytimes.com/2010/08/10/opinion/10odede.html?_r=0)
- Paris, C. M. (2011). Backpacker Activities and Personal Values: An SEM approach. *Annals of Leisure Research*, 13(1-2), 239-258. doi: 10.1080/11745398.2010.9686846. Henta 15.02.2016 frå <http://www.tandfonline.com/doi/abs/10.1080/11745398.2010.9686846>
- Punaks, M., & Feit, K. (2014). *The Paradox of Orphanage Volunteering: combating child trafficking through ethical voluntourism*. Next Generation Nepal. Henta 04.11.2015 frå <http://www.nextgenerationnepal.org/File/The-Paradox-of-Orphanage-Volunteering.pdf>
- Raymond, E. M., & Hall, C. M. (2008). The Development of Cross-Cultural (Mis)Understanding Through Volunteer Tourism. *Journal of Sustainable Tourism*, 16(05), 530-543. doi:10.2167/jost796.0. Henta 07.02.2016 frå <http://www.tandfonline.com/doi/abs/10.1080/09669580802159610#.VzW6SvmLTIU>
- Said, E. W. (1994). *Orientalismen, Vestlige oppfatninger av Orienten*. Drammen: Cappelen.

- Said, E. W. (1978). *Orientalism*. N.Y.: Pantheon Books.
- Sin, H. L. (2009). Volunteer tourism – “Involve me and I will learn”? *Annals of Tourism Research*, 36(3), 480-501. doi:10.1016/j.annals.2009.03.001. Henta 21.02.2016 fraå <http://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S0160738309000334>
- Steinbrink, M., Frenzel, F., & Koens, K. (2012). Development and globalization of a new trend in tourism. I M. Steinbrink, F. Frenzel & K. Koens (Red.), *Slum Tourism: poverty, power and ethics*. (s. 1-18). USA: Routledge.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse – En innføring i kvalitativ metode* (4. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Thurén, T. (2012). *Vitenskapsteori for nybegynnere* (2.utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk forlag.
- Tomazos, K., & Butler, R. (2009). Volunteer Tourism: Working on holiday or playing at work?. *Tourismos: An international multidisciplinary journal of tourism*, 2009(4), 331-349. Henta 18.02.2016 fraå <http://www.chios.aegean.gr/tourism/vol4no4.pdf>
- TRAM. (2008). *Volunteer tourism: a global analysis*. ATLAS Publication: Arnhem.
- Tvedt, T. (2002). *Verdensbilder og selvbilder – En humanitær stormakts intellektuelle historie*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Tvedt, T. (2005). Det nasjonale godhetsregimet – Om utviklingshjelp, fredspolitikk og det norske samfunn. I I. Frønes & L. Kjølsrød (Red.), *Det norske samfunn*. (s. 482 – 510). Oslo: Gyldendal.
- Tvedt, T. (2009). *Utviklingshjelp, utenrikspolitikk og makt – den norske modellen* (2. utg.), Oslo: Gyldendal Akademisk.
- UNWTO. (2008). Understanding Tourism: Basic Glossary. Henta 29.02.2016 fraå <http://statistics.unwto.org/sites/all/files/docpdf/glossaryen.pdf>
- Wearing, S. L. (2001). *Volunteer Tourism: Experiences that make a difference*. UK: CABI Publishing.
- Wearing, S. L., & Gabrowski, S. (2011). Volunteer tourism and intercultural exchange: Exploring the ‘Other’ in the experience. I A. M. Benson (Red.), *Volunteer tourism: theory framework to practical applications*. (s. 193-210). New York: Routledge.
- Wearing, S. L., & McGehee, N. G. (2013). *International Volunteer Tourism: Integrating Travellers and Communities*. UK: CABI Publishing.
- Wearing, S., & Nail, J. (2001). Expanding Sustainable Tourism’s Conceptualization: Ecotourism, Volunteerism and Serious Leisure. I F. McCool, & R. N. Moisey (Red.), *Tourism, recreation and sustainability: Linking Culture and the Environment*. (s. 233-253). New York: CAP Publishing.
- Wickens, E. (2011). Journeys of the self, Volunteer tourists in Nepal. I A. M. Benson (Red.), *Volunteer tourism, theory framework to practical applications*. (s. 42-52). New York: Routledge.

- Woodsman, K. M., & Lee, Y. J. (2011). Applying social distance to voluntourism research. *Annals of Tourism Research*, 38(1), 209-313. doi: 10.1016/j.annals.2010.06.003.  
Henta 13.05.2016 fra  
<http://www.sciencedirect.com.galanga.hib.no/science/article/pii/S0160738310000733>
- Zahra, A. (2011). Volunteer tourism as a life-changing experience. I A. M. Benson (Red.), *Volunteer tourism, theory framework to practical applications* (s. 90-101). New York: Routledge.
- Aase, T. H., & Fossåskaret, E. (2007). *Skapte virkeligheter, om produksjon og tolkning av kvalitative data*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Aase, T. H., & Fossåskaret, E. (2014). *Skapte virkeligheter, om produksjon og tolkning av kvalitative data*. (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

## **Vedlegg**

Vedlegg 1: Oversikt over informantane

Vedlegg 2: Intervjuguide

Vedlegg 3: Førespurnad om deltaking i studien

Vedlegg 4: Letter of recommendation

Vedlegg 5: NSD – godkjent meldeskjema

## Vedlegg 1: Oversikt over informantane

*Volontørane:*

	Navn/ alder:	Prosjekt:	Organisasjon:	Intervju:	Observasjon:	Volontør i:	Frå:
A	Ruth (39)	Undervise munkar i kloster	«Red Panther»	2	✓	3 veker	USA, fødd i Sør- Amerika
B	Alice (19)	Konstruksjon	Go Explore/ «Red Panther»	2	✓	8 veker	Skandinavia
C	Fredrik (18)	Undervise i skule	Kilroy Travel/ «Red Panther»	1		7 veker	Skandinavia
D	Sophie (19)	Barneheim/ undervise i skule/ konstruksjon	Travel Active/ «Red Panther»	2	✓	8 veker	Vest- Europa
E	Gabrielle (24)	Konstruksjon/ undervise i skule	Go Eco/ «Red Panther»	1		4 veker	USA
F	Victoria (18)	«The Sunshine center» (barn med spesielle behov)	Kristen ungdoms- organisasjon frå Norden	1	✓	5 dagar	Skandinavia
G	Sarah (19)	«The Sunshine center» (barn med spesielle behov)	Kristen ungdoms- organisasjon frå Norden		✓	5 dagar	Skandinavia
H	Maria (33)	Administrasjon/ Undervise i flyktningleir	«Love Nepal»	1			Vest- Europa
I	Isabelle (22)	Undervise i flyktningleir	«Love Nepal»	1	✓	8 veker	Vest- Europa
J	Olivia (25)	Undervise gatebarn/ jordskjelvoffer. Anna misjonsarbeid.	«Helping hands»	1			USA

<b>K</b>	Mia (24)	Konstruksjon	Indigo Travels/ «Red Panther»	1 + e-post (1)		3 veker	Skandinavia
<b>L</b>	Emily (23)	Konstruksjon	Go Explore/ «Red Panther»	1 + e-post (1)		3 veker	Skandinavia
<b>M</b>	John (63)	Konstruksjon	Travel Active/ «Red Panther»	2	✓	6 mnd	Europa, fødd i Asia.
<b>N</b>	Chloe (24)	Konstruksjon	Travel Active/ «Red Panther»	1 + e-post (1)	✓	4 veker	Vest- Europa
<b>O</b>	Tom (27)	Konstruksjon	Go Explore/ «Red Panther»	2	✓	4 veker	Skandinavia
<b>P</b>	Nora (59)	Undervise munkar i kloster	«Red Panther»	2	✓	3 veker	USA, fødd i Sør- Amerika
<b>Q</b>	Natalie (29)	Undervise på eit privat læringssenter	ABC Kveldsskule»	e-post- intervju (1)		3 mnd	Vest- Europa
<b>R</b>	Leah (25)	Konstruksjon	«Red Panther»	1	✓	1 veke	Vest- Europa
<b>S</b>	Edward (65)	Ekspedisjon: Fjelltur og frivillig arbeid	«Globetrottar reisebyrå»	1		4 dagar	Skandinavia
<b>T</b>	Elizabeth (53)	Ekspedisjon: Fjelltur og frivillig arbeid	«Globetrottar reisebyrå»			4 dagar	Skandinavia
<b>U</b>	Eva (19)	Undervise i skular, miljøprosjekt, bibelskule	«Den globale utvekslings- skulen»	1		6 ½ mnd	Skandinavia
<b>V</b>	Charlotte (19)	Undervise i skular, miljøprosjekt, bibelskule	«Den globale utvekslings- skulen»			6 ½ mnd	Skandinavia

<b>W</b>	Camilla (21)	Undervise i skule	«Across the world»	e-post-intervju (1)		3 mnd	Skandinavia
<b>X</b>	Julia (19)	Undervise i skule	«Across the world»	e-post-intervju (1)		3 mnd	Skandinavia
<b>Y</b>	Jimmy (21)	Undervise i skule	«Across the world»	e-post-intervju (1)		4 mnd	Skandinavia
<b>Z</b>	Colleen (20)	Undervise i skule	«Across the world»	e-post-intervju (1)		3 mnd	Skandinavia
<b>Æ</b>	Ann (24)	Administrasjon/undervise kvinner på landsbygda om menstruasjon og hygiene	«Together for Nepal»	1		3 mnd	Vest-Europa
<b>Ø</b>	Kim (22)	Administrasjon/undervise kvinner på landsbygda om menstruasjon og hygiene	«Together for Nepal»			3 mnd	Nepal

*Organisasjonar/ andre:*

	Namn:	Organisasjon:
<b>1</b>	Mr. Kamal	«Red Panther»
<b>2</b>	Mr. Kiran	«ABC Kveldsskule»
<b>3</b>	Grethe	«Den norske ambassaden»
<b>4</b>	Tenzing	«Koordinator ved buddhistisk kloster»

## Vedlegg 2: Intervjuguide

### Interview guide - volunteers

#### *Background*

##### You:

- Where do you come from? (country)
- How old are you? (18-21) (22-25) (25 +)?
- What is your highest level of education completed? (Primary school, secondary school, high school, college, university...)

##### The travel:

- First time in Nepal?
- Are you travelling on your own, or in a group?
- Is your trip organised by a travel agency or organisation?
- For how long are you staying in Nepal?
- Have you, or are you planning to visit other countries during this trip?

#### *Expectations/reality*

- Before you left for Nepal, how did you imagine volunteering in Kathmandu would be like?
- Have your expectations been fulfilled?
  - Name something that turned out like you imagined.
  - What did not fulfil your expectation?
- Are you satisfied/pleased with the travel agency you are travelling with?
  - Did you go through a preparation program before leaving for Nepal?
  - Do you now believe you were well prepared for this period of volunteering?
- How would you rate your living condition in Kathmandu?

#### *Motivations*

- Why did you want to be a volunteer?
  - Why did you choose this project? (Teaching in schools)
  - Do you have any previous teaching experiences?
- Do you know others who have been volunteering abroad?
- How did you finance this trip?
  - Did you have to get a job and save up money back home?
- Why did you choose Kathmandu/Nepal as your travel destination?
- What would you have been doing if you were not volunteering in Kathmandu?

#### *The cultural meeting*

- Have you got to know new people?
  - Volunteers, tourists or locals?
  - Will you keep in touch with your new friends?
- How do you experience the Nepalese in general?
  - And what about teachers, headmasters and local student/pupils?

- How do you think the Nepalese experience you and other volunteers?

*Experiences from the classroom*

- What is your job in the school?
- To what extent is the job that you are doing important?
- How do you experience the communication with teachers and students/pupils?? English knowledge?
- How have you been welcomed by student/pupils and teachers?
- Do you find volunteering stressful?

*The earthquake*

- Has it in any way affected you that Nepal recently went through a humanitarian crisis?
  - Did the earthquake influence the planning of your trip?

*The tourist dimension*

- Have you, or are you planning to do any organized trip/ excursions in Nepal? (f. ex. hiking, visiting national parks...)
- In what way are activities (like hiking) outside the volunteer work important for your stay?
- What did you knew about Nepal beforehand?
- Have you been travelling a lot before?
- Would you recommend others to volunteer in Nepal? Why?
- In what manner does this trip affect your future life?
- Do you consider your teaching here as important for the children?
  
- Finally – may you describe yourself in three words?

## Intervjuguide – frivillige

### Bakgrunn

#### Deg:

- Kva land kjem du frå?
- Kor gamal er du? (18-21) (22-25) (25 +)?
- Høgste fullførte utdanningsnivå? (ungdomsskule, folkehøgskule, vidaregåande, høgskule?)

#### Reisa:

- Første gong i Nepal?
- Kor lenge skal du vere i Nepal?
- Reiser du aleine eller i gruppe?
- Reiser gjennom organisasjon/reisebyrå?
- Er Nepal eit av fleire land du besøkjer på denne reisa?

### Førestillingar/realitet

- Korleis hadde du sett føre deg opphaldet før du reiste?
- Har forventningane innfridd?
  - Kva har vore slikt du såg føre deg?
  - Kva har vore annleis?
- Er du nøgd med reisebyrå/organisasjonen du reiser gjennom?
  - Var du med på eit introduksjonsprogram?
  - Følte du deg godt førebudd?
- Korleis vurderer du butilhøva/fasilitetane der du bur?

### Motivasjonsfaktorar

- Kvifor ville du arbeide som frivillig?
  - Kvifor valte du dette prosjektet (undervise i skule)?
  - Har du tidlegare erfaringar med å undervise?
- Kjenner du andre som har jobba som frivillig i utlandet?
- Korleis har du finansiert reisa?
  - Har du måtte arbeide /spare pengar for å dekke utgiftene?
- Kvifor valte du å reise til Kathmandu/Nepal?
- Kva hadde du gjort dersom du ikkje arbeidde som frivillig no?

### Kulturmøtet

- Har du blitt kjend med nye folk?
  - Andre frivillige, turistar eller lokalbefolking?
  - Kven vil du halde kontakt med?
- Korleis opplev du nepalarar?
- Korleis trur du nepalarar opplev deg og andre volontørar?

### Erfaringar frå klasserommet

- Kva oppgåver har du fått?
- I kva grad ser du arbeidet du gjer som viktig for lokalsamfunnet?
  - Opplev du det givande å arbeide som frivillig?
- Korleis opplev du kommunikasjonen? Engelsknivået?
- Korleis har du blitt møtt av elevar/lærarar?
- Er det travelt eller tykkjer du det er lite å gjere?

### *Jordskjelvet*

- På kva måte kan du merke at Nepal nyleg har vore gjennom ei humanitær krise?
  - Korleis innverka jordskjelvet/skjelva i vår planlegginga av reisa di?

### *Turismdimensjonen*

- Har du planlagt organiserte turar/utflukter i Nepal? (td. hiking, nasjonalparkar osv..)
- I kva grad er aktivitetane utanom det frivillige arbeidet viktig for opphaldet?
- Kva visste du om Nepal frå før?
- Har du reist mykje før?
- Vil du anbefale andre å arbeide som frivillig i Nepal? Kvifor?
  
- Kva tenkjer du at dette betyr vidare i livet ditt?
- Kva tenkjer du arbeidet ditt har/har hatt å seie for barna du har undervist?
  
- Heilt til slutt – kan du beskrive deg sjølv med tre ord?

**Vedlegg 3: Førespurnad om deltaking i studien**

**Requests to participate in the research project «Volunteering in schools in Kathmandu – motivations and experiences»**

In this master project I research the main motivation and experiences for volunteers. This is part of a Master's program at Bergen University College (Høgskolen i Bergen). The responsible research student is me, in collaboration with my supervisor.

The participants selected for this study are volunteers teaching in schools in Kathmandu from 16th of September to the 16th of November. As a participant, you may take part in interviews, group interviews and observation. Interviews will be recorded according to individual consent. Participation is voluntary and you may withdraw your consent to participate at any time without giving any explanation.

All the information will be stored confidentially, and I guarantee complete anonymity. Only I will have access to the data. Audio recordings will be stored in a secure manner and deleted by the end of the project in the beginning of June 2016.

If you have any questions, please contact me on email: [brita.kirkeeide@gmail.com](mailto:brita.kirkeeide@gmail.com). In the period from 16th of September to the 16th of November, please call me on my Nepalese number. In Kathmandu, I will stay at Norwegian House in Jawalakhel, Lalitpur. You can also contact my supervisor Vibeke Vågenes, at Bergen University College: [vibeke.vogenes@hib.no](mailto:vibeke.vogenes@hib.no).

This project is reported to the Data Protection Official for Research, Norwegian Social Science Data Service (NSD).

Sincerely,  
Brita Jordanger Kirkeeide

## Consent for participation in the study

I have received information about this study, and I am willing to participate.

I agree to attend interviews

I agree to the observation in teaching situation

---

Place and date

---

Signature

## Førespurnad om deltaking i forskingsprosjektet «Frivillig arbeid i skular i Kathmandu – motivasjonar og erfaringar»

Føremålet med denne studien er å sjå nærare på frivillig arbeid, og undersøkje motivasjonar og erfaringar ein gjer seg som frivillig. Dette er eit mastergradstudium ved Høgskulen i Bergen, og vert gjennomført av underteikna i samråd med rettleiar.

Eg er interessert i å kome i kontakt med frivillige som underviser i skular i Nepal i tidsrommet 16.09 – 16.11.2015. Som deltar vil du kunne vere med på intervju, gruppeintervju og observasjon. Etter individuelt samtykke vil intervju bli tatt lydoptak av. Deltaking i studien er frivillig, og du kan på kva tidspunkt som helst trekkje deg utan å oppgi nokon grunn.

All informasjon vil bli handsama konfidensielt, og eg garanterer full anonymitet. Det er berre eg som vil ha tilgang til datamaterialet. Lydoptak vil bli lagra på ein sikker måte, og sletta ved prosjekts slutt. Prosjektet skal etter planen avsluttast i starten av juni 2016.

Dersom du har spørsmål angående studien, kontakt meg på e-post:  
[brita.kirkeeide@gmail.com](mailto:brita.kirkeeide@gmail.com), eller mob: 0047 – 95150471. I tidsrommet 16.09. - 16.11.2015 kan du nå meg på mitt nepalske nummer. I Kathmandu bur eg i gjestehuset Norwegian House i Jawalakhel, Lalitpur. Du kan også kontakte rettleiaren min ved Høgskulen i Bergen, Vibeke Vågenes på e-post: [vibeke.vagenes@hib.no](mailto:vibeke.vagenes@hib.no).

Studien er meldt til Personvernombodet for forsking, Norsk samfunnsvitskapeleg datateneste (NSD).

Helsing  
Brita Jordanger Kirkeeide

## Samtykke til deltaking i studien

Eg har mottatt informasjon om studien, og ynsker å delta

Eg samtykker til å delta på intervju

Eg samtykker til observasjon i undervisningssituasjon

---

Stad og dato

Signatur

**Vedlegg 4: Letter of recommendation**



HØGSKOLEN  
I BERGEN

BERGEN UNIVERSITY COLLEGE

Bergen, 11.09.2015

**Letter of recommendation**

To whom it may concern.

This letter is to confirm that **Ms. Brita Jordanger Kirkeeide** is student at Bergen University College / Høgskolen i Bergen, Faculty of Education, Bergen, Norway.

Brita is a student in her second year in the Master of Social Science Education, Faculty of Education, Bergen University College. She is already a qualified teacher for Primary and Secondary schools, with a specialty in Social Sciences.

For her Master's thesis, Brita is studying volunteers in Nepal. She is in particular interested in their motivations for travelling and their experience during their period in Nepal.

It is my sincere hope that Brita Jordanger Kirkeeide will receive a warm welcome.

Yours sincerely

Vibeke Vågenes

Supervisor

Associate Professor, PhD

[vvag@hib.no](mailto:vvag@hib.no)

## Vedlegg 5: NSD – godkjent meldeskjema

**Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS**  
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Vibeke Vågenes  
Senter for utdanningsforskning Høgskolen i Bergen  
Landåssvingen 15  
5096 BERGEN

Vår dato: 31.08.2015

Vår ref: 44228 / 3 / KH

Deres dato:

Deres ref:

Harald Hårlagets gate 29  
N-5007 Bergen  
Norway  
Tel: +47 55 58 21 17  
Fax: +47 55 58 96 50  
nsd@nsd.uib.no  
www.nsd.uib.no  
Org nr: 985 321 884

### TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 17.08.2015. Meldingen gjelder prosjektet:

44228	<i>Motivasjonskrefter og drivkrefter for frivillig arbeid i Kathmandu, Nepal. Volontørturisme?</i>
<i>Behandlingsansvarlig</i>	<i>Høgskolen i Bergen, ved institusjonens øverste leder</i>
<i>Daglig ansvarlig</i>	<i>Vibeke Vågenes</i>
<i>Student</i>	<i>Brita Kirkeeide</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 01.06.2016, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Katrine Utaaker Segadal

Kjersti Haugstvedt

Kontaktperson: Kjersti Haugstvedt tlf: 55 58 29 53

Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.

Avtelingskontorer / District Offices

OSLO NSD, Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel. +47-22 85 52 11 nsd@uio.no  
TRONDHEIM NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel. +47-73 59 19 07 kyte.svarva@svt.ntnu.no  
TROMSØ NSD SVT, Universitet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel. +47-77 64 43 36 nsdm@thv.uio.no